Voss herad

KULTURMILJØPLAN 2022-2032

KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE, KULTURMILJØ OG LANDSKAP I VOSS HERAD

PlanID: 2020005
Vedtatt i Utval for kultur og næring: 09.03.2022
Vedtatt i Heradstyret: 17.03.2022

Forsidefoto: Voss mylna, Anja Ø. Ryen

Voss herad

KULTURMILJØPLAN

KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE, KULTURMILJØ OG LANDSKAP I VOSS HERAD

Arbeidsgruppa for planarbeidet har bestått av:

Trude Letnes:	*Voss herad, Kommunalsjef kultur- og fritid*
Anne Arneberg:	*Voss herad, prosjektleiar*
Silje Solstad:	*Voss herad, kultur*
Signe Stoll:	*Voss herad, planavdelinga*
Styrkaar Ringheim-Hustveit:	*Voss herad, prosjektavdelinga*
Kari Mostad:	*Voss herad, næringsavdelinga*
Anja Øren Ryen:	*Feste NordØst as, arealplanlegger/kulturminneforvaltar*
Helge Bakke:	*Feste NordØst as, landskapsarkitekt*

Plandokumentet er utarbeidd av:
Feste NordØst as
Landskapsarkitekter mnla

FESTE
LANDSKAP · ARKITEKTUR

Føreord

Kulturheradet Voss har fått sin eigen kulturmiljøplan. Det skulle berre mangla i eit herad som har eit stort mangfald av kulturminne, kulturmiljø og historiske landskap. I eit heradet med ein kulturpuls som få andre kan måla seg med. I eit herad der interessa for og haldningane til kultur er både mange og sterke.

Det me no har fått gjennom kulturmiljøplanen, er ein ny plan som legg grunnlaget for det vidare arbeidet med kulturmiljøet, der me kan skapa identitet, eigarskap og forståing knytt til historia vår. I det ljoset er planen eit særs godt utgangspunkt for å kunne formidla historiske verdiar.

Ein av styrkane til Voss i moderne tid, er nettopp stoltheita og sjølvkjensla til det som har vore. For ibuarane på Voss er røtene viktige. Me er stolte over historia og over dei som har gått føre. Denne stoltheita og identiteten skal me ta med oss som ein viktig del i forminga av framtida. Slik skal Voss henga i hop, før og no, røter og vengjer, det som var og det som skal koma!

Me vil takka alle dei som har skrive tekstar for oss og alle dei som har lese, gjeve innspel og som har stilt opp med historier og synfaringar. Ein særleg takk går til Svein Ulvund for utlån av bilete.

God lesnad!

Hans-Erik Ringkjøb
Ordførar Voss herad

Innhald

1. Dei verdifulle kulturminna 7
1.1. Innleiing 7
1.2. Kulturmiljø – del av klima- og miljøpolitikken 8
1.3. Kulturmiljøa er verdiar 9
1.4. Kulturminne og kulturmiljø i samfunnsutviklinga 10
1.5. Voss herad sine mål for kulturmiljøpolitikken 10

2. Bakgrunn og formål 11
2.1. Bakgrunn 11
2.2. Plantype 11
2.3. Planarbeidets formål 11
2.4. Oppbygging av planen 12
2.5. Verdsetting og utval 12
2.6. Kriterium for verdivurdering 13

3. Kulturmiljøvern 14
3.1. Viktige omgrep 14
3.2. Ansvarsfordeling i kulturminnevernet 15
3.3. Lovverk 15
3.4. Stortingsmeldingar og planverk 16
3.5. Økonomiske støtteordningar 17
3.6. Formidling og tilrettelegging 18

4. Immateriell Kulturarv 19
– den handlingsborne kunnskapen 19
4.1. Utvalde område 19

5. Eldre tids kulturminne 29
5.1. Utvalde kulturmiljø 29

6. Landbrukets kulturminne 39
6.1. Utvalde kulturmiljø 39

7. Samferdsle 59
7.1. Utvalde kulturmiljø 59

8. Vossavangen 77
8.1. Utvalde kulturmiljø 77

9. Bygningar og bygningsmiljø 83
9.1. Utvalde kulturmiljø 83

10. Skular og offentleg verksemd 99
10.1. Utvalde kulturmiljø 99

11. Tekniske og industrielle kulturminne 111
11.1. Utvalde kulturmiljø 111

12. Reiseliv og friluftsliv 125
12.1. Utvalde kulturmiljø 125

13. Vestnorsk fjordlandskap, Verdsarv 133
13.1. Utvalde kulturmiljø 133

14. Forsvar og krigsminne 137
14.1. Utvalde kulturmiljø 137

15. Temakart med alle kulturminne, kulturmiljø og landskap som er omhandla i kulturmiljøplanen 147

16. Føresegner og retningslinjer 148
16.1. Generelle føresegner (pbl § 11-9) 148
16.2. Retningslinjer 148

17. Handlingsprogram 149

18. Litteraturliste 150

1. Dei verdifulle kulturminna

1.1. Innleiing

Eit hus, ei øks, ein mynt eller ei bru, alt som menneske har laga, er kulturminne. Kulturminna kan også vera avtrykk i naturen som ein sti, ein åker, eller ein stein det knyter seg ei historie til. Spora treng ikkje vera gamle for å fortelja ei historie. Kulturminne i vår tid ber og i seg viktige historiske forteljingar. Alt saman er knytt til menneskeleg aktivitet.

Kvar dag forsvinn kulturminne. Dei vert kasta, brent eller erstatta av ny teknologi. Også klimaendringane medfører tap av- og skade på kulturmiljø, og er årsak til at kulturmiljø forsvinn i stadig aukande tempo.

Kulturminna er ikkje-fornybare kjelder til kunnskap og oppleving i dag og for komande generasjonar. Leivningar frå fortida er med på å skapa undring og hjelper oss å forstå historia vår. Kulturminna er arven frå fortida, og knyter band mellom oss og forfedrane våre.

Kulturmiljø er grunnlag for identitet vår, og er med på å gjera ein stad eller ein by interessant. Å ta vare på særpreget og utvikla det vidare i respekt for verdiane dei representerer, er viktig for å kunna ta vare på og styrka identiteten til ein stad. I dette arbeidet må me vere medvitne om kva me ynskjer å ta vere på, og kva me kan utvikla vidare.



Figur 1.1: *Finneloftet har stått på same stad sidan rundt 1295. Omgivnadene har endra seg, med bygningen er stadig like flott. Han vert framleis brukt som samlingsstad og festlokale. Foto: Anja Ø. Ryen*

1.2. Kulturmiljø – del av klima- og miljøpolitikken

Kulturmiljøplanen kviler på ansvaret me har i høve alle FN sine berekraftmål, men delmål 11.4 ligg direkte til grunn for dette planarbeidet:

Styrke innsatsen for å verne og sikre verdens kultur- og naturarv.

Norge ratifiserte Parisavtala 22. april 2016. Dette forpliktar Norge til å støtta opp under dei 17 berekraftsmåla som er ein del av avtala. Kulturmiljøpolitikken skal på alle forvaltingsnivå vera ein ressurs inn mot dei store samfunnsutfordringane i vår tid. I Voss herad vil kulturmiljøpolitikken sest i dette perspektivet og koplast på klimaplanarbeidet i Vossaklima 2030.

Omgrepet *kulturmiljø* vart innført i Stortingsmelding 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken* for å synleggjera heilskap og samanhengen med klima- og miljøpolitikken. Kulturmiljøpolitikk og kulturmiljøforvalting vert nytta som samleomgrepet for kulturminne, kulturmiljø og landskap.

Riksantikvaren presenterte i 2021 Klimastrategi for kulturmiljøforvaltinga 2021-2030. Klimastrategien er todelt og peiker på mål og strategiar knytt både til konsekvensane av klimaendringane for kulturmiljøet, og kulturmiljøet sitt bidrag til reduksjon av klimagassutslepp. Dette perspektiva er viktige for å redusera risikoen knytt til eit klima i endring. Strategien har tre overordna mål; berekraftig arealforvalting særleg knytt til by og tettstadar, sirkulærøkonomi knytt til rehabilitering og bruk av eksisterande bygningsmasse og energieffektivisering som sikrar kulturhistorisk verdi. Med slagordet «Klima i alt me gjer» er klima- og berekraftmåla førande for Voss herad sitt kulturmiljøarbeid.

Figur 1.2: *Kongevegen er ei oppleving forbi Gjøstein. Vegen er sett i stand, og det er i dag ei oppleving å gå her.*
Foto: Anja Ø. Ryen

1.3. Kulturmiljøa er verdiar

Kulturmiljøet omgjev oss og syner utviklinga til dagens samfunn. Landskapet rundt oss rommar kunnskap om levde liv, ulike kulturar og ulike måtar å utnytta ressursane på. Mennesket har gjennom alle tider levd i det same landskapet, men på ulike måtar. Kulturminne frå fjern og nær historie kan vera ei kjelde til kunnskap og opplevingar.

Eit kulturminne som vert borte, eller vert øydelagt, kan nokre gonger kopierast, men aldri erstattast. Difor er det viktig å vera bevisst når det gjeld kva for kulturminne som er spesielt viktige for samfunnet, slik at desse kan takast vare på for framtida.

Lov om kulturminne (§2) gir denne definisjonen på kulturminne:
«Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.»

Materielle og immaterielle kulturminne
Der er vanleg å dela kulturminne i to hovudkategoriar: materielle og immaterielle. *Materielle kulturminne* er konkrete fysiske objekt, som til dømes bygningar, gravhaugar, bruer, buplassar og gjenstandar. *Immaterielle kulturminne* er alle former for munnlege og skrivne overleveringar. Lokale tradisjonar, segn, myter, historier, stadnamn, musikk og handverkstradisjonar er eksempel på immaterielle kulturminne.

Figur 1.3: *Kulturmiljøa i Voss herad er varierte og samansette. Frå fjord til fjell. Dette bilete er frå skiferuttaket på Norheim. Skifer frå Voss ligg på mange tak i heile regionen. Foto: Anja Ø. Ryen*

1.4. Kulturminne og kulturmiljø i samfunnsutviklinga

Voss herad er ei stolt idretts- og kulturbygd. Omdømme og identiteten til Voss er knytt til dette. Voss er òg ein av dei distriktskommunane som veks i folketal, der samfunnsendringane er store og presset på dei ubygde omgjevnadane aukar. Samtidig er Voss ei stor jordbruksbygd som er prega av strukturendringane i landbruket elles. Alt dette legg press på kulturmiljøet.

Kulturminna er ein ressurs i samfunnsutviklinga, og ligg til grunn for miljømessig, sosial og økonomisk berekraft i kommunane. Kulturmiljøplanar er gode styringsverktøy for kommunane, og kan leggja grunnlaget for stadutvikling, næringsutvikling og styrking av lokal identitet. Riksantikvaren held i sin klimastrategi fram at kulturmiljøforvaltinga er ein del av løysinga på klimautfordringane. Gjenbruk, rehabilitering og jamleg vedlikehald av bygningar gjev reduserte klimagassutslepp og langt mindre avfall enn ved nybygg. Det viser seg at det tek lang tid før klimaregnskapet er i balanse dersom me riv eksisterande bygningar for å erstatta med nye. Derimot skal det ofte relativt små tiltak til for å gjera det gamle huset mindre energikrevjande. Det er difor god grunn til å seia at det grønaste huset er det som allereie er bygd. Tiltak som forlenger levetida til bygg, er viktige i ein sirkulær økonomi. Kulturmiljøforvalting byggjer i seg sjølv på sirkulærøkonomiske prinsipp. Jamleg vedlikehald, god handverkskompetanse, erfaringsbasert- og tradisjonsboren kunnskap og bruk av material med høg kvalitet, gjer at bygningar og kulturmiljø kan nyttast lenge. Innovasjon og teknologisk utvikling må sjåast i samanheng med tradisjonelle løysningar.

Ei av oppgåvene til kommunen er arealplanlegging, og her må kulturmiljøinteressene samordnast og synleggjerast på lik linje med andre sektorar og interesser. Kommunane må òg vera medvitne om rolla som saksbehandlar og vedtaksmynde etter plan- og bygningslova. Denne rolla krev kunnskap og oppdaterte planar for å sikra omsynet til kulturmiljøet.

1.5. Voss herad sine mål for kulturmiljøpolitikken

Kulturmiljø er spor etter menneske og vår felles hukommelse, og dannar grunnlag for kunnskap, opplevingar og bruk.

Voss herad sine mål med kulturmiljøpolitikken er:

1. Gjennom samarbeid med eigarane, sikra verdfulle kulturminne, kulturmiljø og landskap for framtida.
2. Sjå kulturminne, kulturmiljø og landskap som ein ressurs i ei berekraftig samfunnsutvikling.
3. Auka medvitet blant innbyggjarar og særleg barn og unge, om kulturmiljø som identitetsskapar og grunnlag for opplevingar og bulyst.
4. Vern gjennom bruk er eit førande prinsipp som skal
   - sikrast gjennom engasjement for kulturmiljøet.
   - inngå i reiselivet og anna næringsverksemd på ein gjensidig respektfull måte.
5. Styrke kompetansen til å kunne ta vare på kulturmiljø i eit klima i endring.

Voss herad sine økonomiske støtteordningar skal støtte opp under desse måla.

2. BAKGRUNN OG FORMÅL

2.1. Bakgrunn

1. januar 2020 slo Granvin herad og Voss kommune seg saman til Voss herad. Granvin herad vedtok kulturminneplanen sin i 2016. Voss kommune sin plan gjekk fram til 2007, men det låg føre vedtak frå Voss kommune om revisjon frå 2017. Rullering av planen ligg også i planstrategien til Voss herad som gjeld for 2020–2023.

2.2. Plantype

Kommunedelplan for kulturminne, kulturmiljø og landskap, omtala som kulturmiljøplanen, er heimla i plan- og bygningslova. Jamfør § 11-1 kan det utarbeidast kommunedelplanar for bestemte tema, geografiske område eller verksemdsområde. Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø er ein tematisk plan, og er knytt til eit geografisk område. Planen tek vare på kommunale, regionale og nasjonale interesser og mål for kulturmiljøforvaltinga. Ved utarbeiding av kommunedelplanar gjeld dei utredningskrava og prosessreglane som er fastsette i plan- og bygningslova.

Kommunedelplanen for kulturminne, kulturmiljø og landskap inneheld eit juridisk bindande plankart med omsynssoner for kulturminne og kulturmiljø, føresegner og retningslinjer, handlingsplan for kulturminne og kulturmiljø. Denne rapporten lyfter fram dei utvalde kulturminna. Kulturmiljøplanen er juridisk bindande og retningsgjevande for seinare planarbeid på alle nivå i kommunen, for offentleg og privat reguleringsplanarbeid, og for behandling av byggjesaker.

2.3. Planarbeidets formål

I St.meld. nr. 16, *Nye mål i kulturmiljøpolitikken,* presenterer Klima- og miljødepartementets nye nasjonale mål for forvalting av kulturmiljø, forståtte som kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø. Måla er at:

- Alle skal ha moglegheit til å engasjera seg og ta ansvar for kulturmiljø.
- Kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging.
- Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

I innleiinga til kommuneplanen sin samfunnsdel skriv rådmannen:

> *Utanfor Voss er det særleg to ting Voss er kjent for: Det tradisjonsrike, særnorske og nasjonalromantiske, og det ekstreme, ville og nye. I spennet mellom det trygge og det galne ville me vera betre rusta enn dei fleste til å kopla historia med framtida, tenkja globalt, handla lokalt og skapa det nye berekraftige.*

For å kunna kopla historia med framtida må me kjenna historia og gjera medvetne val. **Hovudføremålet** med denne kulturmiljøplanen er å forma lokale mål for kulturmiljøpolitikken, og auka kunnskapen om lokale kulturminne, kulturmiljø og landskap for å kunna byggja opp under dei nasjonale, regionale og lokale måla. Planen skal gje eit godt grunnlag for ei heilskapleg framtidig kulturmiljøforvalting, og synleggjera koplinga mellom kulturmiljø og klima- og miljøpolitikken elles.

Ein kulturmiljøplan har også ein verdi som reiskap for å formidla den økonomiske og kulturelle verdien av kulturminne, og auka kunnskapen om historie og utvikling.

2.4. Oppbygging av planen

Kulturmiljøplanen har fått ei tematisk inndeling (ikkje geografisk). Dette skuldast i hovudsak at kulturminna vert kategorisert på denne måten i kulturminneforvaltinga, på regionalt og nasjonalt nivå.

I arbeidet med kulturmiljøplanen har det kome inn store mengder innspel, skriftleg, gjennom folkemøte og i samtalar med ressurspersonar. Alt materiale vert teke vare på i kommunen sitt arkiv. I sjølve planen er det eit utval som er teke med. Utvalet er gjort ut frå dialog i arbeidsgruppa, metodar omtala i kapittel 2.6 og i tråd med dei temaområda/kapitla som planen omfattar.
Materialet er sorter i ti hovudtema. Under kvart tema er det gjort eit utval av kulturminne som det er ønskjeleg å framheva. Det er òg laga eit handlingsprogram der kulturminne, områder og tema er løfta fram. Planen skal vera eit levande dokument som skal reviderast og haldast oppdatert.

Planen inneheld òg kapittel med generell kunnskap om korleis me kan ta vare på kulturminne, og om moglege tilskotsordningar for dei som eig kulturminne.

Kulturmiljøplanen er fyrst og fremst bygd opp på bakgrunn av tilgjengeleg historiske materiale. Kunnskapen er henta frå lokalhistoriske bøker, utgreiingar og artiklar utan at det er direkte tilvisingar i teksten. Kjeldene er referert i litteraturliste bakerst i planen.

2.5. Verdsetting og utval

Verdsetting av kulturminne kan vera vanskeleg. Riksantikvaren deler kulturminne inn i tre verdinivå; nasjonal, regional og lokal verdi. Dei mest verneverdige kulturminna har nasjonal verdi. Desse er fyrst og fremst freda etter kulturminnelova. Kulturminne og kulturmiljø av regional og lokal verdi vert sikra gjennom plan- og bygningslova. Det vert lagt ulike kriteria til grunn for ulike kulturminne og kulturmiljø (sjå 2.6) I tillegg til den formelt freda og verna kulturarven, har me alt det som vert teke vare på og oppfatta som verneverdig av eigarar og brukarar.

Figur 2.1: *Erikstova ved Jaunsen hotell i Granvin er nyleg sett i stand. Etter fleire år i forfall, og utan bruk, har stova no fått eit nytt liv som del av hotelldrifta.*
Foto: Anja Ø. Ryen, juni 2020

I Voss finns kulturminne som har lokal og regional, men også nasjonal verdi. Med utgangspunkt i at kulturminne er alle spor etter menneskeleg verksemd, seier det seg sjølv at alt ikkje kan takast vare på, og at me må gjera eit utval. Denne planen prøver å peike på særleg viktige kulturminne, men det betyr ikkje at alle verneverdige og viktige kulturminne har kome med. I tillegg til at mange minne framleis ikkje er registrerte, har me gjennom planprosessen gjort eit utval. Planen må difor først og fremst betraktast som ei byrjing på eit langsiktig, strategisk arbeid med kulturminne. Kulturminna som vert lyfta fram er i stor grad henta frå tidlegare registreringar og evalueringar. I tillegg har heradet sine innbyggjarar og andre ressurspersonar kome med viktige innspel og kunnskap, gjennom ressursgruppe, folkemøte og samtalar.

2.6. Kriterium for verdivurdering

Identitet. Har kulturminne eit potensiale til å vera ein identitetsskapar?

Symbolverdi. Eit kulturminne som er knytt til ei hending, ein person eller ein stad, er viktig å ta vare på fordi det kan symbolisera nasjonen eller staden. Til dømes kan Eidsvollsbygningen symbolisera nasjonen.

Historisk kjeldeverdi. Kulturminna er viktige kjelder til fortida. Kunnskap om korleis folk levde og tenkte før, bør vera så allsidig som mogleg.

Representativitet. Det er verken mogleg eller ønskjeleg å ta vare på alle kulturminna. Utvalet må vera representativt for ulike tidsepokar og sosiale grupper.

Miljøverdi, variasjon og homogenitet. Eit miljø som har tydelege spor etter samanhengande bruk bakover i tid har ofte ei stor variasjonsbreidd. Andre miljø som har kome til over kort tid, eller etter heilskapleg planlegging er gjerne homogene. Begge typar er spesielt sårbare. Dersom det vert planlagt tiltak i slike miljø, må dei vurderast nøye. Samanhengar mellom kulturminne gjev større verdi og meir kunnskap og oppleving enn det enkelte element.

Estetisk verdi. Estetiske opplevingar har alltid ein verdi i seg sjølv. Mange kulturminne, både materielle og immaterielle, vert opplevd som vakre. Spesielt viktig er samspelet mellom enkeltobjekt og omgjevnadene. For eksempel eit steingjerde i eit åkerlandskap, eit gamalt fjøs på eit godt bevart gardstun osv.

Kvalitet. Mange kulturminne representerer høg kvalitet i råstoff og materiale, handverk og utforming.

Bruksverdi. Mange kulturminne har stor bruksverdi, anten i opphaveleg utforming, eller med visse endringar og tilpassingar.

Fysisk tilstand. Der me har valet mellom å ta vare på to likeverdige objekt eller miljø, vil det vera rimeleg å velja det som har best fysisk tilstand.

Pedagogisk verdi. Alle kulturminne fortel om fortida, og dei har historisk kjeldeverdi. Å gå i det same miljøet og oppleva spora etter menneske, som gjenstandar, bygningar, musikk, barneleiker og liknande, gjev større forståing av fortida enn berre å lesa om ho.

Autentisitetsverdi. Det er få kulturminne som har forma og funksjonen sin uendra. Det er difor grunn til å sikra desse. Dei representerer ein spesiell kjeldeverdi frå tida dei er laga.

Alder. Det blir færre kulturminne dess lengre bakover i tid me går, difor er det spesielt viktig å verna om dei kulturminna med høg alder.

Ein generell regel er at kvart enkelt kulturminne må vurderast både ut frå seg sjølv og i samanheng.

3. KULTURMILJØVERN

3.1. VIKTIGE OMGREP

Arkeologisk kulturminne: Fysiske spor etter menneskeleg verksemd der utgraving og dokumentasjon i hovudsak utgjer kunnskapskjelda.

Automatisk freda: Automatisk freda inneber at gitte typar kulturminne er freda direkte i medhald av kulturminnelova §4 (1978). Alle kulturminna frå før 1537, stående byggverk frå perioden 1537-1649, og samiske kulturminne eldre enn 1917, er automatisk freda. Automatisk freda kulturminne har ei sikringssone på fem meter rundt det freda objektet. Alle inngrep i automatisk freda kulturminne er forbode.

Freda kulturminne: Freding er lova si strengaste form for vern. Eit freda kulturminne er vurdert å vera av nasjonal eller vesentleg regional verdi, og er freda etter kulturminnelova. Alle endringar som går ut over vanleg vedlikehald er forbode.

Fredingsverdig kulturminne: Kulturminnet er av nasjonal verdi, og kan vurderast freda etter kulturminnelova.

Kulturlandskap: Eit landskap som er forma av menneskjer sitt liv og virke opp gjennom tidene.

Kulturmiljø: Område kor kulturminne inngår i ein større heilskap eller samanheng. Omgrepet vert også nytta som samleomgrep for kulturminne, kulturmiljø og landskap.

Kulturminne: Spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet vårt. For eksempel lokalitetar som heng saman med historiske hendingar, tru eller tradisjon.

Listeført kyrkje: Alle kyrkjer bygd mellom 1650 og 1850 er listeførte. I tillegg er ei rekke kyrkjer bygd etter 1850 òg listeførte. At ei kyrkje er listeført, inneber at ho er definert som verneverdig, og har nasjonal verdi. Listeføringa inneber at alle saker som gjeld endringar, istandsetting og vedlikehald, skal sendast til Riksantikvaren for fagleg uttale. Det er likevel biskopen som gjev endeleg vedtak etter kyrkjelova.

Lause og faste kulturminne: Me skil mellom faste og lause kulturminne. Faste kulturminne er stadbundne, som til dømes bygningar, buplassar, gravhaugar, kokegroper, stolpehol med vidare. Lause kulturminne er alle typar gjenstandar som er lausrive frå ein fast kontekst, til dømes gjenstandar som er funne ved ei arkeologisk utgraving.

Mellombels freding av enkeltobjekt og område rundt desse, kan vedtakast om eit kulturminne er trua, eller om ein vil evaluera kulturminnet med tanke på permanent freding. Slike vedtak kan opphevast dersom kulturminnet ikkje lenger er trua, eller kulturminnemyndigheita ikkje vil følgja opp saka med permanent freding. Om det vert teke sikte på permanent freding, vil vedtaket om midlertidig freding verta stående til nytt vedtak om permanent freding er fatta. Midlertidige freda kulturminne vert forvalta etter kulturminnelova på same måte som vedtaksfreda kulturminne. Dette vil seia at alle endringstiltak skal godkjennast av kulturminnemyndigheita.

Regulert til bevaring: Kulturminnet er verna gjennom regulering. I planar utarbeidd etter plan- og bygningsloven av 1985, er dei regulert til spesialområde bevaring. I planar etter plan- og bygningsloven av 2008, er dei regulert med omsynssone kulturminne.

SEFRAK-registeret: SEFRAK-registreringane (Sekretariatet for Registrering av Faste Kulturminne i Norge) vart utført i heile landet i perioden 1975–1995 av bygningar eldre enn 1900. Registreringane inneber ingen form for vern.

Verneverdig/bevaringsverdig: Omgrepa verneverdig/ bevaringsverdig har ikkje juridisk innhald. Dei vert nytta for å skildra verdien av eit kulturminne for ein enkeltperson eller ei gruppe.

3.2. Ansvarsfordeling i kulturminnevernet

Mynde og forvaltingsansvar i kulturminnevernet er fordelt mellom staten, fylkeskommunen, Sametinget og kommunane. Riksantikvaren er utøvande faginstans for Klima- og miljødepartementet, medan fylkeskommunen/Sametinget, som regionalt forvaltingsorgan, har fått delegert mynde gjennom Riksantikvaren. Ansvarsfordelinga i den offentlege kulturminneforvaltinga er nærare skildra i Forskrift om fagleg ansvarsfordeling etter kulturminnelova.

Klima- og miljødepartementet er kulturminneforvaltinga sitt øvste organ med hovudansvar for å utforma og følga opp nasjonal kulturminnepolitikk. Departementet tek dei endelege avgjerdene i plansaker når det ligg føre motsegn, og har mynde etter kulturminnelova til å gjera endringar i kommuneplanens arealdel dersom nasjonale kulturminneinteresser er sett til side.

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvalting under Klima- og miljødepartementet med ansvar for gjennomføring av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren kan fremja motsegn ved trussel mot kulturminne av nasjonal interesse. Regional kulturminneforvalting varslar Riksantikvaren og kjem eventuelt med motsegn dersom eit planforslag truar nasjonale kulturminneinteresse.

Regional kulturminneforvalting. Vestland fylkeskommune er regional kulturminneforvaltingsorgan for Voss. Dei har delegert mynde etter kulturminnelova. Dei har forvaltingsmynde for dei automatisk freda kulturminna, medan Riksantikvaren har det overordna ansvaret. Fylkeskommunen og Sametinget rettleier i kommunane sine planprosessar, gjennom fagleg rådgjeving og formidling av nasjonale og regionale mål og retningsliner.

Kommunen er planmynde og har i utgangspunktet vedtaksmynde over eigne areal. Kommunen har ansvar for at bevaring av kulturminne og kulturmiljø inngår i arealplanlegginga på ein slik måte at nasjonale, regionale og lokale kulturminneinteresser vert tryggja. Plan- og bygningslova er eit sterkt verkemiddel som kommunen kan nytta til å regulera areal der kulturminne og kulturmiljø inngår med føresegner om vern. Soner som vert regulert til bevaring, vert markerte i arealplanar.

3.3. Lovverk

Det er i hovudsak to lover som gjev beskyttelse av kulturminne: kulturminnelova og plan- og bygningslova. Kulturminnelova er ei særlov, og gjeld framfor plan- og bygningslova. Kulturminnelova er forvalta av Riksantikvaren på nasjonalt nivå, og av fylkeskommune, Sameting, arkeologiske landsdelsmusé og sjøfartsmusé på regionalt nivå. Det finns eigne forskrifter som skisserer ansvar og mynde til kvar av desse instansane.

Lov om kulturminne av 1978 (kulturminnelova) omfattar kulturminne av nasjonal interesse. Loven definerer kva kulturminne som er automatisk freda, fastslår reglar for freding etter enkeltvedtak, og regulerer eigedomsrett til lause kulturminne. Loven vert handheva av Riksantikvaren og fylkeskommunen etter delegert mynde.

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) av 2008 er det viktigaste kommunale verkemiddelet for bevaring av kulturminne og kulturmiljø. Her kan kommunen sikra bevaringsverdige bygningar og gje tilstrekkeleg vern, både i samanheng med arealplan og i enkeltsaker. I arealplanar er kulturminne sikra med omsynssoner med tilhøyrande føresegner. Kommunen har òg heimel til å gje pålegg om utbetring av eksisterande bygningar, viss betringane av byggverket sin funksjon aukar bevaringsverdien.

3.4. Stortingsmeldingar og planverk

Det finns meldingar og planverk for kulturminnefeltet på alle forvaltingsnivå. Desse skal sikra langsiktig, føreseieleg og heilskapleg tenking på kulturminnefeltet og definerer strategiar, målsettingar og tiltak for dette. Gjeldande statlege føringar er skissert i Stortingsmelding nr. 16 (2019–2020) «Leve med kulturminner. Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, berekraft og mangfald».

1.1.2020 slo Hordaland og Sogn og fjordane seg saman til **Vestland fylkeskommune**. Begge dei gamle fylkeskommunane hadde kulturplanar. Desse planane og strategiane gjeld i det geografiske området dei er vedtekne i, fram til ny regional plan for kultur i Vestland er vedteke.

I Hordaland fylke sin kulturplan finns ni særskilte mål for arbeidet med kulturminnevern og museum:

1. Styrka dokumentasjon for auka kunnskap om kulturminne og samanhengen dei er del av.
2. Museumsløftet skal styrka musea og vidareutvikla gjeldande satsingar. Musea skal utviklast som sterke kunnskapssentrum og organisasjonar, og vera profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.
3. Kulturminne og kulturlandskap som ressurs til kunnskap, opplevingar og bruk, skal lyftast fram.
4. Kulturminnekategoriar der Hordaland merkar seg ut, skal få særskild merksemd i planperioden.
5. Forvaltinga av verdsarven i Hordaland skal ha lokal, regional og nasjonal forankring.
6. Kartlegging, sikring og bevaring er grunnlag for berekraftig forvalting av verdsarven, og tilrettelegging for verdiskaping og samfunnsutvikling.
7. Det lokale kulturminnevern- og museumsarbeidet skal styrkast.
8. Kulturminnevernet skal spegla nasjonal kulturminnepolitikk og finna gode, tilpassa løysingar på regionale og lokale utfordringar.
9. Tradisjonsuttrykka skal takast vare på og vidareutviklast og vera ein del av eit levande kulturliv.

Den regionale kulturplanen viser til Stortingsmelding nr. 35, *Framtid med fotfeste,* og dei nasjonale resultatmåla om at innan 2020 skal tap av kulturminne frå nyare tid og arkeologi minkast, eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø fredast, og freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehald.

Verdsarv og landskapsvern

I tillegg til verdsarven i Nærøyfjorden som strekkjer seg inn i Voss, har me areal og kulturmiljø i to landskapsvernområdet; Nærøyfjorden landskapsvernområde og Stølsheimen landskapsvernområde. I begge desse landskapsvernområda er kulturlandskap og kulturminne ein del av verneføremålet. Kulturmiljøa i desse områda har difor eit særskilt vern gjennom naturmangfaldlova og verneforskriftene, og det ligg føre forvaltningsplanar for Stølsheimen landskapsvernområde og forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden

Kommuneplan for Voss herad (2020–2032)

1.1.2020 slo Voss kommune, Granvin herad og krinsane Djønno og Tjoflot i Ullensvang herad seg saman til Voss herad. Den nye kommunen har 15.678 innbyggjarar (pr. 2. kvartal 2019), og med eit samla areal på 2100 km^2 vert Voss den nest største kommunen i fylket. Fellesnemnda for den nye kommunen bestemte allereie i 2017 at det skulle utarbeidast ein kommuneplan for Voss herad. Kommuneplanen vart vedteke av det nye heradsstyret 7. mai 2020. Kommuneplanen sin arealdel syner noverande og framtidig arealbruk i kommunen, og er saman med føresegnene rettsleg bindande, jf. pbl. § 11-6. Det er i tillegg utarbeidd diverse retningsliner som er retningsgjevande for saksbehandlinga i kommunen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er bygd opp rundt dei tre strategiske satsingsområde: Innovativ, attraktiv og inkluderande Voss, og kviler på FN sine berekraftsmål.

På nettportalen kommunekart.com finst alle arealplanar for Voss herad, også vedteke kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø (kulturmiljøplan). Her er omsynssoner merka ut.

For både Granvin og Voss finns gjeldande Kulturminneplanar: ***«Kulturminneplan Granvin herad, 2016»*** og ***«Kulturminneplan Voss kommune, 2004-2007».*** Dette er dokument som gjev eit godt grunnlag for å lage eit samla, oppdatert og revidert dokument for Voss herad.

DIVE-analyse – Kulturhistorisk stadanalyse – for Vossavangen, 2018
Voss kommune starta i august 2017 arbeidet med ny sentrumsplan; Områdereguleringsplan for Vossavangen. Som grunnlag for planarbeidet, ønskte kommunen å gjennomføra ei kulturhistorisk stadanalyse (DIVE). Analysen skal brukast i arbeidet med å utvikla sentrum, og i vidare diskusjonar om fortetting og eventuell mogleg transformasjon i delområde i sentrum framover.

3.5. Økonomiske støtteordningar

Freding eller vern vil i seg sjølv berre gje avgrensa vern for det einskilde kulturminnet. Det aller viktigaste er at eigar sjølv er positiv og motivert for å ta vare på kulturminnet. Dette krev gjerne både kunnskap og økonomiske ressursar. Det er difor viktig at kulturminneforvaltinga på alle nivå legg til rette for dette.

Offentlege støtteordningar
Det finst ulike statlege tilskotsordningar som eigarar av kulturminne kan søkja på. Desse er lagt under Klima- og miljødepartementet, Landbruksdepartementet og Kulturdepartementet, og vert forvalta av Norsk Kulturminnefond, Riksantikvaren, Fylkesmannen (FM) og Norsk Kulturråd. Tilskotsordninga frå kulturrådet skil seg noko frå dei andre, då ho opnar for å støtta prosjekt knytt til dokumentasjon og formidling, i tillegg til konkret arbeid med bevaring og fysisk sikring. Fleire fylkeskommunar og kommunar har òg etablert støtteordningar. Eigedomar som er freda i medhald av kulturminnelova, vert innvilga fritak for eigedomsskatt.

Her følgjer ei oversikt over andre offentlege støtteordningar:
(Merk at lista ikkje er uttømmande, og at dette stadig er i endring)

- Vestland fylkeskommune har mange ulike tilskotsordningar på kulturarvfeltet. Sjå oversikt over regionale tilskotsordningar https://www.vestlandfylke.no/tilskot/
- SMIL-tilskot. Gjennom sitt regionale miljøprogram gjev Statsforvaltar tilskot til å ta vare på kulturminne; spesielle miljøtiltak i jordbruket («SMIL»). Tiltak det søkjast om, må vera knytt til landbrukseigedommar der jordarealet er i drift (sjølvstendig drift eller bortleige). Tilskotet vert forvalta av dei lokale landbrukskontora som fordelar midlane. Heradet har moglegheit til å prioritera etter kulturmiljøplanen
- Tilskot til tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket skal bidra til å sikra verdiar knytt til landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø og sikra langsiktig skjøtsel og drift. Ordninga vert forvalta av heradet.
- Kulturminnefondet er ei tilskotsordning for bevaring av kulturminne- og miljø i privat eige. Fondet får løyvinga si over statsbudsjettet gjennom eige tildelingsbrev frå Klima- og miljødepartementet. Kulturminnefondet skal Stimulera til økt verneinnsats frå eigarar og næringsliv, og bidra til at eit mangfald av kulturminner og kulturmiljø kan nyttast som grunnlag for framtidig oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping.
- Tilskot til brannsikring og beredskapstiltak. Bevaringsprogrammet for brannsikring av tette trehusmiljø og stavkyrkjer. Søknaden vert behandla av fylkeskommunen/Riksantikvaren.
- Rentekompensasjonsordning for istandsetting av freda og verneverdige kyrkjebygg. Retta mot kommunar og kyrkjeeigarar. Søknaden sendast til Husbanken.

Voss herad sine støtteordningar
Voss herad sine kulturmidlar vert delt ut etter politisk vedtak ein gong i året. Delar av desse midlane skal gå til kulturminne. Midlane vert lyst ut i lokalavisa og søknadsfristen er 1. mars. Søknadane vert normalt behandla i mai/juni.

Voss herad tildeler også midlar frå Kraftfondet. Dette er særleg midlar retta mot næringsverksemd. Her er det fleire søknadsrundar avhengig av størrelsen på fondet.

Private støtteordningar
Det finns fleire ulike fond, stiftingar, legat og ideelle organisasjonar som deler ut midlar til kulturminnetiltak. Under er ei oversikt over nokre av desse. Kva for prosjekt aktørane støttar kan variera frå år til år. Det er lurt å undersøkja kva satsingsområde som gjeld til ei kvar tid.

- **Landbrukslegatet i Norges Vel:** Støttar tiltak som bidreg til næringsutvikling og nyskaping i landbruket. Satsingsområdet er bevaring av gamle hus og gjenstandar som inngår i næringsverksemd.
- **Kultur- og miljølegatet i Norges Vel:** Satsingsområdet er bevaring av gamle hus og gjenstandar som inngår i næringsverksemd.
- **Sat Sapienti:** Vedlikehald/forbetring av historiske minnesmerke i Norge. Fremja kunnskap om industrielle miljø og betydning i bedriftene i Norge. Også bidrag til offentlege museum.
- **Stiftelsen UNI:** Allmennyttig stifting som vernar menneske og fortidsminne.
- **Gjensidigestiftelsen:** Aktivitet, tryggleik og helse.
- **Rydd et kulturminne:** Midlane vert fordelt av Norsk kulturarv, og går til skjøtsel av kulturminne.
- **Major og advokat Eivind Eckbos legat:** Legatet har ti satsingsområde, mellom anna: norsk kunst, kulturliv og kulturvern.
- **«Ta et tak»-aksjonen:** Midlane vert fordelt av Norsk Kulturarv og rettar seg mot våningshus og driftsbygningar.
- **Kulturminner for alle:** Fortidsminneforeningen deler ut midlar for å styrka dei gamle handverka og kulturminna våre.

Legatsiden har oversikt over fleire ulike støtteordningar, nokre av desse gjeld òg tilskot til kulturminnetiltak. Voss herad abonnerer på **Tilskuddsportalen** og held jamleg kurs for tilsette i Voss herad og for lag og organisasjonar i kommunen.

3.6. Formidling og tilrettelegging

For å lykkast med å skapa begeistring for kulturminnevern, er formidling og tilgjengelegheit ei føresetnad. Kommunedelplan for kulturmiljø har ei viktig målsetting om å bruka kulturarven vår i lokal aktivitet og setja fokus på kulturminna sin verdi i lokalsamfunnet. Auka kunnskap og bevisstheit om kulturminne i Voss vil på sikt bidra til at fleire ser verdien av å ta vare på kulturminna.

Mange verdifulle kulturminne er ikkje lengre i bruk. Det er ei stor utfordring at mange flotte bygningar og anlegg forfell når dei vert teke ut av bruk. Døme på slike anlegg er utmarksløer, hoppbakkar, og anlegg frå skiferindustrien. Korleis kan me leggja til rette for at desse byggja vert tatt vare på?

Universell utforming og tilrettelegging av kulturminne er eit viktig tema. Det betyr at produkt, byggverk og uteområde som er i bruk skal utformast slik at alle kan nytta dei på ein likestilt måte, så langt det er mogleg, utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel. Det er viktig at endringar og nye installasjonar ikkje forringar kulturminnet. Dette er det fullt mogleg å finna gode løysningar på.

Pedagogisk opplegg knytt til kulturminne er viktig i undervising, både i skule og barnehage. Det gjev barn ei større forståing for historia dei er ein del av, og det gir auka kunnskap i lokalsamfunnet. Barn kan òg vera formidlarar. Dei kan ta med seg familien til stader dei har besøkt med skulen og fortelja om kva dei har lært. Slik aukar interessa og kunnskapen om omgivnadane våre.

4. Immateriell Kulturarv – den handlingsborne kunnskapen

Forvaltinga av Immateriell kulturarv skil seg frå resten av kulturmiljøforvaltinga på fleire område. Som tittelen antydar er ikkje dette konkrete, fysiske gjenstandar eller landskap, men vår kunnskap og erfaring og ikkje-materielle minne som ofte er vevd saman med den fysiske kulturarven. Norge godkjende Unesco konvensjonen om immateriell kulturarv i 2007. Konvensjonen vart utarbeida for å sikra respekt for og auka medvitet om den immaterielle kulturarven si tyding. Konvensjonen definerer immateriell kulturarv som språk, munnlege tradisjonar, utøvande kunst, sosiale skikkar, ritual og høgtidsfestar, kunnskap og praksis som gjeld kultur og naturen, og tradisjonelt handverk. Respekt for og anerkjenning av utøvaren og tradisjonsberaren er viktige prinsipp i konvensjonen.

Sjølv om materiell og immateriell kulturarv ofte er vove saman, er det vesentleg skilnad i måten me tek vare på og sikrar dei. Dette kapittelet har fått tittelen immateriell kulturarv og handlingsboren kunnskap fordi me sikrar den immaterielle kulturarven gjennom at han er i aktiv bruk. Profesjonelle utøvarar og handverkarar forvaltar delar av denne arven, det same gjer mange frivillige lag og foreiningar, men også den dagleg bruken, rituala og tradisjonane våre er med på å sikra at nye generasjonar får kunnskap og erfaring med desse.

Den immaterielle kulturarven har ein verdi i seg sjølv, men han er også viktig for å kunna forvalta den materielle kulturarven på ein god måte. Handverkskunnskap og materialforståing er viktige føresetnadar for til dømes restaurering av hus og forvalting av kulturlandskap. Eit eldhus kan vera eit kulturminne, men heilskapen i kulturminnet kjem først til uttrykk når handtering av kjøt og røyketeknikkar vert set i samanheng med bygget. Det same gjeld ei heil rekke med tradisjonar. Korleis skal me bera ei brurekrune? Korleis skal håret til ei ung bunadskledd jente flettast? Korleis handtera ein ljå for å halda kulturlandskapet i dei vanskelegaste utslåttane i hevd? Korleis kan ein felemakar vita at fela han har laga har rett klang om han ikkje kjenner tonane? Dei same spørsmåla kan me stilla oss om så å seia alle dei materielle kulturminna og det viser oss at den materielle og den immaterielle kulturarven er nært knytt saman og må forståast i samanheng.

Den immaterielle kulturarven kan vanskeleg la seg kategorisera i einskildminne. Me har difor valt å lyfta fram nokre kategoriar av immaterielle kulturminne. Det er naturleg nok ikkje lagt «omsynssoner» til desse kategoriane, men bevaringa vert sikra gjennom aktiv bruk og handlingsboren overføring av kunnskap. Handlingsprogrammet vil ta opp nokre tiltak for å sikra dette.

4.1. Utvalde område

Nr.	Objekt	Omsynssone
I1	Mat- og drikketradisjonar	
I2	Folkemusikk og folkedans	
I3	Hardingfelemaking	
I4	Språk	
I5	Stadsnamn	
I6	Handverk og husflid	
I7	Idrett og ekstremsport	

Figur 4.1: *Barn og felespill på Granvin bygdemuseum. Foto: Rannveig Djønne*

I1 Mat- og drikketradisjonar

Mattradisjonane våre er rike og mangfaldige. Dei har lange historiske røter, og mange av dei lever i beste velgåande i dag. Maten er grunnleggjande for alle menneske og samfunn, og er ofte ein viktig del av mange ritual. Mattradisjonane representerer fortellingar om lokalmiljø og om folk, og om naturen dei forvaltar. Mykje av maten me i dag bruker som tradisjonell festmat, var opphaveleg kvardagsmat.

Figur 4.2: *Brimlefsa er ein gamal middagsrett som blei laga under flatbrødbaksten. På ein leiv flatbrød vert det smurd mjølkekakerøre og strødd bruna flesk og vossakorv på. Leiven vert bretta inn frå alle kantar og skore i passelege bitar.*
Foto: Aud-Marit Netteland

Som anna kulturarv, har mattradisjonane både ei fysisk og ei immateriell side. Men det er først og fremst som handlingsboren kunnskap mattradisjonane lever vidare. Kunnskapen om maten, tilverkinga, bruken, råvarene og konserveringa vart overført frå generasjon til generasjon. Slik er det ikkje berre sjølve matlaginga som er kulturarv, men også kunnskapen om og forståinga av råvarene. Det å kunna handtera mat produsert på garden og hausta i skog og mark, krev ein brei kunnskap om dyr, planter, bær, vekstar og vekstvilkår. Konservering er også ein grunnleggjande kunnskap for å kunna ta vare på maten gjennom vinteren. Det er dette som ligg til grunn for mattradisjonane våre, og som har gjort at me på ulike stader i landet finn helt unike og særeigne matskattar.

Konserveringsmetodane som før var nødvendige for å få maten til å halda seg, har gjeve oss mange mattradisjonar som me i dag vel å bruka, sjølv om me i dag strengt tatt ikkje har behov for å konservera og lagra over lang tid, med våre kjøleskåp og fryseboksar. Flatbrød og røykjekjøt er eksempel på dette.
Ivaretaking av mattradisjonar har ein kjønnsdimensjon. Dette har tradisjonelt vore kvinnene sitt område og Norges bygdekvinnelag fekk anerkjenning for sin kunnskap av UNESCO då dei i 2018 fekk status som Rådgjevande organisasjon innan immateriell kulturarv og ekspert på tradisjonell matkunnskap. På Voss er det sju lokallag av Bygdekvinnelaget og fleire av dei held jamleg kurs for vaksne og barn for å halde desse tradisjonen levande.

Voss har sterke og markante tradisjonar knytt til mat og matproduksjon. Smalahove, vossakorv og vossakling me vel kjende for, men *brimlefse* og *supanesoppa* er mindre kjende, men var viktige matrettar med spesifikke funksjonar. Bjørgum bygdekvinnelag skriv til dømes om supanesoppa «Denne retten var mykje brukt om våren, då det ofte var slutt på poteten. Difor var det ikkje vanleg med potet i frå gamalt av» (Oppskriftshefte; Tradisjonsmat).

Til mattradisjonane ligg også drikketradisjonar og då særleg øl og ølbrygging. Øl vart bryggja til alle viktige sosiale samanhengar i samfunnet; fødsel (barnsøl/barselsøl), giftarmål, gravferd, i samband med alle typar avtaler som vart inngått, eigedomsskifte/sal, frigjeving av trellar oa. Avtalane var ikkje gyldige om ein ikkje hadde forsegla avtalen med å drikka øl. Det går også fram av dei gamle lovene der det er påbod om å bryggja øl to gonger om året

(Gulatingslova, Frostatingslova). Av den grunn har ølbrygging levd vidare og vorte ført vidare til neste generasjon.

Vestnorsk kulturakademi arbeider med bevaring av øl og øl-bryggjetradisjonar og søkjer no om at brygging av øl på bakgrunn av kveik vert teke med på lista over verdas immaterielle kulturarv (UNESCO). Kveiken er ein mikroorganisme som er temt (domestisert) og foredla av bøndene gjennom fleire tusen år på Voss og Vestlandet. Denne genressursen er må takast vare på i sitt naturlege livsmiljø (habitat) for å sikra det biologiske mangfaldet. Vidareføring av ølbrygging med kveik er handlingsboren kunnskap.

Figur 4.3: *Kveikkrans. Denne kopien er laga av Magnar Garatun på Voss folkemuseum etter ein original frå samlingane til HVM. Foto: Kjell Herheim*

Folkemusikken og hardingfela

Det er høgsommar. Ei vossakjerre nærmar seg Stalheim turisthotell. På benken i kjerra sit to karar, ulike av utsjånad og vekst. Det er komponisten Edvard Grieg og spelemannen Sjur Helgeland. Sjur sit med fela i fanget, han har spela lange stunder på vegen oppover frå Vangen. I tunet på Stalheim står direktøren og tek imot den verdskjende gjesten. Han bed Edvard Grieg koma i salongen om kvelden, «for å lytte til vårt udmerkede nye orkester» som han sa. Grieg avslo høfleg tilbodet: – «Jeg har Sjur med meg i aften – ». Denne vesle soga lever framleis i tradisjonen i Vossebygdene. Det er nok ikkje tilfeldig. Det er i Hordaland me finn dei eldste merke etter ein folkemusikk knytt til nasjonalinstrumentet vårt, hardingfela. Og framleis er det denne musikktradisjonen som særmerkjer folkemusikken her. (www.grind.no)

I2 Folkemusikk og folkedans

Folkemusikken og -dansen er ein del av historia vår, men også ein del av samtida. Frå generasjon til generasjon har musikken og dansen vorte overlevert frå læremeister til elev i ein munnleg og handlingsboren tradisjon. Tradisjonane er knytt til eit geografisk tradisjonsområde, men ber samstundes vitne om vandring over til dels store geografiske område. ICTM (International Council for Traditional Music) har følgjande definisjon på kva folkemusikk er: Folkemusikk er produktet av ein musikktradisjon som har vakse fram gjennom prosessen til den munnlege overføringa.» Dei faktorane som formar tradisjonen er:

1. kontinuitet, som knyter notid til fortid
2. variasjon, som spring ut av den kreative impulsen til den enkelte eller til gruppa
3. seleksjon, dei utvala som samfunnsgrupper gjer, og som bestemmer den forma/ dei formene som musikken skal fortsetja i. (Fanitullen s. 9, Universitetsforlaget 1993).

Seinare har også funksjon vorte ein del av definisjonen. Folkemusikken har i all hovudsak vore knytt til konkrete funksjonar i livet til dei som forvalta tradisjonen. Ytterpunkta er mora som song barnet i søvn med ein bånsull, til liksongarane som song den daude frå garden til kyrkja. Mellom desse ytterpunkta var det ulike former for bruksmusikk, som kulokk, boreviser (viser brukt under anleggsarbeid), religiøse folketonar og sjølvsagt dansemusikk.

Figur 4.4: *Voss herad har ein lang og rik folkemusikk- og dansetradisjon. Den er framleis levande, men samstundes sårbar. Foto: Ingerid Jordal*

Folkemusikken og folkedansen har utvikla seg opp gjennom tidene. Musikken har sprunge ut frå det gamle bondesamfunnet, og var ein del av dagleglivet til menneska. Frå industrialiseringa tok til, fekk folkemusikken gradvis ein annan funksjon, der ein gjekk frå bruksmusikk til konsertmusikk. Parallelt med denne utviklinga, kom også nye instrument og ny musikk til Norge, noko som sette den gamle tradisjonen og dei gamle instrumenta under press.

Samfunnsutviklinga, med det nye tilfanget av musikk og dans, har gjort at konkurransen med andre musikkformer og sjangrar er hard. Folkemusikken og folkedansen er vår kulturarv, og difor er forvaltinga av tradisjonsmusikken – og dansen også ei oppgåve for storsamfunnet.

Voss herad har ein lang og rik folkemusikk – og dansetradisjon. Variasjonen er stor i heradet då ein har både ein sterk Vossatradisjon og ein sterk Hardangertradisjon i ein og same kommune. Heradet har fostra nokre av dei viktigaste utøvarane i nasjonal samanheng på dans, ulike instrument og vokal. For å syna noko av mangfaldet og variasjonane i heradet kan me sjå på dansen: Me dansar 1900-tals dansar, runddans (også kalla gamaldans), og dei eldre dansane som springar og rull. Me har eit særleg ansvar for å ta vare på og føra vidare dei tradisjonelle variantane me har her. Av det eldste dansematerialet har me rull og springar. Rullen, som så godt som berre har eksistert i Vestland, har stått særleg sterkt i tradisjonen i vossabygdene og i Hardanger. Mellom anna kan me sjå dette på sjølve namnet på rullen. På Voss og i Hardanger seier ein berre «rull», men utover regionen har ein gjerne nytta nemninga «Vossarull». På Møre og i Nord-Norge har dei har brukt nemninga «å vossa ein dans» når dei utførte dansen med ein rundsving.

I dag er folkemusikken i heradet levande, men han er på same tid også svært sårbar. Opplæring og vidareføringa av tradisjonen kviler på få personar i heradet vårt, og det skal lite til å endra dette. Det kviler difor eit særleg ansvar på einskildpersonar, friviljuge lag og organisasjonar. Voss herad har eit særleg ansvar for å leggja til rette for at tilhøva for dei ulike aktørane er til det beste for denne immaterielle kulturarven.

Figur 4.5: *Opplæring og vidareføring er viktig for å framleis ta vare på folkemusikk- og dansetradisjonen. Foto: Ingerid Jordal*

I3 Hardingfelemaking

Hardingfelemaking har lange tradisjonar i Norge. Jaastad-fela frå Hardanger (datert 1651) er den eldste bevarte hardingfela me veit om. Frå 1700-talet er det bevart fine instrument først og fremst av felemakarane Isak og Trond Botnen, og på denne tida spreidde hardingfela seg etter kvart frå Hardanger til folkemusikk- og instrumentmakartradisjonar andre stader i Norge. I Voss herad har det vore ei rekkje felemakarar. Magnus Dagestad (1865-1957),Sigvald Rørlien (1946-) frå Voss og Olav Vindal (1951–2012) frå Granvin, er døme på sentrale felemakarar frå heradet.

Figur 4.6: *Hardingfelemaking. Foto: Arne Anderdal*

I dag er det berre ei handfull felemakarar i Norge som driv med hardingfelebygging på heiltid. Medan talet felemakarar går ned, så er hardingfeletradisjonen i Sør-Norge høgst levande og rekrutteringa er god. Det er difor eit stort behov for fagfolk som kan byggja og reparera hardingfeler, i tillegg til at me er forplikta til å ta vare på denne handverksttradisjonen som er heilt unik i Norge.

Ole Bull Akademiet på Voss har ein av dei få felemakarverkstadane i Norge. Her vert kunnskap kring felemaking spreidd både gjennom utdanning av nye felemakarar, opplæring av unge felemakarar, hospitering frå både norske og utanlandske interesserte, og ikkje minst spreiing av kunnskap til ålmenta. Dei fleste av dei som byggjer hardingfeler på heiltid i Norge i dag har utdanninga si frå Ole Bull Akademiet og har hatt Sigvald Rørlien som lærar. Han har også overført kunnskapen sin til Wiebke Lüders, som no driv felemakarverkstaden. Ei styrking og vidareutvikling av felemakarverkstaden på Ole Bull Akademiet vil vera med på styrka Voss nasjonalt og internasjonalt innan hardingfelemaking.

Figur 4.7: *Rosing av hardingfela. Foto: Arne Anderdal*

I4 Språk

Språk og dialektar er ein viktig del av kulturarven. Ord og tonefall kan fortelja noko om oss – kven me er, kvar me kjem frå, eller kva sosial bakgrunn me har. Dialektene er ein sentral del av identiteten vår. Voss herad har fleire dialekter – målet i Granvin ligg nærare dialektene i Hardanger, og det er stor skilnad på dialektene på Vangen og til dømes i Myrkdalen.

Voss er i dag eit sterkt nynorskområde, og dei aller fleste i heradet brukar nynorsk. Slik har det vore lenge. Alt i 1908 la Voss mållag ned drifta, dei meinte at målsaka stod så sterkt i bygda at det ikkje var bruk for mållag her. Laget tok opp att arbeidet i 1911, mest av di Voss Riksmaalsforening vart skipa i 1909. I nynorskbygda Voss hadde me altså den merkelege situasjonen at det frå 1909 til 1911 var riksmålsforeining her, men ikkje mållag.

Standardverket om det lokale talemålet er framleis Leiv Heggstad: *Vossamålet* (1932). Her går han gjennom kjennemerka til dialekta, og skildrar ei dialekt som då var langt reinare enn ho er i dag. Mange av dei tradisjonelle kjennemerka vert meir og meir utvatna. Talemålet vårt vert påverka, både av andre dialekter og andre språk. Det finns ei oversikt over bøker og artiklar om vossamålet på nettsidene til Voss mållag.

I5 Stadsnamn

Stadnamna fortel historie. Dei har alle ei tyding som fortel noko om akkurat den staden. Tydinga kan vera vanskeleg å finna i dag, me er til dømes ikkje sikre på kva namnet *Voss* kjem av, men for dei fleste namna finst det truverdige forklaringar. Namna kan opphavleg ha vore knytte til tilhøve på garden, til jakt og fiske, til ferdsel, eller til ei særskilt hending.

Dei eldste stadnamna i landet kan godt vera rundt 2000 år gamle. Frå gamle dokument kan me sjå at gardsnamna på Voss har vore dei same lenge. I eit dokument frå 1343 står det til dømes om *Aasbreks bru* og *Raundals klæif*, namn me kjenner att i dag, men namna har nok vore gamle alt då.
Noko av det særmerkte med stadnamna på Voss er dei mange *–vin*-namna. *Vin* tyder beite eller naturleg eng. I nokre namn finst framleis den forma, som i *Granvin* eller *Vinje*. Det er vanlegare at endinga er endra til *–ve*, som i gardsnamna *Melve* eller *Lekve*. Endinga kan òg vera heilt vekke i dag, som i *Tøn* (tidlegare *Tóvin*. I alt finst det rundt femti vin-namn på Voss.

Ved fleire høve har det vore samla inn lokale stadnamn. I 1920-åra fekk to lærarar, Ivar Litlere på Bordalen og Per Kløve i Tjukkebygdi, skuleelevar til å samla inn namn frå gardane dei budde på. Dette arbeidet vart utvida til å gjelda heile dåverande Voss herad, og samlinga låg til grunn for standardverket *Stadnamn på Voss*, som Leiv Heggstad hadde ferdig i 1949. I ein artikkel i *Vossabygdene* 1931 skriv Heggstad om dei mange teignamna han har registrert. Kring 1990 arbeidde Eirik Røthe mykje med innsamling av stadnamn, og det har òg vore gjort andre registreringar (Leiv Heggstad: *Stadnamn på Voss*, 1949).

I6 Handverk og husflid

«Det meste av det vi ser i kulturlandskapet er forma av handverkaren – ein kulturskapar i ordets eigentlege forstand» (Kulturhistorisk vegbok:413).

Sjølv om ein hadde spesialiserte handverkarar som reiste rundt i bygdene og tilbaud sine tenester i det førindustrielle samfunnet, var husflid og handverket først og fremst ein av mange syslar i den heimlege kvardagen. I forskinga på desse temaa har forskarane prøvd å definera skiljet mellom handverk og husflid. Dei har skilt mellom dei profesjonelle utøvarane som produserer for sal og dei som produserte i heimen til eige bruk. I denne samanhengen er det ikkje nødvendig å skilja dei. Det viktige er kva dei har felles, både husflid og tradisjonelt handverk er sentrale i den immaterielle kulturarven og har ein eigenverdi som kulturminne. Husflid og handverk er ferdigheiter som vert tekne vare på ved at ein lærer dei, det er handlingsboren og ikkje akademisk kunnskap. Dette er kroppsleg kunnskap som vert overført frå generasjon til generasjon gjennom ein læreprosess der ein vert lært opp til å nytta kroppen og sansane for å klara å utføra arbeidet.

På same måte som det å ta vare på fysiske kulturminne har ein eigenverdi, har det eigenverdi å ta vare på handverkstradisjonar. Det er ein del av den heilskaplege kulturarven vår. Samtidig er denne kunnskapen viktig for å kunna ta vare på dei fysiske minna. Det er nødvendig at nokon kan lafteteknikkar for at me skal kunna setja i stand gamle lafta hus, eller byggja tørrmurer, smi jernbeslag eller sy bunader og andre skreddarprodukt. Materialforståinga er ein del av handverkskunnskapen. Korleis peika ut dei beste trea som skal nyttast til ulike produkt. Korleis behandla linet for å få gode, lange fiber. Kva skjer med jarnet når det vert utsett for hurtige temperaturforandringar, osv. Kva er passe og kva er nok. Alt dette er handlingsboren kunnskap som må erfarast, og som er viktige i ei heilskapleg forståing av kulturmiljøvernet.

På Voss har me fleire einskildpersonar og verksemder som driv innafor denne sektoren i tillegg til bygdekvinnelag og husflidslag. Det er fleire tømrarfirma som spesialiserer seg på tradisjonelt bygningshandverk, Voss folkemuseum har over år bygd mykje kunnskap, Vestnorsk kulturakademi har drive opplæring i fleire fag, Sylvsmidja er eksempel på dette. I tillegg er det mange kunsthandverkarar som held i hevd mange handverkstradisjonar.

Figur 4.8: *Strikking på Reimegrend 1950. Foto: Chr. Herheim. Voss folkemuseum.*

I10 Ekstremsport og idrett

Voss er ei idrettsbygd og særleg ei skibygd. Vossabygda sin natur og den lette tilkomsten til utmark og bakkar, gjorde at Voss tidleg vart ein vintersportsstad. Voss er av mange rekna for ei pionerbygd for moderne skisport. Det var dei moderne skiheisane, skitrekka og maskinane for løypepreparering som kom etter andre verdskrig, som gjorde denne utviklinga mogleg. Voss fekk tidleg industri knytt til produksjon av slikt utstyr, og skiheisen i Bavallen opna allereie i 1947. I 1956 vart det opna eit skipensjonat i Bavallen. Vintersportsstaden Voss utvikla seg vidare utover på 1960-talet. Oppheimsheisen opna i 1962 og Hangursbanen opna i 1963. Siste driftsdag for Hangursbanen var i august 2015. Fra Hangursrestauranten (toppstasjonen for Hangursbanen, som framleis står) gjekk Hangursheisen, ein ein-seters stolheis opp til Hangurstoppen. Han opna også i 1963, og vart lagt ned i 2013 (Dive analysa; 20). Av dei meir kuriøse anlegga, kan skitrekket på Stalheim nemnast. Dette opna i 1930. Av ein anna storleik er utbygginga i Myrkdalen. Fram til 1998 fanst det berre nokre få hytter, eit pensjonat og eit lite hotell her. I dag er det 22 løyper, 9 heisar og vel 1000 fritidsbustadar, med planar om fleire heisar og 2000 nye hytter.

Identiteten til Voss er knytt til vintersportshistoria, og det vert sagt at det ikkje er nokon stad i verda som har fleire internasjonale vintersportsmedaljar per innbyggjar enn Voss. Etter kvart er ekstremsporten også vorte ein viktig del av identiteten til vossingane. Ekstremsporten er særleg knytt til miljøa rundt luft- og elvesportsmiljøet, og Ekstremsportveko har sett sitt markante preg på Vossabygda dei siste to tiåra. Ekstremsportveko har opparbeida seg ein posisjon som eit av verdas største og mest suksessfulle ekstremsportsarrangement. På denne måten har festivalen sett sitt preg på bygda og vorte ein del av identiteten til Voss.

«Sett bort frå at det er så vakkert her at du stadig vendar tilbake: Voss er heilt spesiell for meg, fordi det er ein liten plass som er grenselaus i høve til draumar og ambisjonar… dette appellerer til med. Folk på Voss både kan og FÅR kva som helst til å skje … dette er staden der sprø idear vert omfamna og meistarar veks fram.»
(Anna Moxnes, fallskjermhoppar frå Wales)

Figur 4.5: *Trygve Berge i utforløypa 1958. Foto: Chr. Herheim. Voss folkemuseum.*

5. ELDRE TIDS KULTURMINNE

Kulturminna er vår moglegheit til å møta fjern fortid. Slike møte skapar gjerne ei oppleving av nærheit til fortidas menneske som budde og levde i dette miljøet. Alle spor etter menneske eldre enn 1537 er automatisk freda etter kulturminnelova. I tillegg er ståande byggverk frå før 1650, og alle samiske kulturminne frå før 1917, automatisk freda. Det betyr at desse kulturminna er sikra vern uavhengig av oppføring i kulturmiljøplanen. Tema er likevel teke med i denne planen for å vise dei lange linene og mangfaldet i kultumiljøet.

Viktige fornminne kan ligge meir eller mindre skjult i terrenget. Dermed er det spesielt viktig å leggja til rette for informasjon og tilgjenge. God og levande formidling er avgjerande for opplevinga og forståinga av kulturminnet. Formidling på sjølve staden der fornminnet er, kan gi ytterlegare kjennskap til korleis menneska levde og virka. Med å vita at her har det skjedd, kan avstanden mellom notid og fortid verta viska ut.

Forvaltningsmynde for kulturminne frå før reformasjonen (fornminne) er lagt til Vestland fylkeskommune og Bergen museum. Kommunen har likevel ansvar for at det vert teke omsyn til fornminna, samt å bidra til utvikling og formidling av desse. Alle innbyggjarar har òg eit ansvar. Det er viktig å ta omsyn ved ferdsle i fornminneområde. Dersom det vert oppdaga skade eller hærverk, på eller ved eit fornminne, er det viktig å kontakta kulturavdelinga i fylkeskommunen. Vert det gjort funn som kan tenkast å vera eit fornminne, er det plikt om varsling til forvaltningsmyndigheita, i medhald av kulturminnelova.

5.1. UTVALDE KULTURMILJØ

Voss herad har, ved søk i april 2021, over 700 registrerte forhistoriske kulturminne i Riksantikvarens database Askeladden. Lokalitetane er alt frå store fornminnefelt slik som fangstanlegg, gravfelt og jarnvinneanlegg, til dyrkingsspor, busettingsspor og kolgroper. I tid spenner desse frå eldre steinalder til mellomalder.

I kulturminneplanen er det gjort eit lite utval som vert presentert. Utvalet er gjort ut ifrå fylgjande kriterium:

- Alder og tematisk spreiing.
- Geografisk spreiing.
- Formidlingspotensial.

Nr.	Kulturmiljø	Omsynssone
A1	Mulane, Øydegard	H730_1
A2	Kvitastøylen og Rekvestølen, busetning- og aktivitetsspor	H730_2
A3	Sledasteinen, helleristningar	H730_3
A4	Gropastein og ringstein, Hustveit	H730_4
A5	Krossastein, Gjerstad	H730_5
A6	Olavskrossen, Vossavangen	H730_6
A7	Kolgroper, Kolabakkane	H730_7
A8	Essergrop, Finne	H730_8
A9	Gravrøyser, Tjoflot og Djønno	H730_9
A10	Gravhaug, Tresflotebrotet Kvanndal	H730_10
A11	Vikingefunn, Haugsvik	H730_11
A12	Bogesetiller, Rjoandeggi/Buføreskaret	H730_12



Figur 5.1: *Oversiktskart som viser lokaliseringa av dei arkeologiske kulturminna som vert spesielt omtalt i Kulturmljøplanen.*

A1 Mulane, Øydegard

Fremst på Storåsen, på åsryggen mellom Strandavassdraget og Raundalselvi, er det registrert minst tre tufter, åkerreiner, fleire plattingar, og minst ein gravhaug. Det vert i dag sagt Mulane. Namnet er eit usamansett naturnamn som viser til den framskotne staden på åsen; ei samanlikning med mulen på hest eller storfe. Slik garden ligg til, kan han vera mellom dei eldre i Vossebygdene (grind.no).

Truleg vart garden anlagt i eldre eller yngre jarnalder. Sannsynlegvis var det to gardsbruk på Mula, øvre og nedre. Båe vart forlatne på 1300-talet, kan henda etter svartedauden. Sidan vart drifta teken opp att på 1500-talet som husmannsplass, før han igjen vart fråflytta. I dag finst berre spor etter busetnaden, og Mulane vert kalla ein øydegard. Busetjingspora er automatisk freda.

300–400 m lenger inne på åsryggen ligg Steinringane. Dette er nokre ringar med 8–12 m diameter med stein i omkrinsen. Kva opphav desse har, veit me ikkje.

Figur 5.2: *Parti frå Mulane. Foto: Jostein Aksdal*

Øydegardar

Me kjenner til fleire øydegardar i vossabygdene. Stadnamn med nemningar som *Øyjordæ* og *Tuft'ne*, segn og overgrodde tufter kan indikerer spor etter tidlegare busetting. Alderen på øydegardane er ofte usikker. Me veit at mange mellomaldergardar vart lagt ned som følgje av Svartedauden, men gardar vart og fråflytt i nyare tid. Dersom lokal tradisjon ikkje kan knytta tufter eller stadnamn til historisk kjent busetting er det godt mogleg at busettinga er eldre enn Svartedauden. Desse er automatisk freda etter kulturminnelova.

A2 Kvitlastølen og Rekvestølen, busetning- og aktivitesspor

På stølsområda Kvitla og Rekve er det gjort arkeologiske registreringar. Her er det funne ei rekke spor etter busetting og aktivitet. For eit utrena auge ligg tuftane godt gøymt i terrenget, under tjukke torvlag. Men om ein ser nøye etter, kan ein sjå regelmessige vollar som omkransar ei flate. Om tuftane er rester etter fast gardsbusetting eller støling, er usikkert. Tuftane er automatisk freda.

Ved Kvitlastøylen er det registrert 18 tuftar, ei røys, ein steinstruktur, ei kolgrop, og to skålgropsteinar. I tillegg er det oppe i lia registrert fire innhegningar med tuftar. Den eine av innhegningane er bygd opp av torv, dei andre av stein. Tuftane ligg spreidde på heile «Øyne», men med den største konsentrasjonen i nord. I ein av tuftane vart det teke eit prøvestikk. Trekolet er radiokarbondatert, og gjev kalibrert alder 1225–1300 e.Kr. Dette plasserer bruksfasen av tufta til mellomalder.

Like vest for Kvitlastølen, ligg Rekvestølen. Her er det registrert tre tuftar og 13 kolgroper/kokegroper. Dei registrerte kulturminna ligg på tørre koller og flater opp frå den store myra vest for Kvitlaelva. I alle tuftene og kolgropene er det påvist trekollag. Gjenstandsfunn i den eine tufta tidfestar bruken til merovingertid/vikingtid. Under det funnførande laget i den samme tufta, fann ein spor etter ein eldre bruksfase.

Datering av arkeologisk materiale
Den tradisjonelle måten å datera arkeologiske funn på, er å samanlikna dei med gjenstandar som me kjenner alderen til. I mange tilfelle finst ikkje andre funn som er heilt identiske med den gjenstanden me ynskjer å datera. Likevel kan form, stil og dekor fortelja noko om når han vart laga.

Dersom ein finn organisk materiale (trekol, restar av torv, dyre- eller menneskebein – kort sagt, alt som ein gang har vore levande organismar), kan det daterast ved hjelp av C14-metoden. I jordatmosfæren finst naturleg ein del karbon, og ein liten del av dette karbonet er radioaktivt. Det er dette radioaktive karbonet som kallast karbon-14 (C14). Levande organismar tek opp karbon når me pustar. Alle radioaktive stoff har ei halveringstid. Det vil seia tida det tek frå organismen døyr, til innhaldet med radioaktiv stråling er halvert. For C14 er den 5730 år. Gjennom å måla C14-nivået i eit organisk materiale, kan materialet daterast.

Årringdateringer eller dendrokronologien er basert på studiet av årringar i tre. Årsveksten og årringane til eit tre varierer med årstid og klima. Innanfor eitt og same geografiske område vil alle tre av same art som er i live samtidig, få eit likt mønster av årringar. Gamle tre vil i tillegg ha årringar som er eldre, og som er heilt like årringane til dei andre trea som levde den gongen. Dette er utgangspunktet for årringsanalysen eller dendrokronologien. Dersom forskarane har ein lang nok sekvens av følgjande årringar, kan ein datera trevirke ved å undersøka kvar i denne sekvensen årringane høyrer heime. (Stylegar 2005)

A3 Sledasteinen, helleristningar

Sledasteinen er ei stor steinblokk som ligg mellom Tverberg og Skjerve. Forbi her gjekk den gamle saltvegen til Raundalen (objekt S6), og folket på Tverberg brukte å setja frå seg sledane sine her. Men denne steinblokka gøymer på større løyndomar. Delar av overflata er oversådd av innhogne figurar, mest menneske, men òg båtar og ringfigurar. Her er kanskje også eit dyr og nokre tre. Til saman er det meir enn 50 figurar, mellom anna 35 menneskefigurar og to skip.

Menneskefigurane er framstilte med utstrekte armar og sprikjande bein. Kva meininga med dette skal vera, veit me ikkje. Dansar dei? Eller freistar dei jaga einkvan bort? Steinen gjev ikkje noko svar (grind.no).

Mykje tyder på at figurane på Sledasteinen kan daterast til tida ved overgangen mellom bronsealderen og jarnalderen, kring 500 år f.Kr.



Figur 5.3: *Sledasteinen øvst, og teikning med nokon av figurane på steinen nedst. Foto/illustrasjon: grind.no*

A4 Gropastein og ringstein, Hustveit

Den veglause garden Hustveit fra 1800-talet er vurdert som verneverdig. Like ved finnes to bergkunstlokaliteter; ein gropastein, og ein ringstein.

Gropene er hogne på ein bergnakke like sør for gardstunet. Bergnakken måler omlag 10 meter i nord-sørleg retning, og er 3,5-4 meter høg. Øvste flata av bergnakken ligg om lag i nivå med tunet, terrenget på begge sider av berget skrånar elles. Dei fire gropene ligg på ei line i nordvest-søraustleg retning på ei lita hylle mest heilt øvst og heilt i sørenden av bergnakken. Dei to største gropene måler 7-8 cm og er ca. 1 cm djupe, dei to andre er mindre og grunnare.

Nord for gardstunet, på ein nesten loddrett fjellvegg, er det ca. 1,2 m over bakken hogge ein ring med tverrmål 20 cm, og ein halv ring med tverrmål 12 cm. Avstanden mellom ringane er 20 cm. Dei er grunt hogne.

Figur 5.4: *Gropasteinen ligg like sør for gardstunet Hustveit, mens ringsteinen ligg nord for gardstunet. Begge markert med røde ringar.*
Kart frå www.kulturminnesok.no.

A5 Krossastein, Gjerstad

På Gjerstad ligg ein stein full av innrissa kors, 50 - 100 stk. Når desse er frå, veit me ikkje. På steinen kan ein også finna ein del signaturer og årstal frå 16- og 1700-talet.

A6 Solstein/bauta, Rumbehaugen

Fleire stadar i landet er det reist minnesmerke over viktige menneske og hendingar. Mellom anna er steinkross til minne om Olav den heilage og Olav Tryggvasson er reist fleire stader, også på Voss. På prestegardslandet står ein lite og enkelt steinkross som historia meiner er reiset då Heilage Olav var på Voss i 1023 og kristna folket. Ei anna segn er at krossen er reist ved grava til ei av brørne Utter som var med å reise Vangskyrkja. Det er ikkje mogleg å verifisere desse historiene, men minnesmerket har uansett ein viktig religiøs funksjon. Ein trur at det var vanleg at krossen var ein møtestad for andakt og gudsteneste før kyrkjene vart bygd.

Figur 5.5*: Olavskrossen på prestagardslandet.*
Foto: Svein Ulvund

A7 Kolgroper, Kolabakkane

Samling med sju runde kolgroper. Alle har omtrentleg ytre tverrmål på fire meter, inkludert vollen.

Kolgroper er groper etter produksjon av trekol. Gropene kan ha vollar og har som regel flat botn. Forma på gropene varierer. Dei kan vera kvadratiske, rektangulære eller runde. Etter at gropa var grave, vart ho stabla med ved. Veden i gropa vart stabla omtrent like høgt over bakken som gropa var djup, før han vart dekt med torv. Denne mila vart så tent på nede ved vollen og forkolingen vart styrt ved å opna eller lukka miledekket slik at det sokk jamt saman. Når brenninga var ferdig, ville det ferdigproduserte kolet akkurat fylla gropa. Det øvste laget var oske.

Figur 5.6: *Illustrasjonsbilete av utgraving av kolgrop i Sør-Fron. Ein ser tydeleg dei påverka kulturlaga. Foto: kulturhistorisk museum.*

A8 Essergrop, metallproduksjon og dyrking, Finne

To mindre område er undersøkt ved sikringsgraving av Forminneseksjonen i 2012 og 2016. Dei to undersøkte områda vert vurderte å tilhøyra ein lokalitet beståande av forhistorisk dyrking frå fleire fasar, i tillegg til fleire anlegg knytt til verksemd omkring metallproduksjon og -tilverking (eksempelvis omnar, smiegroper, esser, mottingar med avfall frå nemnde omnar, og kokegroper). Dateringane frå 2014 viser dyrkingsaktivitet i før-romersk jarnalder og aktivitet omkring tilverking av metall i tidleg mellomalder og høgmellomalder.

I dag er området bygd ut med bustadar og vegar. Likevel er det mogleg å formidla staden si lange historiske djupn. Det er bevart ei kokegrop, og Finnesloftet (objekt L23) ligg like ved.

Figur 5.7: *Området ved Finne har mange registrerte kulturminne. Det store området markerer det område kor det er funne spor etter metallproduksjon og dyrking. Markeringen øvst til høgre er Finnesloftet. Kart frå www.kulturminnesok.no*

A9 Gravrøyser, Tjoflot og Djønno

Rundt kystlina på Oksenhalvøya ligg ei rekkje gravrøysar frå bronsealder--jarnalder. Nokon er i svært god stand, mens andre er noko utrast.

Litt ope i lia på Eikenes ligg ei svært godt bevart røys med diameter omring 7,5 m og 1 m høgde. Eikenes ligg om lag 300 meter sørvest for garden Ulgenes, og er eit svært kupert og knausete område. På sjølve Eikenes er det noko flatare, og her er det også meir vegetasjon. Gravminnet ligg på nakent berg, i sterkt skrånande terreng, og med lite vegetasjon. Røysa ligg ute på kanten av ein avsats med god utsikt over fjorden mot sør, aust og vest. Gravminnet er rundt og forholdsvis lite. Det er bygd av heller og kantete steinblokker. Visast godt i det knausete og kuperte landskapet.

Tvers gjennom røysa, i nord-sørleg retning, ligg ei steinkiste som er mura opp av flate steinar i opptil fire skift. Delar av veggen består også av flate steinheller som står på høgkant. Steinkista er dekt av seks flate steinheller. Ei av desse har delvis falt ned i kista.

Figur 5.8: *Rundt kystlina på Oksenhalvøya ligg fleire gravrøysar.*
Kart frå www.askeladden.ra.no

Gravhaugar og gravrøyser

Dei eldste kjende gravene i Norge er flatmarksgraver frå yngre steinalder med restar av finn reidskapar frå denne tida. Dei monumentale gravrøysene vart vanlege først frå eldre bronsealder. Gravskikken har veksla fram mot da kristendommen tok over, og gravrøyser og gravhaugar opptrer i ulike fonner, einskildvis eller samla.

Ein **gravhaug** er ein haug med jord, grus, sand og stein som er lagt over eit eller fleire gravstader.

Skikken med å dekka den dødes grav med eit synleg monument i form av ein haug opptrer først i dei eldste jordbrukskulturane i Asia og Europa, men er kjent frå dei fleste område av verda.

I Norge er jernalderen gravhauganes klassiske tid, sjølv om ein og finn gravhaugar frå yngre steinalder, og gjennom hele forhistoria fram til innføringa av kristendommen. Jernalderhaugane i Norge er vanlegvis runde og varierer i størrelse frå 4–5 m i diameter til svære monument. Raknehaugen er Nordens største, og er 77 m i tverrmål.

Gravhaugane finns i mange variasjonar i haugens konstruksjon og størrelse. Runde, kuppelformede gravhaugar er dei vanlegaste, men dei kan og være avlange, eller ha anna form. Ofte er haugen omgitt av steinrekker. Sjølve grava kan og være av ulik art og innehalde både brent (branngrav) og ubrent gravferd. Kva den døde har fått med seg i grava. Varierer også i stor gra. Ut av gjenstandar man kan finne i graver, kan man finne ut mye om den dødes liv.

Gravrøyser er graver som, i motsetning til gravhaugar, i sin heilskap består av stein utan synleg innblanding av jord. De kan ligge enkeltvis i landskapet, eller samla i gravrøys-felt. Ofte ligger gravrøysene på lett synlege steder i landskapet, slik at dei skulle sjåast frå ein farled, på vann eller land. Gravrøysene er kjent frå yngre steinalder til sen vikingtid. Denne byggemåten kjennes også frå vidt forskjellige områder og tidsrom, og den beror vel så mye på særlige gravskikkar som på den lokale tilgang på byggemateriale.

A10 Gravhaug, Tresflotebrotet Kvanndal

Dei mange kjende gravhaugane i Voss tydar på at mange plassar var til dels tett busett alt i eldre og yngre jarnalder. Den ytre markeringa, sjølve haugen, varierte i storleik og utforming, det same gjeld den indre markeringa, sjølve graven kring den gravlagde. Rikdomen i grava varierte òg sterkt. I nokre finn ein berre restar av bål og/eller bein medan andre inneheld våpen og smykkar. I tillegg til å vera minne over den gravlagde, markerte truleg haugen og ættene sitt eigedomstilhøve til jord og land. Saman med gardsnamna er gravhaugane difor ein viktig indikator på korleis busettinga har utvikla seg innan eit område.

Figur 5.9: *Illustrasjonsbilde.Gravhaug på Tresflobrotet med fotkjede. Foto: Arkikon/Voss herad*

På Tresflobrotet, like ved vegen gjennom Kvanndal, ligg ein gravhaug frå yngre jarnalder. Haugen er kring sju meter i tverrmål og ein meter høg. Han er bygd av jord og stein. Han er jamn, rund og grasvaksen. Truleg er han urørd. Kring haugen er det spor etter fotkjede; ein ring av steinar. Slike haugar kjenner me frå store delar av forhistoria.

Det er ikkje kjende funn frå grava, men då haugen ligg berre få meter over flomålet veit me at han ikkje kan vera eldre enn yngre jarnalder, truleg vikingtid. Det er ikkje kjent andre fornminne i Kvanndal, men det kan ha vore fleire haugar tidlegare. Det er mogleg at den haugen som ligg att i dag er ytste haugen i eit gravfelt som er ført på sjøen etterkvart som elva har rive ut terrassen nordafor. Sjølv om her ikkje er andre funn, fortel haugen oss likevel at det kan ha lege ein gard her i jarnalderen.

Haugen går i eitt med grasmarka ikring, men er bra synleg i lendet. Ein må visa varsemd med dei forhistoriske gravminna som er att. For å bevara desse som ein del av ein heilskap/ eit kulturmiljø bør heradet si haldning vera at det kring kvar gravhaug/samling av gravhaugar skal vera ei god sikringssone. Sikringssona bør vera breiare enn det fem meter breie beltet som kulturminnelova krev som minimum. Inngrep i nærleiken av gravhaugar bør alltid vurderast av fylkeskommunen.

Solstein/bauta, Rumbehaugen

På Graue, inne i eit skogholt, står to parallelle steinar. Desse vart kalla «Solsteinen», og er utan tvil spesiell. På eit visst tidspunkt på året, skin sola mellom steinane, og lyser rett på det som vert sagt er gravkammeret i Rumbehaugen. Like bak solsteinen ligg ei stor gravrøys; Rumbehaugen frå jarnalderen. Det vert sagt at Rumbe skal vera gravlagd her. Røysa er 13 meter i tverrmål og ein meter høg. Ho er i dag dekt med grastorv, men stein stikk i dagen ulike stader. Området rundt burde vore rydda slik at bautaen kjem til sin rett. Trær og røter utgjer i dag òg ein fare for at steinsettinger i området kan verta øydelagt.

Figur 5.10: *Solsteinen ved Rumbehaugen. Foto: Anja Ø. Ryen*

A11 Vikingefunn, Haugsvik

I bygda Haugsvik kan ein finna ei rekkje spor frå vikingtida, ein av dei mest innhaldsrike periodane i norsk historie. I vikingtida var Haugsvik ei fjellbygd med ei lokalisering som gav godt grunnlag for busetnad. I liene på solsida låg det godt til rette for å dyrka jorda, og det var tilgang på vatn, skog, dyr, fisk og jarnmalm. Haugsvik har òg mest truleg vore ei viktig gjennomfartsåre for folk som har vore på reise i Norge. Bygda låg skjerma for kraftig uver som det kunne vera på fjelltoppane mellom aust og vest i landet. For vegen mellom aust og vest var viktig også i vikingtida. Vikingkongane som samla Norge til eitt rike, samla landet frå aust mot vest, og busette seg til slutt som vestlandskongar. Kanskje har Haugsvik vore ein viktig stad akkurat i denne organiseringa av kongeriket? Gjenstandane som er funne på dei ulike plassane i Haugsvik, syner oss at det er ein kontinuitet på desse områda. Det kan fortelje oss at det har budd folk her frå før vikingtida og heilt fram til i dag.



Figur 5.11: *På gardstunet Hauge i Haugsvik finnast både gravhaugar, offerstein og eit gamalt tinghus. Kart frå kulturminnesok.no.*

På gardstunet på Hauge står det i dag ein offerstein. På denne steinen kan ein sjå to skålgroper der ein trur vikingane la små offer når dei ofra til sine heidenske gudar. På Hauge står det også ei tingstove frå rundt 1600. Hauge har vore tingstad i tidlegare tider, og mest sannsynleg heilt tilbake til vikingtida. På Lunde er det ein stor gravhaug som vert kalla Ormehaugen der det blant anna er funne eit spyd frå vikingtida.

I Haugsvik er det i dag laga ein flott vandring på 4,5 km mot Stalheim. Vandringa startar ved Oppheimsvatnet og fylgjer kongevegen oppover mot Hauge, og dernest vidare mot Giljarhus og Lunde. Så går vandringa langs skogsvegar, og langs elva og myrane. Det er satt opp fleire informasjonstavler som fortel om stader og funn som er gjort her.

Figur 5.12: *Røykstova og Tingstova på Hauge.*
Foto: Arne Berg.

A12 Bogestiller, Rjoandeggi/Buføreskaret

På Mjølfjellet, ved Rjoandeggi og i Buføreskaret, ligg fleire bogestille. Nokon ligg for seg sjølv, andre ligg i grupper. Helge Stumpf Titland registrerte desse i 2020.

Ei gruppe med bogestille ligg på Rjoandeggi. Dette ligg i et nordaust/sørvest-orientert lite skar mellom høgde 1222 og et vatn på 1193 høgde. Skaret er ca 50 m bredt, og har minst fem bogestille innretta mot sørvest. Det kan truleg vera fleire bogestille i dette området. Eit mura rom i ein knaus om lag 100 meter lenger søraust oppfattast som et opphaldsstad med god utsikt mot sør og vest.

Bogestille er fangstanlegg bestående av enkle, rette eller halvmåneforma oppmuringar av stein. Bak dem har jegerar med pil og bue kunna liggja skjult, heilt til dyra var så nærme som dei 20–22 metrane dei trengde for å bruke våpena sine effektivt.

I Norge finn ein bogestille strategisk til overalt kor det er jakta villrein. Bruken av bogestille er ikkje avgrensa til vårt land. I ope terreng har slike anlegg vore nytta av jegerar under jakt også på større pattedyr som antilope og fjellgeit.

Også etter at geværet, med sin treffsikkerheit på fleire hundre meters hold, vart jaktvåpen, har jegerar hatt fordel av å liggja skjult til byttedyret har kome heilt nær. Difor finst det òg bogestille laga opp mot vår eigen tid.

På Grønland og i enkelte område i Norge, blant anna i Rondane, Fresvikfjella og Jotunheimen, har også bogestille vorte nytta under drivjakt. Reinen har då vorte skremt mot store grupper av stillingar, der jegerar har venta på dei med sine pilar. Det einaste av desse anlegga som er tidsbestemt, er eit med over femti bogestille på Fetegga i Norddal kommune i Møre og Romsdal. Desse stammar frå slutten av eldre steinalder.

Me veit ikkje av kven, eller når, bogestilla i Mjølfjellet vart laga eller brukt.

Figur 5.13: *Eit av bogestilla på Rjoandeggi. Foto: Helge S. Titland.*

Figur5.14: *Illustrasjonsteikning av fangstmann bak bogestille på reinsjakt.*

6. Landbrukets kulturminne

Frå folk vart bufaste, før vår tidsrekning til midten av 1900-talet, har landbruk vore den viktigaste næringa i Voss. Alle nisjar vart utnytta. Heimebøane vart dyrka, dyra beita heime før dei steg for steg vart styrt mot sommarstølen. Utmark var viktig for fôrsanking. Same kor bratt, vart teigen slegen om den kunne gje fôr til vinteren. Skogen vart nytta både til brensel, fôr og byggemateriale. Malmrike myrer vart nytta til jarnframstilling, mest i førhistorisk tid, men og i historisk tid.

Bygningar og kulturmiljø knytt til landbruket er kjelde til historie og gjev kunnskap om handverk, teknikkar, lokale tilpassingar og driftsformer. Dei bidreg òg til identitet og gjev heradet særpreg gjennom kulturmiljø og byggeskikk.

Kulturlandskap
Kulturlandskap er eit landskap som er påverka av menneskeleg verksemd. Mellom kulturlandskap og naturlandskap finns ingen heilt skarpe grenser. Kulturlandskap omfattar område med sterkt vekslande grad av menneskeleg påverking, frå naturnære kulturlandskap med beitemark og utslåtter til industrilandskap.

I mange tilfelle vitnar kulturlandskap om ei særs lang utviklingshistorie med kulturspor frå mange ulike epokar. Kulturlandskapet heng saman med naturvilkår, samfunnstilhøve og historie. Det dannar ein grunnstein i identiteten og kulturarven vår.

6.1. Utvalde kulturmiljø

Nr.	Kulturmiljø	Omsynssone
L1	Mølstertunet, rekkjetun	H570_1/H730_13
L2	Ystås, klyngetun	H570_2/H730_14
L3	Kvilekvål, klyngetun	H570_3/H730_15
L4	Kyteshagen, husmannsplass	H570_4
L5	Nåli, husmannsplass	H570_5
L6	Utvandring til Amerika, Minnestein Demmeskjølden	
L7	Oppheim og Oppheimsvatnet, kulturlandskap	
L8	Brunborg, hellegard og løypestreng	H570_6/H730_16
L9	Liastøylen, løypestreng	
L10	Oppheim gamle prestegard, gard	H570_7
L11	Nesheimtunet, gard	H570_8
L12	Røykstove, Hauge	H730_17
L13	Hagen gard, Mjølfjell	H570_9
L14	Hustveit, fjellgard	H570_10
L15	Djønno, Kulturlandskap fruktdyrking	
L16	Naustrekke, Tjoflot	H570_11
L17	Naustrekke, Lussand	H570_12
L18	Oksenhalvøya, stølsmiljø	
L19	Stølsområdene i Voss herad	
L20	Kløvastein, Holo	
L21	Kastrøys, Raudkjeldo	
L22	Budeieløftet	
L23	Finnesloftet, Vossavangen	H730_18
L24	Lydvaloftet	H730_19
L25	Ringheimsloftet	H730_20



Figur 6.1: *Oversiktskart som viser lokaliseringen av omtalte kulturminne og kulturmiljø tilknytt landbruket i Kulturmiljøplanen.*

L1 Mølstertunet, rekkjetun

Mølstertunet ligg høgt og fritt med fin utsikt over Vossavangen. Dette er eit vakkert gardstun med 17 små og store bygningar samla i eit rekkjetun, ein tunskipnad som var vanleg i vossabygdene.

Mølstertunet består av bygningane fra to gardsbruk, og husa står på same stad som dei alltid har gjort. Det eldste huset på tunet er truleg frå tidleg 1600-tal, dei yngste frå 1870-åra. Her hadde brukarane kvar sine stovehus, eldhus, loft, buer, fjøs, løer og vedhus. Det eine bruket hadde òg ei kårstove. På det meste har det budd om lag 30 personar her.

Mølstertunet vart freda i 1923, og offisielt opna som museum i 1928. Tunet gjev oss eit godt innblikk i den lokale byggeskikken, og fortel mykje om korleis folk levde i eldre tider. Her finns og ei stor samling av bygde- og brukskunst, møblar, bruksting og eldre reiskapar.



Figur 6.2: *Mølstertunet i mellomkrigstida. Foto: Christian Hermann Neupert.*

Klyngetun

Klyngetun er ei nemning på eit tradisjonelt vestlandsk gardstun med mange bruk. Husa til dei ulike bruka er plassert tett saman, meir eller mindre uregelmessig i forhold til kvarandre, slik at det ofte er vanskeleg å finna eit regulært mønster.

Det var først og fremst fleire bruksdelingar i samband med arveskifte som skapte klyngetunet. Naturvilkår og topografi gjorde det praktisk å leggja husa på same stad og tenleg med teigblanding. På Vestlandet er det truleg at også leiglendingsvesenet har fremja gardsdelinga.

Teigblandinga og den korte avstanden mellom husa i tunet, gjorde at bebuarane i klyngetunet utvikla fleire former for kollektive løysingar. Desse er meir vanlege i landsbyar lengre sør, mellom anna visse typar for driftsfellesskap og avgjerdsforum i form av gardsting.

Rekkjetun er ei form for klyngetun der husa er lagt langs ei felles gate mellom tuna og husa, som høyrer til dei enkelte tuna. Rekkjetun var ein vanleg tunskipnad i Vossabygdene og truleg ei vidareføring av langhuset.

Frå og med midten av 1800-talet førte jordskifte til at dei fleste klyngetun vart oppløyst.

L2 Ystås, klyngetun

I tunet på Ystås ligg bygningane til tre bruk på rekkje og rad i eit gammalt fellestun. Tunet som har 15 hus har rekkjepreg i vestre del og klyngepreg i austre del. Garden vart truleg alt på 1600-talet delt i tre bruk. Kvart bruk har stovehus, mosstove – opphavleg ei røykstove – glasstove og løe. Halvparten av husa er eldre enn 1800.

Fleire av dei eldste bygningane har vore i forfall dei seinare åra, men no er det sett av midlar til vølingsarbeid. Ein av dei bygningane som er i best stand, er ei

glasstove med sidesval, bu nede og eit romsleg sengeloft i andre høgda. Her finn me måla kister og ei dør med vakker prydmåling, eit embetsmannsportrett. Meisteren for dette er nok Johannes Jonsson Kjærland.

Figur 6.3: *Ystås. Foto: Riksantikvaren*

L3 Kvilekvål

Garden Kvilekvål ligg om lag 2,5 km aust for Evanger, i den bratte lia på nordsida av elva Vosso. Den freda Knute Nelson-stova er ein toetasjars lafta bygning i saga tømmer, med liggjande kledning og torvtekt saltak. Stova ligg øvst i eit tett, lite og autentisk klyngjetun med hus i tre rekkjer ovanfor kvarandre, med ei lemstove ved sida av (eigentleg eit tilbygd loft), ei til stove og eit bualoft i rekkja nedanfor, og florar og løe nedst.

Både klyngetunet i seg sjølv er i god sand som eit heilskapleg kulturmiljø, og det inneheld fleire interessante bygningar i tillegg til den freda Knute-Nelson-stova. Her finns og svært fint murarbeid/steinsetnad i vegar, steingardar, styvingstre og hagemark som gjer kulturlandskapet svært verdifullt.

Knud Evanger vart fødd i 1842 i stova på Kvilekvål. Mora, Ingebjørg, var ugift og måtte forsørgja guten åleine. Då Knud var sju år, lånte ho pengar og tok sonen med seg til Amerika. Trass i vanskar og motgang fekk Knute Nelson, som han no kalla seg, utdanning som jurist, og dreiv som advokat ved sida av farmen. Han vart vald til guvernør i Minnesota i 1892, og til senator i 1895, som den første skandinav. Seinare vart han attvald gong etter gong, og sat i senatet i Washington i 28 år. Han fekk mykje med lovgjevinga å gjera, og var i mange år formann i justisnemnda i kongressen. Utanfor kongressbygningen i St. Paul, Minnesota er det reist eit stort minnesmerke over Knute Nelson, og likeins står det ei minnestøtte over han på Evanger. Knute-Nelson-stova er i dag i kommunal eige.

På Kvilekvål ligg ei løe bygd i første del av 1900-talet. Denne er i to høgder med mura flor. Denne typen representerer ei samansmelting av grindløer med tømra flor, og grindløer med mura flor ved at ein nytta konstruksjonsprinsippet frå grindløene med mura flor og planløysinga frå dei yngre grindløene med tømra flor (Andresen 1985).

Figur 6.4: *Knute Nelson-stova ligg til venstre i bildet, og er ein del av eit autentisk klyngetun med eit flott kulturlandskap. I tillegg er stova ein del av ein spennande historie om den amerikanske senatoren Knute Nelson. Foto: Anja Ø. Ryen*

Husmannsvesenet i Norge

Det var to hovudårsaker til framveksten av husmannsvesenet. Befolkningsveksten frå 1600-talet og særleg på byrjinga av 1800-talet auka talet på folk utan eigedom. Overskotsbefolkninga fekk slå seg ned på små plassar, gjerne med litt jord til, på grunnen til gardbrukaren, og vart husmenn. Husmennene leigde jorda og hustomta og betalte gardbrukaren med pliktarbeid og anna arbeid, kontantar eller matvarer. Elles dreiv husmenn ofte med skogsarbeid og fiske ved sida av arbeid for gardbrukaren. Særleg på Vestlandet og i Nord-Norge var fiske vanleg, og ikkje sjeldan hovudyrket. (Myhre 2015)

Mange husmenn var til å byrja med gardbrukarsøner, men husmennene rekrutterte seg etter kvart sjølv. Husmannsvesenet nådde høgdepunktet i 1855. Då var det nesten like mange husmenn (87 000) som gardbrukarar (91 000).

Vilkåra for husmennene varierte utover i landet. Husmannslova av 1851 påbaud kontrakt. Då fekk husmennene òg rett til éin fridag i veka. Den dagen slapp dei å arbeida for gardbrukaren, og kunne i staden driva på eiga jord. Menn utan eigedom, som husmennene, hadde ikkje stemmerett. Stemmerett for alle menn var eit hovudkrav for Thrane-bevegelsen (1848–1851), som kjempa for kåret til arbeidsfolk.

Etter 1855, gjekk talet husmenn tilbake. Det hadde fleire årsaker:

- Den teknologiske utviklinga i landbruket førte til mindre behov for arbeidskraft.
- Fleire fekk moglegheit til å kjøpa plassen og bli småbrukarar.
- Mange flytta til byane eller Amerika, der moglegheitene til å skaffa seg eit levebrød var langt betre.

L4 Kyteshagen, husmannsplass

Kyteshagen låg under garden Nedre Kyte. Dette er eit mindre gardsbruk/husmannsplass med tre bygg. Rundt plassen med slåttemark er ein steingard av ståande steinheller.

Det er noko forfall på alle bygga, men dei ser ut til å ha tette tak og stabile murar. Mesteparten av steingarden står enn, men er ganske tilgrodd.

Figur 6 5 og 6.6: *Kyteshagen. Øvst ser me sjølve plassen med hus og slåttemark. Det neste biletet visar steingarden av ståande helle. Foto: Inga Århus, 2021*

L5 Nåli, husmannsplass

Husmannsplasset Nåli ligg midtvegs mellom Stalheim og Jordalen, og var bebudd og i drift fram til 1925/1930. I dag kan ein berre sjå restar etter eit av husa. Nåli var eit plass under garden Sivle. Det er òg registrert ei større kolmile like ved husmannsplassen.

Ein tur frå Stalheim opp til husmannsplasset i Nåli er både fin og populær. Allereie i professor Yngvar Nielsen si Reisehaadbog frå 1890 vert denne turen nemnt. Undervegs har du storslått utsikt mot Stalheimsfossen, Stalheimskleiva og Nærøydalen verdsarvområde. Stien frå Sivleshagen og fram til Nåli er sett i god stand dei seinare åra, og er lett å finna. Det er gode informasjonsskilt både ved startpunkt på Stalheim og ute på Nåli. Stigninga er på omlag 250 høgdemeter.

Figur 6.7: *Husmannsplasset Nåli – ca 1910. Nåli ligg midtveis mellom Stalheim og Jordalen, og var bebodd og i drift frem til1925/ 1930. I dag kan me berre sjå restar etter eit av husa i Nåli.*

L6 Utvandring til Amerika, minnestein Demmekjølden

Tett ved den gamle vegen til Bergeslii står det ein enkel stein eller nærast ei helle. Teksten som er hogd inn i steinen er også enkel: 1904. Teksten er utydeleg etter at ver og vind i over 100 år har gjort sitt. Denne steinen vart reist av Nils Askjelson Bergslien i 1904. Han var fødd i 1884 og son av Torbjørg Nilsdotter og Askjel Bergesson Fadnes. Dei kom frå Evanger og kjøpte Bergslii i 1890 og kom hit. Dei tok då Bergslien som etternamn. Det er fortalt at Nils sette opp denne steinen før han reiste til Amerika.

Nils vart borte i Amerika, det siste sikre teiknet om han, var ei folketeljing i 1910. Då var han dreng hjå ein svensk farmar i Midtvesten. Etter det finns det ingen opplysningar om han.

Figur 6.8: *Utvandrarsteinen. Foto: Anne Arneberg*

Utvandringa til Amerika

Den første store utvandringsbølgja frå Norge til Nord-Amerika tok til midt i 1830-åra. Utferdsmålet for storparten var Chicago og landområda kring byen, den første tida Wisconsin. Det var opninga av Erie-kanalen som gjorde det mogleg å ta i bruk og kolonisera landet ved dei store sjøane. Dei veldige viddene med god jord lokka. Det var då òg bygdefolk med røynsle i jordbruk som for det meste emigrerte i tida frå 1830-åra og seinare. I denne fasen reiste mange frå Voss. Alt i 1836 drog den første familien, eit ektepar med tre små barn. 1843 var det første året då meir enn hundre menneske utvandra frå bygda, og i 1850 var det meir enn 400 menneske som reiste frå Voss og for til Amerika.

Kven var det som reiste? I alle åra frå 1836 til den nord amerikanske borgarkrigen var det store fleirtalet av utvandrarar frå Voss unge bondefamiliar. Det var ektepar mellom 25 og 45 år med barn, og dei var eigarar av eit gardsbruk. Dei skaffa pengar til reisa og alt som trongst ved å selja garden. Berre i året 1850 var meir enn 50 gardsbruk til sals i vossabygdene. Også i denne tidlege tida var det unge, ugifte menn utan gard som reiste, men dei var enno få. Etter 1850-åra vart dette annleis. I tida frå 1836 til 1914 drog mellom 5000 og 6000 menneske frå Voss til Amerika. På dei 35 åra frå 1801 til 1836 hadde folketalet i bygda stige frå 7036 til 9450 menneske. Trass i krig og naudsår i byrjinga førte denne tidbolken til den største folkeauken ein til då hadde sett. Etter alt å dømma ville denne auken halda fram den neste mannsalderen, men slik gjekk det ikkje: I 1875, 40 år etter, stod folketalet på det same som i 1836, kring 9500 menneske. Folkeoverskotet hadde då fare over Atlanterhavet.

L7 Oppheim og Oppheimsvatnet, kulturlandskap

Landskapet ved Oppheim og Oppheimsvatnet har vore i bruk i mange hundre år og er eit eksempel på kulturlandskap frå landbruket. Her finn ein mange bygningar frå 1600-talet, og døme på korleis ein dreiv – og driv – jordbruk i svært brattlendt terreng. Postvegen går gjennom området, sjå objekt S8.

Figur 6.9: *Kulturmiljøet ved Oppheimsvatnet. Foto: Kari Mostad*

Utløer

I det tradisjonelle jordbruket var utmarka viktigast både til fórsanking og beite. Framleis finn ein mange hus som vitnar om denne driftsforma. Dei eldste utløene er små eittroms tømra bygningar. Seinare vart dei bygde i bindingsverk og var ofte større.

Tidlegare stod det utløer i all utmark. No, då dei ikkje lengre har ein funksjon i landbruket står dei aller fleste til nedfalls. Utløer bør takast vare på i verneverdige kulturmiljø og kulturlandskap, slik at dette viktige elementet i det gamle kulturlandskapet ikkje forsvinn.

L8 Brunborg, hellegard og løypestreng

Brunborg er ein høgtliggjande fjellgardgard, utan veg. Hit kjem du ved å følgje traseen til den gamle Kongevegen frå Bolstad.

Brunborg er eit autentisk tun som er representativt for byggjeskikken vest i kommunen. Bygningane er godt vedlikehaldt. På Brunborg finn ein også ein spesiell variant av byggjeskikken. Her er florane plassert under stova, etter same prinsippet som på mange stølar, der bustadeininga (selet) er bygd oppå driftsbygninga (floren).

Opp til Brunborg går ein løypestreng som framdeles er i drift. På denne måten kunne – og kan - ein frakta varar opp og ned den bratte fjellsida.

Figur 6.10: *Løypestreng til Brunborg.*
Foto: Anja Ø. Ryen

Løypestrenger

Løypestreng vart anlagt for å letta transport av høy og mjølk ned frå stølar som låg brattlendt til. Den eldste løypestrengen i Voss skal vera ein på Moldbakken som vart anlagt ca. 1900.

Løypestrengen på Kviting skal og vera frå ca. 1900. Mange stølar laga seg løypestreng i løpet av dei første tiåra av 1900-talet, nokre av desse vart etterkvart motoriserte, t.d. Løkjane/Steinset i Bordalen.

L9 Liastøylen, løypestreng

På Liastøylen fann ein ein kreativ måte å forenkla kvardagen på. Her vart ein del av ein sykkel sett oppunder løypestrengen, for å letta løypinga av høy. Sykkelen står godt synleg rett ved stien mellom To og Liastølen.

I dag er ikkje løypestrengen lengre intakt, men han heng enno på hjulet på sykkelen. Sykkelen er rusta og ikkje i stand til å brukast slik han var tenkt, men står støtt i steinen han er festa i.

Figur 6.11: *Ein del av ein sykkel vart kopla til løypestrengen ved Liastøylen.*
Foto: Inga Århus 2021

L10 Oppheim gamle prestegard, gard

I bakkene ovanfor Oppheim kyrkje ligg den gamle prestegarden på Oppheim. Dette er eit tun med spor etter byggjeskikk og bustadform frå mellomalderen.

Innhusa på Oppheim ligg i ei lang, samanhengande rekkje, med skykkje/vedhus, årestove, røykomnstove og bu med loft. Mellom eldhuset og stova er det ein gang, og langs framsida har det vore ein delvis open svalgang. På veggen mellom stovene finn ein spor av den eldre dekorforma, kroting. Fremst i tunet står løa med fjøs.

Sjølv om det ikkje har budd prest på garden sidan katolsk tid, har garden alltid høyrt til kyrkjegodset.

Den funksjonsdelte forma me møter i dette anlegget, samsvarar nokså nøye med andre samanbygde langhus ute mot kysten, i lyngheilandskapet. Høgst sannsynleg er det mellomalderens byggjeskikk me ser her.

Voss folkemuseum tok over bygningane i 1976.



Figur 6.12: *Teikning av innhuset på Opheim gamle prestegard.*
Teikna av Nils Georg Brekke.

Figur 6.13: *Opheim gamle prestegard. Foto: Kjell Herheim.*

L11 Nesheimtunet, gard

Nesheimstunet ligg vakkert til i nordenden av Lønavatnet, Garden er einbølt, han har altså ikkje vore oppdelt slik dei fleste gardane på Voss var. Her kan det ha vore eit høvdingsete i vikingtida. I tunet finn ein vedhus, eldhus/årestove og stovehus, bygd saman i ei rekkje. Desse tre husa utgjer ei særmerkt stykke bygningshistorie. Alle tre husa vart nytta som bustadhus, for så å endra funksjon etter kvart som nye hus kom til. I eldhuset er det både åre og røykomn, og dette er den einaste røykomnen som er att på Voss. Her er også loft, stall, fjøs og løe.

Det budde folk i den nyaste stova fram til 1948. I 1970 tok Voss folkemuseum over tunet.

Figur 6.14: *Nesheimtunet. Foto: Voss folkemuseum*

Røykstove

Røykstove er eit omgrep ein nyttar om stover med enkle eldstader og ljore i taket for å sleppa ut røyken frå eldstaden. Hustypen går attende til vikingtid og hadde først ein open eldstad – åre – midt på golvet. På 1500-talet vart åren avløyst av røykomnen, men framleis var det ljoren som stod for røykavtrekk. Røykstovene hadde eit, to eller treromsplan med eller utan sval (Lærum og Brekke 1990). På Voss er svært mange røykstover bevart frå seinare århundre. Tilstanden på desse varierer mykje. På Mølstertunet og på Oppheim gamle prestegard, er åren i stova framleis intakt. Den einaste intakte røykomnen står i ei stove på Nesheimtunet. Røykstovene var så godt som einerådande fram til midten av 1800-talet og sume var i bruk som bustad inntil tidleg på 1900-talet. Sidan har dei fungert som grovkjøken og eldhus fram til i dag.

L12 Røykstove, Hauge

På Hauge står ei eldgamal røykstove frå rundt 1600. Denne er freda. På Hauge finst òg ei rekkje andre kulturminne (sjå objekt A11), og dei utgjer til saman eit særeige kulturmiljø.

Figur 6.15: *Røykstova er den tømra delen nærast i bildet. Foto: Anne Arneberg*

L13 Hagen gard, Mjølfjell

Garden ligg på ein landskapshylle, 50m over Raundalselvena, oppunder Garden ligg på ei landskapshylle, 50 m over Raundalselva, oppunder Haganuten i Raundalen. På den andre sida av elva følgjer Bergensbanen dalsida på veg opp frå Voss. Tunet omkransar det naturlege platået i aust- vestretning, med jordvegen i bratt fall ned mot elva og Haganuten som reiser seg brått i bakkant. Tunet består av våningshus, flerbrukslåve, ei bu, eit eldhus frå 1920 og eit anneks som er oppført på eldre tufter.

Hagen gard er ein del av det eldre kulturlandskapet i Raundalen. Kulturlandskapet består av fjellgardar og husmannsplassar som strekker seg frå Voss og heilt opp på høgfjellet. Samtidig er garden eit interessant døme på landbruksreformane på 1800-talet, der ein på Nedre hagen samla løe, fjøs og stall i ein bygning, flerbrukslåven. Fjøset til låven er eit sjeldan døme på frittliggjande fjøs frå før 1800-talet. Fjøset kan ha vore bygd i samband med etablering av garden på 1600-talet.

Dagens eigarar har ei målsetjing om å setja i stand og bevara bygningane og tuna til garden, som ein del av kulturlandskapet, tett opptil opphavleg utforming.

Figur 6.16: *Hagen gard. Foto: Knut A. Hoem*

L14 Hustveit, fjellgard

Hustveit er ein nedlagd einbølt fjellgard som ligg om lag 10 km nord for Vossavangen, (på motsett side av Tvindefossen), på eit platå ca. 330 moh. Garden er veglaus. Her finns fem verneverdige bygningar, mellom anna ei røykstove. Til garden høyrer og stølen Helset. Like ved garden finns og to område med bergkunst (skålgropar og ringar), sjå objekt A4.

Figur 6.17: *Hustveit første halvdel av 1900-tallet.*

David Larsen Hustveit, fødd i 1796, fekk skøyte på garden berre 16 år gamal. Seinare vart han skulelærar, forlikskommisær og bonde. Då formannskapslovane vart innført i 1837 vart han den første ordføraren på Voss. Han var ordførar i tidsrommet 1837-41 og 1850-57. *«Namnet Hustveit vert i 1695 skrive Henrichstuedt. Det vert no sagt Hèndéstveitè; han búr pao, è tao Hèndéstvèit'né, ska pao Hèndéstveitè. Dette namnet er samansett av mannsnamnet Hendrik og tveit (slåtte, rudning). Det nye namnet Hustveit er vel ei nylaging»* Frå Vossaboki bind 2.

Etterkommarane til David Hustveit gav garden til Voss kommune i 1952. I 2018 overtok Hustveit veneforeining eigarskapen. Garden Hustveit er no ei stifting som har som føremål å setja husa i stand. Arbeidet er godt i gang.

L15 Djønno, Kulturlandskap fruktdyrking

Djønno er ei fruktbygd på Oksenhalvøya. Grenda ligg nede ved sjøen på vestsida av Eidfjorden. Her strekkjer frukthagane seg ned mot fjorden, og dannar saman med bygningsmiljøet eit fint kulturlandskap.
Oksenhalvøya og Djønno er også eit typisk døme der bøndene var mangesyslarar. Dei nytta ressursar både ved fjorden og til fjells, med fiske og stølsdrift. I dag vert gardsbruka stort sett berre nytta til fruktdyrking (berre eit gardsbruk på Djønno som har sau). Dette har då også ført til at mykje bygningsmasse (også areal) ikkje er i aktiv bruk lenger, t.d. nausta, stølane og til dels driftsbygningane på gardane.

Utviklinga frå mangesysleri til «monokultur» kom kanskje ekstra seint på Oksenhalvøya sidan dei ikkje fekk veg før i 1981 (til Tjoflot i 1983). Før den tid gjekk persontrafikk og godsfrakt til og frå grenda med båt. I denne tida dreiv gardane både med sau og andre slags husdyr attåt fruktdyrkinga. Dei var meir avhengige av å klara seg av det dei kunne produsera og selja frå garden. Då vegen kom, var det mange som fekk seg jobb utanfor bygda og dermed trappa ned på gardsdrifta. I dag er det berre 2-3 bønder att som driv med fruktdyrking/gardsdrift på heiltid.

Figur 6.18: *Utsikt frå Djønno. Foto: Anja Ø. Ryen*

L16 Naustrekke, Tjøflot

Ytst på Okenhalvøya kjem ein til grenda Tjoflot. Også her driv dei med fruktproduksjon.

Nede ved fjorden ligg ei godt bevart naustrekkje. Midt inne blant nausta ligg òg ein stor stein. Denne har nok kome rasande ned frå fjellet, og her har den blitt liggjande, for stor til å flytta eller fjerna. Difor har ein i staden lagt bygga rundt.

Figur 6.19: *Naustrekke på Tjoflot. Foto: Anja Ø. Ryen*

L17 Naustrekke, Lussand

På Lussand er det 3 bruk som fram til 21. mai 1849 var leiglendingar under Lysekloster gods. Då vart bruka kjøpt attende og skøyta vart tinglyst 9. juni same år. I dei tider var fjorden ferdselsåra om ein skulle innover eller utover fjorden. Alle bruka har difor naust nede ved sjøen. Også fjellet vart stundom nytta om ein til dømes skulle mot Voss. Første bruket ein i dag kjem til frå Ålvik er bruk 1, så kjem ein til bruk 3 og nærmast Granvin ligg bruk nr 2. Før utskiftinga låg alle nausta samla på stronde.

Etter utskiftinga flytte bruk 1 og 2 sine naust til der dei åtte. Bruk 3 har naust på same stad som før utskiftinga. Vigleik Larsson Mo og Anna Tomasdtr. Lote fekk skøyte på garden (Bruk 3) i 1905. I tillegg til garden dreiv Vigleik mykje med smed og mekanisk arbeid, som var hans store interesse. Dei bygde ny verkstad nede ved sjøen i 1909. Der dreiv dei med sagbruk og snikkarverkstad , og der laga dei mellom anna kloggebotnar Dei bygde også opp eit av dei første ljosverka i Hardanger. Difor er der på garden i dag i tillegg til naust, smidje og snikkarverkstad ved sjøen.

Figur 6.20: *Naustrekke i Lussand. Foto: Anja Ø. Ryen*

L18 Oksenhalvøya, stølsområde

Det finns stølsområde oppe i fjellet knytt til gardane nede ved fjorden på Oksenhalvøya. Dei nytta ressursane både i fjorden og til fjells med fiske og stølsdrift. Nokon har klart å ta vare på nausta/stølane, sjølv om garden ikkje lenger er i drift, og andre ikkje. Dei gamle ferdselsårene og buførevegane til fjells er også attgrodd sidan arealet ikkje vert nytta og dei er delvis erstatta med bil-/traktorvegar.



Figur 6.21: *Oksastølen. Foto: Ranveig Djønno*

Stølskultur

Stølsdrift er at dyra vert flytta frå garden til sommarbeite for å nytta utmarksbeite og for å spara jordene heime. På stølen finns både seterhus, fjøs og nødvendige uthus. I heradet er det både separate bygningar for sel og flor, og kombinerte bygningar med flor under og sel øvst. Her vart og vinterforsyninga av ost og smør produsert.

Den immaterielle kulturarven knytt til seterdrift er levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap som vert overført mellom folk. Handlingsboren kunnskap gjennomsyrer livet på stølen, der naturen set premissane. Budeia hadde god kunnskap om ver og vind, om beiter og myrhol, om hoggorm og insekt og alt anna. Dette var viktig for å sikra husdyra sitt ve og vel, og slik sikre ein god mjølkeproduksjon.

Stølsbruket i Norge har vore kvinnenes arbeidsplass, med eigne og andre sine barn som hjelparar. Dette er eit viktig skilje mellom stølane i mellom-Europa og dei skandinaviske stølane. På stølen hadde kvinna ansvaret. Der det var stor avstand, eller det var bratt og ulendt å ta seg fram mellom kvar enkelt støl, kunne det bli lange dagar i eige selskap. Det er lett å tenkja seg at eit slikt opphald kunne vera både skremmande og krevjande for unge jenter. Mange stølar er plassert saman i grender. Her var det fleire kvinner saman, gjerne i ulik alder, noko som kunne vera praktisk, nyttig og sosialt gjevande (Daugstad).

Stølsdrift i Norge er omtalt allereie i den eldre Gulatingsloven frå 1000-talet som noko ein hadde drive med i lang tid. Stølsdrifta vart kraftig redusert under svartedauden midt på 1300-talet, men tok seg opp att på 1600-talet og nådde sitt høgdepunkt rundt 1850. Driftsendringar i jordbruket frå sluten av 1800-talet har ført til at bruken av utmarka har gått ned, og stølsdrifta har som følgje av dette gått kraftig tilbake.

Langvarig, kontinuerleg beiting av forskjellige husdyr har skapt eit unikt kulturlandskap med et rikt og artspesifikt biologisk mangfald. Dette landskapet inngår i eit globalt fjelljordbrukslandskap, som er den mest artsrike biotopen me har etter regnskog. Nedlegging av stølsdrift fører til gjengroing, og omtrent 30 % av dei trua artene er knytt til det ekstensive landbruket.

L19 Stølsområdene i Voss herad

Knytt til gardane nede i dalane og ved fjorden i heile Voss, finns ei rekkje stølsområde oppe i fjellet.

Figur 6.22: *Kyr på stølen i Kvanndalen 1958. Foto: Chr. Herheim. Voss folkemuseum.*

I Vossafjella er det mange stader store og gode beiteområde, noko som må ha vore sterkt medverkande til at vossabøndene kunne posisjonera seg som storleverandør av smør til Bergen. Tufter i stølsområde, som kan daterast attende til bronsealder og jernalder, tyder på at fjellet har vore ein viktig ressurs i fleire tusen år. I løpet av desse tusenåra har det naturlegvis vore nokre endringar i utnyttinga av stølsområda, men stort sett skjedde få endringar i

byggjemåte og organisering av stølane fram til 1880-åra. Særleg meieridrifta fekk følgjer for stølsdrifta, då ein ikkje lengre måtte vidareforedla mjølka på stølen. Behovet for rask mjølkelevering framskunda bygging av køyrevegar. Og med køyrevegar letta ein og transport til stølen. Dermed vart det enklare å frakta byggjematerial til støls; ein bygde gjerne større sel og mange bytta torvtaka med helletak. Dette vart byrjinga på slutten på stølsdrifta i Vossafjella. I dag er berre om lag ein fjerdedel av alle stølar nytta til stølsdrift. Men svært mange stølar har fått ein ny funksjon som fritidsbustad. Husa er framleis i bruk og denne nye bruken av stølane er dermed med å ta vare på ein gamal driftsform i ny kledning.

Ein nytta mange typar stølar, til ulike tider av vår- og sommarhalvåret, skriv Johannes Gjerdåker (Gjerdåker 2001). I prinsippet flytta ein buskapen lengre og lengre unna tunet på garden utover våren og sommaren og flytta attende same vegen utover seinsommar/haust. Denne trinnvise utnyttinga av landskapet er synleg gjennom ei rekkje ulike "stølar" på veg til sommarstølen.

Nærast garden, i gjerdet mellom utmark og innmark, stod v*årfloren (mjølstøl,tråfjos;)* der dei mjølka kyrne og batt dei inn om kvelden på våren. Vårflorane var små eitromsbygningar, grindbygd eller lafta. Dei kunne ha florslem, nokre få hadde møkakjellar. *Vårstølen*, som og vart nytta til *hauststøl* av mange, ligg lengre vekke frå garden enn vårfloren. Det er særleg i Holbygdi og Myrkdalen på Strondi at det var vanleg å ha vårstøl i tillegg til sommarstøl, medan relativt få av gardane i Vangssokni på Voss hadde både vår- og sommarstøl. Vårstølen hadde vanlegvis både sel til overnatting og flor til dyra. På høgsommaren og tidleg haust flytta folk og fe til *sommarstølen* eller *fjellstølen*. Flest "trinn" hadde ein i stølingen i dei indre delane av kommunen, nokre stader var det så mykje som fem ulike plassar ein støla på.

Stølane i Vossafjella kan vera einbølte eller fleirbølte. Korleis ein tel stølar er eit definisjonsspørsmål, men dersom ein reknar talet på stølsgrender/stølstun kjem ein opp i mellom 250 og 300. Dersom ein reknar med gardar som har stølsbygningar og alle vårflorane vert talet mykje høgare. Talet på stølar har heller aldri vore konstant. Utnyttinga av stølsområdet har vore ein dynamisk prosess som vart påverka av kor mange brukarar det var i stølsgrenda og innverknad frå naturen, som til dømes flaum og kalde somrar. Tuftar på og i nærleiken av dagens stølsområde er tydelege prov på at stølsbygningane har vore flytta, utvida og lagt ned i løpet av dei mange hundre åra det var vanleg med stølsdrift. Ein har jamvel døme på at gard er blitt til støl og at støl er blitt til gard (sjå Gjerdåker 2001:18).

Buførevegar

Gamle ferdselsårer og buførevegar som ikkje lengre er i bruk har grodd att, og er delvis erstatta med bil-/traktorvegar. Buføresvegane kan visa seg som smale, nesten gjengrodde tråkk/stiar til breie steinlagde vegar. Nokre gardar låg slik til at dei ikkje hadde høveleg stølsareal i nærleiken. Dei måtte langt av garde for å skaffa seg eigna stølsområde. Buferdsvegen kunne bli temmeleg lang for desse, medan for andre var avstanden så kort mellom garden og stølen at budeiene gjekk imellom kvar dag. Den gamle postvegen gjekk framom nokre stølar, mellom anna vårstølen til Eide mellom Oppheimslidi og Kolle og framom Fadnesstølen og Bjørgastølen, nord for Evanger. Då det frå byrjinga av 1900-talet vart bygd køyrevegar til støls, skjedde ei omlegging av stølsdrifta. No var det ikkje lengre naudsynt med den tradisjonelle vidareforedlinga av mjølka på stølen, ho vart i staden frakta raskt til fellesmeieria.

Stølshusa

Det typiske *vossaselet* er tredelt med sjølve selet, ein gang og eit innsel. Sel og innsel var frå gamalt timbra, dei ytre veggane til gangen var bordkledde. Frå slutten av 1800-talet vart det vanleg å kle dei lafta ytterveggane med plank. Planløysinga er ikkje ulik dei gamle røykstovene. Utanom sel kan ein finna *flor***,** *løe, lambhus, kalvahus, ystehus og brønnhus* som eigne bygningar på stølane, sjølv om det har vore vanleg med sel og flor i eitt.

I vossafjella er det ein ganske lik fordeling mellom stølshus der sel er kombinert med flor og der sel og flor er i separate bygningar. Noko geografisk mønster i desse to byggjemåtane er det uråd å finne; kombinerte og separate sel og flor står gjerne om ein annan på dei enkelte stølane, og er vanleg over heile kommunen. Dei fleste kombinerte bygningane er i to høgder, med flor under og sel øvst. Som regel er floren bygd i mur og selet lafta. Det er og nokre døme

på stølar der sel og flor er bygd inntil kvarandre (samanbygd). Når sel og flor er i separate bygningar er sela nesten alltid lafta. Floren kan vera lafta, grindbygd eller i bindingsverk. For båe hustypar er det nokre få døme på steinbygde hus.

Ein bygde stølshusa av lett tilgjengeleg material. Difor skulle ein tru at fjellstølane og andre høgtliggande stølsbygningar for det meste vart bygd i stein. Det stemmer ikkje. I vossafjella drog ein heller med seg byggemateriale høgt til fjells framfor å byggja i stein. Truleg var steinhus meir vanleg tidlegare, det skal til dømes ha vore vanleg med steinsel fram til ca. 1850 i Jordalen – Nosi (Gjerdåker 2001:161). Taka på stølsbygningane var frå gamalt tekt med torv, det var eit lett tilgjengeleg material som seinare vart bytta med skifer. I dag er taka like gjerne tekt med bølgjeblekk. Det har vore vanleg å flytta hus frå gardstunet til støls. Det var ofte det eldste huset som vart flytta til støls når ny stove vart bygd på garden. Nokre av desse er så gamle at dei truleg er automatisk freda.

Figur 6.23: *Stølshus Liaset. Foto: Herheim fotoarkiv*

Løypestreng

Løypestreng vart og anlagt for å letta transport av høy og mjølk ned frå stølar som låg brattlendt til. Den eldste løypestrengen i Voss skal vera ein på Moldbakken som vart anlagt ca. 1900. Løypestrengen på Kviting skal og vera frå ca. 1900. Mange stølar laga seg løypestreng i løpet av dei første tiåra av 1900-talet, nokre av desse vart etterkvart motoriserte, t.d. Løkjane/Steinset i Bordalen. Meir uvanleg er togbanen til varetransport på Langeset.

Stølstræe og ulike stengsel

Stølstræe spela ei viktig rolle som fórkilde om vinteren. Stølstræe, dvs. slått på innmarka på stølen, var vanleg dei fleste stader. Dei fleste stølstræe var inngjerda. Inngjerda setervollar ser ut til å gå attende til 1600-talet (Reinton 1957:7). Risgard, torvgard, steingard, hellegard og gjeil fungerte som skilje mellom slåttemark og beiteeng og/eller som eigedomsgrense. Mykje står til nedfalls no når dei ikkje lengre har nokon funksjon i landbruket. Men framleis vert nokre stølstræ slått, og gjerdemarkeringane slangar seg somme plassar i terrenget, brotne nokre stader, overgrodd andre, men like fullt synlege.

Veitsler, kanalar og oppdemmingar

På og ved nokre stølar vart det bygd veitsler, kanalar og oppdemmingar. På Breiming skal det ha vore vatnveiter. Hiurdi og Tveitastølen har eit vatn- og møkkaspreiingsanlegg ned til garden. Anlegget vart oppteikna og festa på film på 1950-talet. Ein bør vurdere om anlegget er i ein slik stand at det er mogeleg å verna. På Vambaset var Kroasetvatn oppdemma til kvernavatn. I Kyraldsdalen var Demmedalstjørna oppdemd i gamal tid og nytta til kvernvatn på nedre Fenne og Håtveiti. Også ved Skreio var oppdemming til kvernvatn. Det er og gamle vatnveiter på Øyaset og Vinjahagen.

Særkilde hus

Det er nokre døme på bygningar som på særskilt vis er bygd inn i terrenget. På Fljote er det spor/restar av ein flor som er lagt under ein stor stein. På Rasdalsstølane/Røyrbakkestølane er det ein berghammar som har vore nytta som vegg i lambhus.

Stølsområda sin kulturminnestatus

Stølane med stølsbygningar og stølslandskap er viktige kulturminne i landbruket. I Kulturmiljøplanen legg me ikkje inn nokre stølsbygningar eller stølsmiljø då me meiner at alle er like viktige og at kommuneplanen sine føresegner tek omsyn til kulturminneverdiane. Føresegnene i Kommuneplanen sin arealdel legg strenge føringar for endring i stølslandskapet (9.4). Her står det:

- Stølshus skal ikkje frådelast til fritidsføremål.
- I stølsområde skal det berre førast opp enkle bygningar inkludert bislag, i hovudsak i same storleik som dei opphavlege stølshusa, primært på opphavleg grunnmur
- Nye stølshus skal plasserast i samanheng med og med møneretning som samsvarer med eksisterande byggestruktur. Det skal leggjast vekt på tradisjonell material-, fargebruk og byggeskikk.
- Ombygging og eventuell påbygging skal gå føre seg innanfor ein målstokk som er i samsvar med opphavlege bygningar på stølen. Det skal leggjast vekt på tradisjonell material-, fargebruk og byggeskikk
- Terrasse/altan/veranda med og utan overbygg er ikkje tillate.

Figur 6.24: *Støylsmiljø Helgaet. Foto: Kari Molset*

L20 Kløvastein Holo

Klyvjasteinar var nødvendig i den tid ein kløyva med hest. To jamnhøge steinar med plass slik at ein hest kunne stå mellom, fungerte bra. Klyvjasteinar fann ein i gardstunet og på stølen. Nokre få er bevarte på stølane.

På støylen Holo står to klyvjasteinar.

Figur 6.25: *Klyvjasteinane ved Holo. Foto: Anja Ø. Ryen*

L21 Kastrøys, Raudkjeldo

Ved Raudkjeldo ligg to større og fleire mindre røyser langs vegen. Det har vore sagt forskjellig om kva desse røysene har for slags opphav. Nokon har sagt at dette var røyser som bøndene sanka saman som kastevåpen då dei skulle møta kong Sverre. Andre har lurt på om det kan vera gravrøyser. Likevel er den mest trulege forklaringa at dette er varp, dvs. ein steinhaug som vart til ved at alle som gjekk forbi kasta på ein stein. Dette for at det skulle gå dei sjølve og dyra dei hadde med seg vel. Denne tradisjonen lev og i dag. Mange tør ikkje gå forbi her utan å kasta på ein stein.

L22 Budeieløftet

Om lag halvvegs mellom garden på Finne og stølen på Kviting ligg «budeieløftet. Dette er åtte steinar i ulik storleik. Historia fortel at her brukte folk og buskap å ta pause på veg opp til stølen. Budeiene skulle løfta på steinane, for å måla kor sterke dei var. Når dei gjekk ned att på hausten løfta budeiene steinane på ny. Då kunne ein måla kor mykje sterkare ein hadde vorte i løpet av sommaren.

Steinane ligg der i dag, og er eit minne etter ein lokal tradisjon som utvikla seg som ein del av stølskulturen.

Figur 6.26: *Kor tungt kan du løfta? Foto: Anja Ø. Ryen*

Bualoft

Bualofta er ein bygningsform som truleg har utvikla seg tidleg i mellomalderen. Bygningen har fylt ein funksjon som eit hus både for lagring av mat, for gjester og for viktige samlingar på garden. Bualofta er i dei fleste høve tømra i to høgder og kan ha ein eller to sidesvalar og endeskot. Første etasje kan vera gamal årestove som seinare er bygd på ei høgd til. Ein finn ofte to stilartar frå ulike tidsepokar i same bua. Bualofta var ofte det fyrste huset på garden som fekk innsett vindauge, og vart difor i einskilde område kalla glasstove. Taket var tekt med never og torv, men seinare med skifer. Buene står normalt på ringmur av naturstein, men dei kan og stå på stabbar.

L23 Finnesloftet, Vossavangen

Loft og bu er omgrep som vert nytta om bygningar som ikkje var i dagleg bruk, slik stova var. Korkje loft eller bu hadde eldstad. Lofta med bu og loft – bualoft – er velkjent på Voss. Mest kjent av lofta er nok Finnesloftet, Lydvaloftet og Ringheimsloftet. Desse type bygningar finn ein på nesten alle gardar.

Figur 6.27: *Finnesloftet. Foto: Fortidsminneforeningen.*

Finnesloftet vart truleg bygd sommaren 1295 av stormenn på garden Finne på Voss. Undersøkingar av treverket har vist at tømmeret vart hogt vinteren 1294/95. Det spesielle med måten Finnesloftet er bygd på, er at det har liggjande tømmer i første høgda og stavverk og ståande konstruksjonar i andre høgda. Veggane i andre høgda liknar veggane me finn i stavkyrkjer, og i dag finst det ingen andre verdslege bygningar att i Norge som er bygde på denne måten.

Bygningen er tydeleg påverka av både tømmerbygging, stavkyrkjer og normannisk steinarkitektur. Den siste påverknaden viser seg mellom anna i forma på dørene i andre høgda, med kopla søyler på sidene og tredobbel boge

over døra. Første høgda er sett saman av to lafta tømmerkjernar med ein liten passasje mellom. Svalgangane på sidene er nye, og det er uvisst korleis dei såg ut i mellomalderen. Andre høgda har òg to rom, eit stort og eit lite, med svalgang på begge langsidene.

Mest truleg vart bygningen ført opp for fest- og representasjonsbruk. I mellomalderen vart Finnesloftet truleg ikkje berre brukt av den mektige Finne-familien, men òg leigd ut til andre. Kokinga og brygginga gjekk føre seg i ein separat bygning. Det største rommet var møte- og festrommet. Veggane har vore dekte med vovne teppe. Det var vanleg å setja borda i hesteskoform langs tre veggar, og gjestene sat berre langs eine sida av bordet. Då var det plass til rundt 50 personar til bords.

Rett innafor inngangsdøra, ligg ei helle med 17 og ei halv skålgrop. Fem av gropene er usikre, to går gjennom steinen (løftehull?). I ei av desse sit ein trebit/plugg.

Finnesloftet har sidan 1891 vore eigd av Fortidsminneforeningen, og er automatisk freda etter kulturminnelova.

L24 Lydvaloftet

Lydvaloftet er bygd før svartedauden i 1349, kanskje til og med før 1300. Loftet heitte opphavleg Oppigardsloftet og stod mellom andre gardshus i tunet på Lydvo.

Loftet, som har lafteverk i begge etasjane, var eit heilt vanleg brukshus med matlager i første høgda og klede og gjestesenger på loftet i andre høgda. Andre høgda vart kalla loft, og dette har gjeve namn til bygget. Huset hadde òg ein tredje høgd som vart meir tilfeldig brukt. Rominndelinga er heilt etter tradisjonen. Opphavleg har dei øvste tømmerstokkane i første høgda vore lengre, og bore ein svalgang som gjekk rundt loftet i andre høgda. Loftet vart seinare ombygt.

Lydvaloftet er kanskje mest kjent for ei pryddør i andre høgda, med figurmålingar på beitskiene og treskurd på veggstokkane attmed døropninga. Dei måla dekorasjonane viser at dette har vore eit loft for storfolk. For eit par år sidan vart det påvist fleire runeinskripsjonar i veggane både i Finnesloftet og Lydvaloftet.

Lydvaloftet har sidan 1909 vore eigd av Fortidsminneforeningen, og er automatisk freda etter Kulturminnelova.



Figur 6.28: *Lydvaloftet. Foto: Fortidsminneforeningen*

L25 Ringheimsloftet

Garden Ringheim ved Lundarvatnet er mellom dei største på Voss. Han er delt i åtte bruk og fire gardsnummer: Store-Ringheim, Indre Ringheim, Nedre Ringheim og Vetle Ringheim. På Indre Ringheim står eit loft frå mellomalderen, frå før 1349. Dette loftet har vakre pryddører, og sjølve laftinga er meisterleg gjord. Saman med Finnesloftet og Lydvaloftet står Ringheimsloftet som minnesmerke over vestnorsk byggjekunst i høgmellomalderen.



Figur 6.29: *Teikning av to av gardane på Ringheim, Indre og Vetla. Mellomalderloftet er i midten, merka «Loft Anders».*
Teikning: Arne Berg

7. Samferdsle

Gamle vegar og bruer gjev inspirasjon til undring og ettertanke. Kven bygde desse vegane? Korleis var det ein vinterdag å koma seg frå stad til stad? Ferdsel langs gamle og ulendte fjellvegar gjev eit innblikk i korleis sjølve omgrepet samferdsle har fått ei heilt anna tyding i vår tid.

Folk i tidlegare tider visste ingen annan måte å koma til andre daler og bygder på, enn ved å nytta båt, hest eller føtene. Handel, skattebetaling, kyrkjeliv, krigføring og erobring var noko av grunnen til utferdstrongen. Når hausten slo feil på dei skrinne fjellgardane og dei ikkje kunne brødfø familien, vart behovet for å skaffa korn viktig. Mange ferdselsårer vart knytt frå innland til kyst.

Korleis folk fann fram dit dei skulle, utan skilt, kart og kompass veit me lite om, men det var vanleg å nytta markante landemerke som fjell og vassdrag for å orientera seg i landskapet. Dei vanlegaste ferdselsårane var også ofte varda. Tidlegare tiders ferdsel fylgde dei tørre og lett framkommelege partia i landskapet. Ein valde gjerne ein omveg for å unngå våtmark, eller spesielt bratte parti. I dag har ein helt andre moglegheiter til å leggja veg der ein ynskjer, utan same omsyn til naturgjevne hindringar. Mange av dagens riks- og fylkesvegar følgjer likevel dalbotnen langs dei store elvene, kor me kan rekna med at det har vore ferdsel til alle tider («På vandring i fortiden», NIKU, 2003).

Voss herad kan by på ei lang og variert historie når det gjeld samferdsle. Både i kraft av eiga industriproduksjon, reiseliv, og Granvin si plassering som bindeledd mellom nabobygdene. Kontakten mellom dei ulike bygdene – ved kyst og i innland – har vore stor og variert.

I band IV av nyutgjevinga av Vossabygdene (2020) er det hefta inn eit kart som viser kvar dei viktigaste vegane gjekk gjennom bygda i 1343.

7.1. Utvalde kulturmiljø

Nr.	Kulturmiljø	Omsynssone
S1	Loddevarden	H570_13
S2	Oksen	
S3	Holveg og brufeste, ved Kyrkjeteigen	H730_21
S4	Stalheimskleiva	H730_22
S5	Skjervet	*
S6	Saltvegen gjennom Folkedal	H730_23
S7	Klyvjaveg Føjelestølen–Mokedalen	H570_14
S8	Kongevegen / Postvegen	H730_24
S9	Storestigen	H730_25
S10	Båbrua, Tvildemoen	
S11	Sverrestigen, Rastadlia	
S12	Giljarhus bru	H730_24
S13	Oppheim bru	H730_24
S14	Bruer ved Svelgane	
S15	Bruer i Teigedalen: Fadnes bro og Straumabrua	H570_15
S16	Grjotland bru	H730_26
S17	FV79 frå Lussand til Eide	
S18	Sjøvegen frå Vossabygdene	
S19	Postbryggja i stein ved Evanger	H730_27
S20	Ferjestaden Kvanndal	
S21	Lokstallen, Vossavangen	**
S22	Ygre stasjon	H730_28
S23	Hardangerbana	

- = Del av nasjonale turistvegar

** = Har omsynssone i reguleringsplan for Vossavangen, vedtatt 2021.



Figur 7.1: *Oversiktskart som viser lokaliseringa av omtalte kulturminne og kulturmiljø knytt til samferdsle omtala i kulturmiljøplanen.*

S1 Loddevarden

Ein markant varde står på eit leite øvst i Vossedalen, sørvest for Evanger. Stien her er brukt som kyrkjeveg mellom øvre del av Bergsdalen og kyrkja på Evanger. Her har det vore kyrkje sidan 1300-talet. Det har òg gått buføring til stølar i området, fedrifter til Bergen sidan mellomalderen, og annan ferdsel før det. Staden er ein naturleg kvilestad på vegen.

Ei historie knytt til Loddevarden står i Bergsdalsboka. Det var eit følgje på heimveg frå barnedåp i februar 1820 som kom ut for ein snøstorm ved Loddevarden. Mor til barnet visste at det kunne stå om livet for småjenta dersom ikkje resten av turen gjekk raskt. Ein sprek ung mann frå Rødland, som var god på ski, skulle ta henne med. Han pakka småjenta godt innom vampen ved bringa og sette av stad frå dei andre, beinaste lei mot Rødland. Og det gjekk godt! I 1847 gifta mannen, som var vorte enkemann, seg om igjen med nettopp denne jenta!

Johannes Gjerdåker nemner også Loddevarden i boken «Stølar i vossafjell» (side 302) i forbindelse med vegen over til Bergsdalen.

Figur 7.2: *Loddevarden. Foto: Helge S. Titland*

Vardar

Ein varde er oppstabla stein som skal tena som merke for sti i fjellet, sjømerke ved sjøen, grensemerke eller eit trigonometrisk punkt. Omgrepet vert òg nytta på ein vete, som frå gammalt av kunne vera eit vakttårn eller ein stad der det vart gjort i stand eld for å varsla over lange avstandar.

Vardane skulle visa veg gjennom skodde og snø i fjellet, og vera seglingsmerker for dei som ferdast til sjøs. På vardane eller sjømerka var det gjerne måla ringar eller fargar for at dei skulle vera lett synlege, og for å skilja dei frå kvarandre. Sjølv i dag med GPS som eit viktig verktøy i navigering, er dei synlege vardane, fyrane og spesielle naturformasjonane dei viktigaste hjelpemidla til å halda båten på rett kurs og finna rett hamn.

Vardar langs stiar og veg i fjellet, har vore vanleg og viktig for å visa veg og markera stien. I over to hundre år er vardar og vore brukt i samband med oppmåling. Dei er brukte som grensemarkeringar og til trigonometriske punkt.

Vardane kan vera av varierande storleik og alder. Å halda ved like vardar fordrar at ein tar omsyn til den originale forma og utsjånaden til vardane. Nokre vardar skal vera «luftige» og store, andre er mindre og tettare. Det har dessutan oppstått eit nytt fenomen, nemleg at folk byggjer nye vardar eller byggjer på eksisterande vardar. Nye vardar kan vere uønskt, og kan forstyrra både dei opphavelege vardane sin funksjon, men og tryggleiken dersom vardane vert bygd utanfor stien. Påbygging av vardar kan dessutan øydelegga dei som kulturminne (Riksantikvaren.no).

Vetar

Ifylgje Snorre var det Håkon den gode som på 950-talet innførte vetar som varslingssystem i Norge. Vetane var vedstablar som vart reiste på bestemde fjelltoppar nær kysten og «inn i landet så langt laksen gjekk». Vetane vart tente når fienden nærma seg, for å mobilisera leidangen som var datidas forsvarsorganisasjon. Landet var inndelt i skipreider som skulle stilla skip, mannskap og proviant til Kongens rådvelde for eit bestemt tidsrom. Alle angrep på landet kom på den tida frå sjøsida. Snorre seier vidare at det ikkje gjekk meir enn sju netter frå den fyrste veten var tent i sør til den nordlegaste på Hålogaland.

Veteordninga vert omtalt i dei gamle landsdelslovene, spesielt omfattande i Gulatingsloven. Ho skildrar detaljert når vetane skal tennast, kven som skal halda vakt, kva plikter vetevakta har, straffa for å forsøma vakta, tenna veten i utrengsmål og for ikkje å tenna veten når det skulle vore gjort. Seinare vart veteordninga regulert av både Magnus Lagabøters Landslov av 1274, som gjorde det påboden å bygga vakthus med tak og fire dører, og Christian IVs Norske Løyve av 1604.

Vetesystemet inne i landet og mot svenskegrensa vart først bygd på 1600-talet. Gjennom dette hundreåret vart systemet rusta opp over heile landet, og fekk den største utbreiinga si på 1700-talet under den Store nordiske krig. Angrep frå Sverige hadde på denne tida avløyst fara frå sjøen. Systemet med vetevakt var i bruk siste gong i åra 1807–1814 då Norge var i krig med England under Napoleonskrigane (Riksantikvaren.no).

Studerer me kart ser me at det ved høgder og toppar ofte står namn som vert knytt til vetane. Namna kan ha for- eller etterstaving med vakt, vete, vite, varde eller våtta, avhengig av kvar i landet me er. Eit døme er Trænsveten og Håraldsveten, som begge ligg i Voss herad.

S2 Oksen

Frå Oksen, 1241 moh, har ein storslått utsikt 360 grader til nesten heile Hardanger, til både fjord og fjell: Samlafjorden, Sørfjorden, Eidfjorden, Granvinsfjorden, fjellområda på Voss og i Hardanger.

Oksenhalvøya stikk ut i Hardangerfjorden frå nordsida. På fjellet her var det i mellomalderen ein vete, som skulle varsla leidangen i Ullensvang om det kom fiendtlege skip. Rundt år 1000 oppretta kongen eit landvern ved å dela landet inn i skipreider. Kvar skipreide skulle halda eit skip med mat og mannskap, naust, segl og vedlikehald av utstyr. I Kinsarvik låg eit slikt skip. Som del av dette landevernet skulle det også byggast vetar og haldast vakt på fjell med fri sikt, når det var utsikt til ufred. Kom det skip skulle veten tennast, og såleis område varslast.

Frå veten på Oksen har me vidt utsyn over fjord og fjell. Her kan me sjå restar av den gamle veten som skulle varsla leidangen i Ullensvang om at det var fiendtlege skip på veg. Håkon den gode skipa tett før år 1000, landvern ved å dela landet inn skipreider som kvar skulle halda eit langskip med mat, mannskap, naust, segl, og utstyr i god stand. Kinsarvik var sete for Skipreideadministrasjonen i Ullensvang. Som ein del av dette landvernet skulle det og byggjast vetar, og haldast vardevakt på fjell med sikt. Dei som var vardevakter skulle varsla når fiendtlege skip kom. På Oksen var det ein slik vete med vaktbu. Vaktbuene på vetane var firkanta og skulle ha fire dører eller gluggar mot alle verdshjørne, slik at vakta kunne ha utsyn til alle kantar. Veten var oppbygd av tømmerstokkar som vart reiste på ende rundt ei felles midtstang. Bålet vart tend inni denne kjegla og til dette vart det truleg brukt mindre kvistar og liknande.

Gulastingslova hadde reglar om vetar og vakthald. Lova seier at når det er utsikt til ufred skal det vera vetevakt. Kongens fogd skulle gje bod om dette, og dei som ikkje møtte måtte betala bot. Gulatingslova hadde også strenge reglar for vakthald ved vetane. Vaktene måtte ikkje sovna, og dersom det kom ein hær og vetane ikkje vart tende , vart han som var skuld i dette fredlaus. Veten skulle tennast når dei såg eit eller fleire skip. Vakta 3 hadde tre mann som skifta

kvar dag. Dei skulle vera «augneheile, øyreheile og fotheile», ikkje utlendingar og ikkje fredlause. Sokneprest Olafsen skriv i boka *«Viter til paa Sørlandet og Vestlandet»* at vetane var eit temmeleg ufullkome middel å bringa.

Siste gong vetesystemet vart brukt var under Napoleonskrigane (1808–09 og 1814), då også veten på Oksen vart sett i stand.

Figur 7.3: *Fjellet Oksen ligg strategisk til, med godt utsyn over fleire fjordarmar . Oksen er markert på kartet med ring. Kart frå www.norgeskart.no*

S3 Holveg og brufeste, ved Kyrkjeteigen

Ved Kyrkjeteigen, eit utmarksområde lengst nord i Bømoen, kan me sjå spor etter ein svært gamal ferdselsveg. Vegar har i forhistorisk tid og i mellomalder stort sett følgt naturgitte trasear. Dei går på tørre stader og unngår stengsel naturen set så langt det er mogleg. Der ferdselen gjekk på morenar, eller andre lausmassar, vart det slitasjespor i terrenget slik at vegane vart U-forma nedsenkingar, såkalla holvegar (Østmo & Hedeager 2005). Vegfaret er vel 800 meter langt. Holvegen er fleire stader synleg som eit djupt trakk innover skogsbotn, mens den andre stadar er broten av nyare tiltak. Vegen er på dei mest intakte områda over ein meter djup. Slike holvegar er kjent frå heile Europa, og dei har vore nytta over lange tidsrom. Holvegen ved Kyrkjeteigen kan sporast tilbake til mellomalderen.

Holvegen i Kyrkjeteigen går ned til Raundalselva. På den siste biten er det fleire trakk og far som endar mot staden der det har stått ei bru over elva. Her er fleire bratte skrentar, men elva er her på det smalaste og djupaste slik at staden har vore ein føretrekt plass å kryssa. I svaberget ut i elva er det framleis synlege hol som er hogde ut til feste for stolpane. På Bjørke-sida er det ingen spor etter vegen vidare. Her var før dyrka mark og skytebane, seinare er banen utvida i samband med landsskyttarstemnet.

Figur 7.4: *Holvegen ved Bømoen har truleg vore i bruk svært lenge.*
Foto: Pous.

S4 Stalheimskleiva

Frå dei eldste tider i norsk historie har ei av dei viktigaste ferdsleårene mellom det vestlege og det austlege Norge gått over Bolstad–Voss–Stalheim–Gudvangen og Lærdal. Postvegen (objekt S8) mellom Oslo og Bergen vart lagd her i 1647, men i Stalheimskleiva var det berre kløvveg heilt til 1840-åra. Hjulreiskap og vogner var lite i bruk på Vestlandet fram til den tid.



Figur 7.5: *Stalheimskleiva, eit imponerande veganlegg. Foto frå 1890-åra (Knud Knudson, eigar: Billedsamlingen, Universitetsbiblioteket i Bergen (KK 8819(13x18))).*

Regjeringa gjorde i 1840-åra mykje for å betra vegsamband og andre kommunikasjonar mellom landsdelane. For å fremja ei snøggare postføring mellom Oslo og Bergen, fekk kaptein Christian Finne, som var ansvarleg for utbygginga av Bergenske hovudveg, i oppdrag å stikka ny veg gjennom Stalheimskleiva. Denne strekninga er rekna som eit av hans meisterverk. Vegen vart oppført som erstatning for den første køyrevegen som var svært bratt og ueigna for vognkøyretøy. Vegen er ein av de første vegane bygd etter eit tidleg chausséprinsipp, lagt i slynger, anlagd på høge, nærast vertikale tørrmurer.

Dette veganlegget kravde mykje fjellsprenging. Alt vart bora for hand, og sprengt med krut. Ei rekkje arbeidslag var i arbeid, og det var arbeidsfolk frå mange kantar av landet. Dei høge murane har halde seg uendra til denne dag. Nokre få svingar er utvida, og i staden for jernrekkverket er det ein støypekant, men elles er vegen den same: Knapt to km med stigning på 270 m og 14 svingar frå brua og opp til Stalheim. Bendiksvingen og Hatlebrotsvingen har namna sine etter arbeidsformenn. Arbeidet tok tre år, og den nye vegen kunne køyrast i 1846.

Frå 1936 vart vegen sett i stand for køyring med bil og buss. I 1980 vart vegen avløyst av ny riksveg med to tunnelar, Stalheimstunnelen og Sivletunnelen. Vegen har no avgrensa tilgjenge for motorisert ferdsel.

Vegens bratte linjeføring og utsikta til klassisk vestlandsnatur har vore ein viktig turistattraksjon og mykje avbilda. Riksantikvaren freda Stalheimskleiva 21. desember 2009, som ein del av Nasjonal verneplan for veg, bruer og vegrelaterte kulturminne. I tillegg ligg kleiva i Nærøyfjorden landskapsvernområde, ein del av Vestnorsk Fjordlandskap som vart ført på UNESCOs Verdsarvliste i 2005.

S5 Skjervet

Det har vore ferdsel mellom Eide i Granvin og Voss sidan mellomalderen. Dette er omtala i eit diplom frå 1343 frå Voss om fordeling av vegarbeid. Men farbar veg over Skjervet vart det ikkje før først på 1700-talet, og det vart òg etablert skysstasjonar i relasjon til vegen (skysstasjonane på Eide ved Granvinsfjorden, på Øvre Vassenden ved Granvinsvatnet, og på Flatlandsmo).

Figur 7.6: *Skjervet mot aust. Garden Jørdre oppe til venstre. Foto: Svein Nord*

Det bratte fjellpartiet i Skjervet, med den store fossen, var vanskeleg å passera, og ei anna veglinje gjekk truleg om Brekke og Jørdre og ned til Klyve. granvingardane som ligg her oppe, hadde kyrkjevegen sin om Jørdreskleivane.

Frå Voss gjekk også ein mykje nytta veg frå Flatlandsmo over fjellet til Folkedal ved Granvinsfjorden. Vegen gjennom Skjervet vart lagt om fleire gonger på 1700- og 1800-talet. Alt i åra 1817 og 1825 køyrde biskopane Pavels og Neumann her med hest og vogn, men dei store utbetringane kom etter 1840.

Køyrevegen gjennom Skjervet var den første vegsaka som kom opp på det første fylkestinget i 1838. Løyvinga vart vedteken med den grunngjevinga at vegen måtte prioriterast, då det var det einaste køyrevegsambandet mellom Hardanger og Bergen.

Etter ei større omlegging i 1870 vart det samanhengande køyreveg heilt fram til Eide. Det var då på tale å leggja ned skysstasjonen i Øvre Vassenden, men på grunn av behovet for embetsreiser i distriktet for futen og sorenskrivaren, vart skysstasjonen her først nedlagd etter første verdskrig, då bilane overtok.

Under andre verdskrig var det kampar mellom norske og tyske militæravdelingar i Skjervet, 25. april 1940. Norske stillingar i jernbanetunnelane gav eld mot tyske troppar som rykte fram frå Eide.

I 2011 vart den 4080 meter lange Tunsbergtunnelen opna slik at vegfarande no kjem raskt fram, fritt for hårnålsvingar og fossekav. Dei som har god tid kan framleis køyra gamlevegen i sommarhalvåret.

S6 Saltvegen gjennom Folkedal

Ein saltveg var ei rute ein følgde for å henta salt frå kysten til innlandet.

Det er fleire saltvegar i Granvin, mest brukt er vegen via Folkedal til Voss (stølsvegen til Helgastøl og Mikkjelstøl, mot Svortetjørn). Andre gjekk til Raundalen (via Skjerve–Sledasteinen–Tverberg før Raundalen) og Lussand, via Rongastovo (Bordalen) til Voss. I Skipardalen gjekk det minst to ulike saltvegar. Det gjekk òg vegfar via Spildo–Skipardalen og via Seldalen–Rastakleiv–Mjølfjell.

S7 Klyvjaveg Føjelestølen Mokedalen

I sidedalføret nordaust for Steine går klyvjavegen frå Fjelastølen til Mokedalen. Vegen er opparbeidd med trapper i Verkane og ved Klovningane. På Fljote vart stølstrea slegne før i tida. Tufter, rydningsrøyser, klyvjastein, steingardar, spor etter torvgard, kjølebrunn. På nordsida av elva ca. 150 m opp hadde dei før i tida flor under ein stor stein med plass til 20 kyr. På stølen Laudalen skal det vera fjellrabarbra. Området er eit heilskapleg og flott område.

S8 Kongevegen / Postvegen

Den Bergenske Kongeveg / Christiania Postveg går gjennom heradet, frå Bolstadfjorden i vest til Nærøydalen i aust.

Då det norske postverket vart skipa under Christian IV i 1647, heldt dei fram med å nytta den eldgamle ferdslevegen mellom Bergen og austlandet. Frå Lærdal gjekk posten med båt om Frønningen til Gudvangen, og så på land om Stalheim, Oppheim og Vossavangen til Bolstadøyri og vidare om Tysso til Dalseid og Dale. Frå Bolstadøyri til Dalseid ferdast dei til vanleg i båt, og alltid ut fjorden frå Stanghelle til Tunes. Frå Tunes gjekk posten om indre Arna og Borgo, opp Borgaskaret og så ned til Bergen derifrå.
Langs postvegen finn me fem steinkvelvbruer, frå vest mot aust:

- Rekve bru, på fylkesvegen Bulken–Djukastein. Truleg frå tidleg 1800, men vanskeleg å finna byggjeår. Freda kulturmiljø, med gamal mølle mm (objekt T1).
- Skromle bru, Vossestrand. Byggjeår 1905. Større steinkvelvbru. Ligg omlag 50 meter nord for Kongevegen, over Strandaelva. Restaurert i 2005. Her er og restar av ei eldre bru, like nord for denne.
- Sundsvål bru, Sundsvoll på Vossestrand.
- Oppheim bru (objekt S12).
- Giljarhus bru (objekt S11).



Figur 7.7: *Illustrasjon av Postvegens trase frå Bergen til Gudvangen.*

S9 Storestigen

I sommarhalvåret gjekk postvegen inn Evangervatnet, men når det var meinis (dårleg is) her, måtte posten ta ein annan veg; frå Horvei, opp den bratte Storestigen, over Bjørgo og Brunborg til Evanger.

I 1784 skriv vegmeister Krogh til stiftamtmannen i Bergen: *«gjennom Watsværens Thinglag var det et forfærdelig veistykke kaldet Homannstien der posten måtte gå når Evangervannet var ufremkommelig».*

Arnfinn Bjørgo skriv i boka Storestigen: *«Ein stad er vegen skoten inn i ein loddrett fjellvegg, Naole, i ein halvtunnel. Det er Storestigen, bygd av Staten i 1880. Før den tid var det murt ein trappestall inntil fjellveggen, også den kosta av Staten, slik at det let seg gjera for folk å koma opp. Det var i 1784. Men det var ikkje farande for hest eller storfe. Då måtte ein fara ein lang og tung omveg om grannegarden Rørgo, Neverstigen, Dunsen og Fyrde før ein nådde bygdevegen».*

Storestigen vart òg kalla Homannstigen i tidlegare tider. Fossen heiter Homannafossen eller Homannsfossen. Opphaveleg vart fossen kalla Hoffmannafossen. Det er ei segn til dette namnet: Ein hirdmann rømde med ei kongsdotter inn Bolstadfjorden. Kongens menn sette etter dei, og for å redda seg kleiv dei opp eit ofseleg flogberg ved fossen. Desse to fredlause skal vera dei første som busette seg på fjellgarden Bjørgo. Vegen om Storestigen og Bjørgo var til sine tider ein del av postvegen Bergen–Voss, før Vossebanen vart opna i 1883. Då vart posten rodd eller sigla til Bolstadøyri, køyrd til Ståi, og rodd til Evanger, så vidare med hest til Voss. Når det var meinis eller storm på Evangervatnet, laut posten berast i store lærskrepper frå Horvei, om Bjørgo, Vindeggi og Brunborg, til ein nådde Forvo og køyreveg til Voss.

Frå 1880 var dette ferdavegen til fjellgardane Rørgo, Bjørgo og Geilane. Alt av varer vart bore på rygg eller kløyva med hest. I 1952 fekk gardane bygd taubane frå Horvei og opp til Pertreet, der Bjørgasaga står i dag.

Olaf Helland, fødd 1922, var postmann i bygda frå 1963 til 1991. Det er kanskje ingen som har gått Storestigen så mange gonger som han. Uansett ver tråla han Storestigen og fjellgardane i 27 år. Posten skal fram! Bilveg og ny tunnel gjennom Nåli sto ferdig i 1990, og avløyste Storestigen som einaste ferdaveg til fjellgardane. Før dette rasa noko av muren og trappene ut, slik at det var vanskeleg å ta seg fram. I 2002 vart muren og trappene vølt. Nok ein gong var det Staten som kosta arbeidet, denne gongen med kulturmidlar frå Statens vegvesen. Då muren vart vølt, fann ein greiner av brake (einer) inne mellom steinane, som har vore lagt der som armering. I 2010 vart det sett opp nytt rekkverk, utført av Vassvøri Sogelag. Dette erstatta eit rekkverk som bøndene på fjellgardane sette opp i 1926.

I dag er Storestigen eit stolt kulturminne, og vert nytta som turveg.

Figur 7.8: *Storestigen. Foto: Anja Ø. Ryen*

Elvekryssing og bruer

På dei gamle ferdselsvegane har elvekryssing utan bru, vad, vore vanleg. Slike vad kan vera kulturminne i den grad vegtraseen er lagt opp for å møta elva på eit høveleg kryssingspunkt; og ofte ser ein også at det er lagt ut steinar i elva slik at elveløpet kan kryssast ved å hoppa frå stein til stein. I fjellet finn ein framleis slike «hoppesteinar» av uviss alder. Nede i låglandet kjenner me ingen slike tilrettelagde vad, men minnet om slike gamle vad er bevarte gjennom stadnamn; t.d. *Tjuavadet* i Holeelva i Holbygda.

Over elvene i vossebygdene har det alltid vore naudsynt med bruer. Bruene er av mange ulike konstruksjonar: enkle heller eller stokkar lagt over elva, trebruer, steinbruer og jarnbruer. Nokre av bruene er lagt med militært føremål, andre er lagt i samband med jernbana.

Dei eldste dokumenterte bruene er Båbrua, Åsbrekkebrui og Bjørkebrui, som er nemnt i vegabotbreva frå 1342/1343. Bruene som står på plassen i dag er ikkje dei opphavlege, men har likevel høg kulturhistorisk verdi når staden har vore nytta til same føremål over mange hundre år.

S10 Båbrua, Tvildemoen

Ved Båbrua har det til alle tider vore eit viktig kryssingspunkt over elva i sambandet mellom Vangen og austre delar av heradet og til Hardanger. Heilt sidan mellomalderen har det vore trebruer her. Like ved noverande bru ligg framleis dei gamle brukara. Steinkvelvsbrua som står her i dag var ferdig i 1900, og vart sett opp av Forsvaret. På andre sida av brua ligg Tvildemoen, som frå 1883 var eksersisplass og fast militærleir fram til 1998.

Opptakten til ei viktig hending i Norgessoga utspelte seg ved denne brua i 1177, då kong Sverre Sigurdsson og birkebeinarhæren hans på veg austfrå til Bergen møtte så sterk motstand at dei måtte snu og dra attende same vegen som dei kom (Helleve, red. 2021). Sjå objekt S11.

S11 Sverrestigen, Rastadlia

Kong Sverre og Birkebeinarane kom austfrå og skulle til Bergen hausten 1177. Ved Båbrua på Voss (objekt S10) møtte dei motstand og måtte trekkje seg attende same vegen som dei kom. Men no valde dei å gå Rastadlia i staden for den Gamle Raundalsvegen om Raudkjeldo. Bonden på Klyve gard hjelpte dei med å finna vegen i den bratte fjellsida. Det var omlag 350 birkebeinarar med hestar og utstyr som tok seg fram. Det er uråd å sjå at dette var mogleg, men med jarnboltar i berget og stokkar over dei styggaste svaberga, kom dei seg fram.

Det mest utsette partiet av denne gamle ferdslevegen i Rastadlia, vert no kalla "Sverrestigen". Den er merkt og sikra, og ligg der no som eit kulturminne.

Figur 7.9: *Sverrestigen. Foto: Lyder Veum*

S12 Giljarhus bru

Ovanfor gardane på Giljarhus kryssar Kongevegen/Postvegen elva. I 1789 vart det bygd ei flott steinkvelvingsbru over elva. Brua er i god stand, og ein del av kulturmiljøet Haugsvik–Stalheim.

Figur 7.10: *Giljarhus bru ved Haugsvik.. Foto: Liv Lyngstad*

S13 Oppheim bru

Oppheim bru er ei steinkvelvsbru frå 1780–1790, og ein del av Postvegen (objekt S8). Oppheim bru ligg på kommunal veg. Denne har i dag alvorlege skadar, og vegen er difor stengt for all trafikk.

Oppheim bru er svært verneverdig i seg sjølv, og fredningsverdig som del av miljøet langs den gamle Postvegen.

Figur 7.11: *Oppheim bru, slik den framstår i dag. Foto: Anne Arneberg*

S14 Bruer ved Svelgane

Ved Svelgane, på grensa mot tidlegare Granvin herad, finn ein to steinkvelvbruer.

Svelgane I, som ligg like inntil Rv 13, er frå 1910–20. Denne ligg like ved Svelgane rasteplass, og inntil Rv 13.

Svelgane II ligg noko bortgøymd langs gamalt vegfar, 200–300 meter frå Svelgane I, og på andre sida av Rv 13. Denne er frå 1700-talet, og er truleg den eldste steinkvelvbrua i Voss herad.

Steinkvelvsbruer

Steinkvelvbruer er ein svært gamal byggjemåte. Mura kvelv- og bogekonstruksjonar er kjend frå Egypt og kulturane i Midtausten, men det var romarane som for alvor tok i bruk og utvikla teknikken, og som førte den til Europa. Nøyaktig kva tid dei første steinkvelvsbruene vart bygde her i landet veit me ikkje, men me reknar med at byggjemåten vart teken i bruk i mellomalderen. Den eldste steinkvelvsbrua me kjenner er Smedbrua ved Kongsberg, bygd i 1624. Men det skulle gå lang tid før det vart noko større vegbygging her i landet. Fyrst på 1800-talet skaut det fart, med større krav til transport. Framleis var det hest og kjerre som var reiskapen. I perioden 1880–1900 vart det bygd mange steinkvelvbruer, kanskje dei fleste som me kjenner til i dag. I Voss herad finst fleire. Steinkvelvsbruer krev generelt lite vedlikehald, men det er viktig at ikkje røter får veksa inn i konstruksjonen då dei kan bryta den sund.

S15 Bruer i Teigedalen: Fadnes bro og Straumabrua

I Teigdalen finns to godt bevarte nærast likt utforma steinkvelvbruer: Fadnes bru og Straume bru, begge bygd i 1890-åra. Byggjemåten på bruene har spesielt slak boge. Ein kjenner ikkje til andre bruer her i landet med så flat boge.

Steinkvelvsbruene var ikkje dei første bruene i Teigedalen. Postvegen mellom Horvei og Evanger gjekk her når det ikkje var framkommeleg på Evangervatnet. Me har opplysningar om ei bru oppført på Fadnes i 1767. Dette var ei trebru, kanskje såkalla utleggsbru. Under landkaret på sørsida av noverande steinkvelvbru, kan ein sjå ei hylle i fjellet. Ein må rekna med at ei gamal bru har lege på denne hylla.

Etter kvart som bilane tok over transporten først på 1900-talet, vart Fadnes bru i smalaste laget. I 1928 vart det difor bygt ei ny bru oppå den gamle, ved at det vart mura nye landkar i stein og lagt stålbjelkar som berande konstruksjon. På 1970-talet vart brua gjort enno breiare. Med dette vart den opphavlege brua knapt synleg. I 2006 vart det så bygd ny bru ved sida av den

gamle. No låg tre generasjonar bruer på same stad. I 2013 vart brua frå 1928 med betongdekke og stålbjelkar fjerna. I 2014 vart steinkvelvsbrua restaurert med nytt grusdekke, nytt smijernsrekkverk og stabbesteinar på begge sider. Etter vel 120 år ser brua om lag ut slik ho gjorde då ho var ny.

Også Straume bru er nyleg restaurert: Vassvøri sogelag, med tilskot frå Statens vegvesen har reparert og måla smijernsrekkverket og rydda av vegetasjon. Det er sett opp informasjonsskilt ved begge bruene.

Figur 7.12: *Fadnes bru i Teigedalen. Foto: Anja Ø. Ryen*

S16 Grjotland bru

Grjotland bru er ei skråstagbru der det er nytta tjukke jarnstenger i staden for wire. Ho vart bygd i tidsrommet mellom 1. desember 1891 (då brua var teikna) og 28. desember 1896 (då tre brukarar betalte for å få eksklusiv bruksrett til brua for all tid).

Figur 7.13: *Grjotland bru ligger like ved E16, og er svært godt synleg. Foto: Svein Ulvund, 2013*

Brua vart sett i stand på 1950-talet. Ho fekk nytt tredekke, og eit par av jernstaga vart forsterka. Voss herad utførte ein del rehabilitering i 2009/2010. Statens vegvesen utførte ei ny rehabilitering i 2016–2017, og brua er no i Staten si eige. I dag er Grjotland i bruk som gang- og sykkelveg, og ligg på privat veg.

Truleg er dette den eldste skråstagbrua i landet. Brua ligg godt synleg frå E16, og er omtalt i Statens vegvesens landsverneplan som objekt 167.

Statens vegvesen har sett i gang prosess om freding etter kulturminnelova §22a.

S17 FV79 Fra Lussand til Eide

Vegen langs nordsida av Hardangerfjorden mellom Øystese og Eide i Granvin, vart bokstavleg talt bygd med handmakt. Anleggsarbeidet tok til i februar 1933, og 9. oktober 1937 opna kronprins Olav vegstykket mellom Øystese og Ålvik ved Fyksesund bru.

Drivinga gjennom det harde grunnfjellet ved Lussand i 1930-åra, den vanskelegaste parsellen langs Hardangerfjorden, var ei stor utfordring for vegarbeidarane.

Figur 7.14: *Drivinga gjennom det harde grunnfjellet ved Lussand i 1930-åra (Kvam herad, tilvekst nr.1993 10205.)*

Vegen mellom Ålvik og Kvanndal vart teke i bruk hausten 1940. Frå hausten 1940 til hausten 1941, bygde over seks hundre mann, fordelte på hundre arbeidslag, vegstykket frå Kvanndal til Granvin.

Våren 1933 kravde arbeidarforeininga at forskotsbetalinga skulle aukast frå 60 til 90 øre i timen. Vegdirektoratet avviste kravet frå anleggsarbeidarane, og frå 22. juli 1933 var streiken eit faktum. Det var lenge stilt om denne arbeidskonflikten. Norsk Arbeidsmandsforbund gjorde fleire forsøk på å få vegdirektøren til å imøtekoma krava. Først eit år seinare, den 2. mai, møttest dei streikande og avgjorde med stort fleirtal at arbeidet skulle takast opp att. Dermed var ein av dei lengste arbeidskonfliktane vestanfjells slutt.

Så seint som i 1920-åra betalte bygda Kvanndal årleg ein sum pengar til kyrkja for at fjellet Bjørgi på hi sida av Granvinsfjorden ikkje skulle rasa ut. Før i tida var slike offer vanlege, spesielt på stader der folk budde slik til at dei var prisgitt dei store kreftene i naturen.

Sjøen og fjorden som transportåre

I eldre dagar var sjøen føretrekt ferdsleveg der det var mogleg, men plasseringa til Granvin, mellom Voss, Ulvik og Eidfjord og Hardangervidda, har òg bidrege sterkt til at det finns tallause små og store ferdselsvegar på land.

Langs fjordane finns det fleire bevare naustrekkjer som fortel litt om kor viktig fjorden var i eldre dagar. Hit kom båtar for å henta blant anna frukt som skulle skipast til Bergen. Bygdene låg nede ved fjordane og ved vatna. Nettopp fordi ferdsel med båt, eller på isen om vinteren var den enklaste og raskaste måten å bevega seg på.

Sjøen opp til vår eiga tid vore den viktigaste ferdselsvegen i Hardanger. Me har kulturminne i form av båtstøer frå mellomalderen i Kinsarvik og på Lofthus, og me har båtar og naust frå nyare tid langs heile fjorden. Frå slutten av 1800-talet fekk me dampskipskaiane. «Dampen» frakta både folk, dyr og anna last, mellom anna frukt. Ved dampskipskaien kom det mange stader handelsmann, postopneri, og telefon. Dampskipskaiane vart ein viktig møtestad for folk i grendene. Dei gamle dampskipskaiane kan me enno sjå i dei fleste grender langs Hardangerfjorden.

S18 Sjøvegen frå Vossabygdene

Frå mellomalderen og fram gjennom hundreåra, veit me at vegen ned dalføret til Evanger, «vossernes dalføre», over Evangervatnet til Bolstad og ut Bolstadfjorden, var den sentrale sjøvegen og byvegen for vossingane. I leidangsskipnaden skulle «Vossaveldi», vossebygdene og Vassveri, også rusta ut langskip. I eit mellomalderbrev frå 1398 er det nemnt at vossebøndene skulle byggja eit nytt leidangsskip på Bolstad. Kjølen skulle vera 30 alen lang, og kvar mann på Voss som betalte kongen skyld og skatt, skulle vera med og dela utgiftene. Me skal ikkje heilt avvisa den tanken at leidangsskipa i mellomalderen måtte ha ein opplagsplass nedanfor den grunne Bolstadstraumen, særleg gjennom vinteren, når Bolstadfjorden fraus til. Då er det nærliggjande å tenkja på vågen ved Skipshelleren.

Sjøvegen over Bolstad var også den faste reiseruta for tingreisande. Etter forordninga av 1784 hadde embetsmennene rett på fri skyss. Bøndene hadde skyssplikt, som kunne vera til stor plage. Ved den nye skysslova av 1816 vart friskyssen avskaffa, og det vart skipa faste skysstasjonar.

S19 Postbryggja i stein ved Evanger

Ved hamneområdet på Evanger, like nedom den gamle kyrkjestaden frå mellomalderen, ligg ei dampskipskai (djupvassbryggje) i stein. Dette er ei av i alt tre postbryggjer i stein i heradet. Det ligg og ei ved Bolstadøyri, og ei i Ståi. Alle steinbryggjene er frå perioden 1800–1850. Knytt til bryggja i Ståi finns det ein gamal vegmur i god stand, frå omlag år 1800. Han er 60–70 meter lang.

«Evanger Landgangsbrygge Evanger Almending» vart ført opp i 1834 av Ole M. Ammundsen Melstvedt frå Hardanger for 280 spesidalar. Ho vart brukt til dampbåttrafikken som batt saman Voss og Bergen. Vossovassdraget har hatt mykje å seia for transport av folk og varer mellom kysten og dei indre bygdene. Likeins har elva vore nytta til tømmerfløyting og vedtransport. I tida Evangervatnet var isfritt var dette hovudvegen mellom Evanger og Ståi. Vinterstid, når det var meinis, vart vegen lagt om Vindeggi.

Bryggja er godt bevart, og vart restaurert i 2019. All grusmasse inni bryggja er fjerna, for å hindra frostskadar på muren. Mindre delar av fundament og mur er teken ned og murt opp att, då noko av muren hadde store setningsskadar. Trappa er forsterka i fronten for å hindra utgliding. Det same gjeld fundament for mur på langsidene. Her er det lagt ei steinrast på utsida av fundamentet for å hindra utgliding. Røter i muren er fjerna. Massen inne i bryggja er erstatta med sortert elvestein/ rundstein for å få god drenering. Området i nærleiken av bryggja er planert. Det aller meste av murstein er brukt opp att.



Figur 7.15: *Evanger bryggje etter restaureringa. Foto: Vossvøri sogelag*

S20 Ferjestaden Kvanndal

«Den svære, asfalterte biloppstillingsplassen med 18 spor dominerer fullstendig, og på oppsida av Fylkesveg 7 ligg ein nedlagd bensinstasjon og ein stengd kiosk; samtidruinar frå tida då ferjesambandet Kvanndal – Utne – Kinsarvik var det viktigaste knutepunktet mellom aust og vest. Ingen ferjesamband hadde lenger ventetid, melde Norges Automobil-forbund i 1971; i vekedagane var det vanleg å venta to-tre timar, i helgene fem. Dei hundremeterlange køane som strekte seg langs den smale fjellhylla kalla E68, var sjølve symbolet på Kvanndal» (Kjersti Mjør og Magnus Mjør i Årboka til Hardanger historielag 2021) .

Figur 7.16: *M/F "Bjørnefjord" ved kai i Kvanndal.*
Postkort: Normann, sluten av 1960-talet

I motsetnad til dei andre ferjeplassane i Hardanger, var og er Kvanndal ein ferjestad. Den første ferja gjekk frå kai i 1940, og deretter vaks det fram eit heilt lite turistsamfunn. Her fekk dei ventande bilistane tilbod om aviser og bær, bensinstasjon, kafe, kiosk og campingplass vaks fram som svar på trafikkauken i sambandet. Om det finns eit trafikk-knutepunkt mellom aust og vest som har hatt historisk tyding; så er det Kvanndal. Dette er historia om samferdsle, turistnæring, ferjehistorie, tekniske nyvinningar og ferieminne for dei som måtte planleggja nær ein dag i venting. I dag gjeng det meste av trafikken mellom landsdelane utanom Kvanndal. Dei 18 spora fyllast av ei handfull bilar, og soling på plenen i vente på å kome over fjorden høyrer fortida til.

Me har valt å ta heile anlegget med ferjekai, bensinstasjon, kiosk og campingsplass inn i Kulturmiljøplanen, utan å legge omsynssone her. Målet er ikkje å leggje band på utviklinga i ferjestaden, men å synleggjera dei fysiske spora i Kvanndal og det mangfaldet av forteljinga som ligg i dei bygde omgjevnadane her.

S21 Lokstallen, Vossavangen

Voss stasjon vart etterkvart utvida til å verta ein av dei største stasjonane på Bergensbana. I tida då damplokomotiva rådde, var det bytte av lokomotiv her for alle tog. Dette kravde både ei svingskive for å venda lokomotiva, og ein ringstall med heile 18 spor der lokomotiva stod når dei ikkje var i trafikk. Etter at bana vart elektrifisert på 1960-talet, var det ikkje lenger lokomotivbytte på Voss.

Figur 7.17: *Lokstallen i Voss, foto 2014. Foto: S. Ulvund*

Vossebanen
«Vossebana», jernbana frå Bergen til Voss, vart vedteken bygd i 1875 og opna i 1883. Anleggsarbeidet var vanskeleg og farleg, særleg langs Sørfjorden, Bolstadfjorden og Evangervatnet. Mange stader rodde arbeidarane til arbeidsstaden, som frå Tysso på hi sida av Bolstadfjorden. Dei budde på gardane langs traséen. Ein del var svenske «rallarar».

Skikkeleg handverk er å sjå i alle dei mura kvelvingane over linja. Dei vart mura mellom 1918 og 1932, for å verna mot stein og jøklar. Skredfaren gjorde at det på vinteren den første tida berre gjekk eitt tog kvar veg heilt til Voss. Då kunne dei køyra det farlegaste stykket mellom Trengereid og Evanger i dagslys.

På Voss førte jernbanen til ei stor endring av næringsgrunnlaget i bygda. No kunne takskiferen sendast ut av bygda. Tømmeret kunne skjerast til plankar og bord. Før laut det fløytast ut på elva som rundtømmer. Mjølk kunne seljast til Bergen. Eksismoar og skular vart lagde til Voss, og Vangen vaks fram som handelssentrum. Før jobba nesten alle vossingar i jordbruket, no kom andre næringar til.

Voss stasjon var endestasjon då Vossebanen opna. Då Bergensbanen vart opna til Oslo i 1909, var den offisielle markeringa med kong Haakon VII på Voss stasjon.

Voss stasjonen var frå 1935 utgangspunkt for sidelinja Hardangerbana (Granvinsbana) som gjekk til Granvin. Denne linja vart lagt ned for passasjertrafikk i 1985, og heilt nedlagt i 1989. Strekninga til Palmafossen vognlastterminal vart bevart som sidespor.

S22 Ygre stasjon

Ygre stasjon ligg like nedom vegen mellom Vangen–Mjølfjell. Stasjonsbygninga på Ygre vart reist på Nesttun stasjon i 1879–80. Dei aller fleste stasjonsbygningane på Vossebanen var like. Arkitekten var Balthazar Lange og typen heitte mellomstasjon klasse 4. Stilen er sveitserstil, som moten kravde.

Figur 5.18: *Ygre stasjon. Foto: Anja Ø. Ryen*

Ygre er den einaste av dei gamle vossabanestasjonane som har takutbygget intakt. Frå dette kunne ferdafolket gå tørrskodde på toget, plattformkanten låg nær takutbygget. I 1904 vart det bygt heilt ny stasjonsbygning på Nesttun (riven i 1981), medan den gamle vart flytta til Ygre. Første tida på Vossebanen husa ein slik stasjonsbygning alt. Nede var det kontor, venterom, godshus og do. Oppå budde stasjonsmeisteren med kone og barn.

Den mest autentiske vossabanestasjonen ligg altså no på Bergensbanen. Uthuset på Ygre er jamgamalt med Bergensbanen. Ygre, er eit fint døme på «Bergensbanestilen» på stasjonsbygningane. Stasjonen er måla på gamlemåten, i fleire fargar som framhevar det fine listverket (Grind.no).
Stasjonsanlegget på Ygre er vedtaksfreda av Riksantikvaren.

S23 Hardangerbana

Gjennom Hardangerbana (opphavleg Granvinsbana) er Granvin òg del av norsk jernbanehistorie. Bana ble offisielt opna 30. mars 1935, som elektrifisert bane. Dette var òg den første bana til NSB som var elektrifisert frå byrjinga. Persontrafikken ble lagt ned 1. juni 1986. Fire år seinare, i 1989, vart òg godstrafikken nedlagt.

Ideen om jernbane mellom Voss og Granvin kom første gong opp under bygginga av bana mellom Bergen og Voss, og vart tatt opp på nytt under bygginga av Bergensbana. Sjølv om bana opplevde større passasjertrafikk enn forventa, var det likevel godstrafikken som dominerte. Endestasjonen var Djupvasskaia i Granvin. Her vart gods skipa ut på fjorden.

På slutten av 1970-talet sank godstrafikken dramatisk, både som konsekvens av konjunkturendringar og konkurranse med lastebiltransporten. Lav akselvekt på jernbana skapte òg store problem for tungtransporten på bana.
I dag er deler av jernbanetraseen bevart som gong- og sykkelveg.

Figur 5.19: *Gamal stasjonsbygning langs Granvinsbana. Det er fint å sjå korleis bygningen har vorte eit fint bolighus, samtidig som uttrykket til bygningen er bevart. Foto: Anja Ø. Ryen*

M/S Granvin

M/S Granvin (Figur 7.19) er på mange måtar den mest synlege representanten for fjorden som transportåre. M/S Granvin vart bygd for passasjar- og bilføring i det viktige riksvegsambandet mellom Aust- og Vestlandet gjennom indre Hardanger, og er difor også ein av våre eldste riksvegferjer. Båten vart bygd ved A/S Mjellem & Karlsen i Bergen for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap i 1931. I hovudsak gjekk M/S Granvin i Sørfjordrutene mellom Odda og Granvin. I perioden 1931–1935 gjekk båten òg i turistrute om sommaren. Slik sett er skipet òg kopla til reiselivshistoria i Granvin og Hardanger og oppblomstringa som reiselivet opplevde før andre verdskrigen.

Ferja kunne frakta 150 passasjerar og hadde plass til tre bilar på dekket. Ettersom trafikken auka raskt gjennom Hardanger, vart M/S Granvin erstatta av eit større skip alt i 1938. Ferja heldt fram med lokalruter i indre Hardanger og tok med bilar når det var nødvendig. Den 9. april 1940 vart M/S Granvin rekvirert til troppetransport for norske soldatar. Blant anna sette skipet i land norske troppar i Ulvik før tyske okkupantar gjekk til åtak på staden.

M/S Granvin køyrde same rute fram til 1987 då rutetrafikken i indre Hardanger vart endra etter opninga av tunell- og vegsambandet mellom Granvin og ferjeleiet i Bruravik. Året etter tok Veteranskipslaget Fjordabåten over ferja og starta arbeidet med å restaurera og tilbakeføra M/S Granvin.

I 1995 fekk ho status som verneverdig fartøy av Riksantikvaren, og den 27. oktober 2011 vart M/S Granvin freda. Med fredinga av M/S Granvin vert ein viktig representant for Norges maritime kulturarv teke vare på. Skipet er eit av særs få attverande ferjer i Norge frå tida då bilferdsla og utbygginga av eit moderne vegsystem enno berre var i emning.

Figur 5.20: *M/S Granvin i Sørfjorden i Hardanger.*
Foto: Ragnhild Hoel / Riksantikvaren

8. Vossavangen

På Vossavangen møtest dalar frå aust, vest, nord og sør, og frå vest var det lett å koma til Vangen over Vangsvatnet. Vangen har difor vore ein naturleg samlingsstad langt attende i tid. Her må det ha vore eit heidensk hov, og her var og tingstaden for bygda. Etter at kong Olav Haraldsson kristna Voss i 1023 vart det her bygd ei kyrkje. Det var ei trekyrkje, som høgst truleg stod der Vangskyrkja står i dag. Vangskyrkja i stein stod ferdig seint i 1270-åra (Helleve m.fl., 2021).

Namnet Vangen vart opphaveleg brukt om flaten vest for kyrkja som var sentrum i bygda. Noko folkerikt sentrum var det likevel ikkje snakk om. Fram til opninga av Vossabanen var Vangen eit jordbrukssamfunn med overvekt av gardar og husmannsplassar i tillegg til nokre få geistlege. I 1801 budde rundt 80 personar på Vangen, i 1865 rundt 160 personar. Så kom Vossabanen i 1883, og Vangen vaks raskt til ein tettstad særleg knytt til handelsverksemd.

Jernbanen førte og til at det kom fleire turistar, og det vart lettare å føra varer inn og ut av bygda. Etter at Bergensbanen opna i 1909 vart Vangen eit endå viktigare sentrum med langt fleire forretningar. Forsvaret la eksersisplassar hit og vidaregåande skular av mange slag gjorde bygda til ein skulestad.

I april 1940 vart Vossavangen bomba som ein del av den tyske invasjonen av Norge. Mellom kyrkja og stasjonen stod berre tre hus att: Voss Sparebank, fengselet og rettslokalet (Helleve m.fl., 2021). Alt i juni 1940 vart det lyst ut konkurranse om ny reguleringsplan for Vangen, og i september vart vinnaren kåra. Juryen samla seg om eit framlegg laga av to vossingar – den relativt nyutdanna arkitekten Leiv Tvilde og arkitektstudenten Arne Berg (Helleve m.fl., 2021). Attreisinga av Vangen var ferdig mot slutten av 1950-åra. Leiv Tvilde teikna dei fleste av husa, noko som var med på å gje sentrum eit heilskapleg uttrykk.

Figur 8.1: *Vossavangen sett frå vest 1870. Foto: Knud Knudsel/Voss folkemuseum.*

8.1. Utvalde kulturmiljø

Nr.	Kulturmiljø	Omsynssone
V1	Vossavangen	
V2	Finne	H570_16
V3	Gullfjordungen	H570_17
V4	Ringheimvegen/Rognsbakken	H570_18
V5	Hagebyen	H570_19



Figur 8.2: *Kart ved de utvalde kulturmiljøa nær Vossavangen. I tillegg finns fleire miljø regulert i områderegulering for Vossavangen, vedtatt 2021.*

V1 Vossavangen

Tettstaden Vossavangen er ein særeigen vev av bymessig murarkitektur, trehus i hagar og landbrukseigedomar omkransa av dyrka mark. Denne strukturelle vevnaden er synleg frå nær sagt alle punkt i landskapet på Vangen, og dannar eit visuelt og kulturhistorisk spenn me meiner det er stor verdi i å verna om.

Gjennom Sentrumsplanen fekk bygningsmiljøet i Vangen sentrum ei grundig analyse og regulering og me går difor ikkje nærare inn på det området i denne planen. Me ynskjer i kommunedelplanen for kulturmiljø å framheva fire bustadsmiljø i randsona til sentrum. Desse meiner me har verneverdige kvalitetar me må ta særleg omsyn til ved framtidig utvikling og fortetting. Målet er ikkje å konservera området. Det skal framleis vere mogleg å byggja på, byggja ut og byggja nytt, men i desse områda skal endringar ikkje bryta med strukturen og det heilskaplege estetiske inntrykket.

Figur 8.3: *Gjenreisingsbebyggelse i Vangsgata.*
Foto: Kulturhistorisk stedsanalyse for Voss sentrum 2018/Asplan Vias

V2 Finne

Finne ligg sentralt og ope til i landskapet. Arkeologiske funn tyder på at det har budd folk her sidan tidleg folkevandringstid. I middelalderen var Finnegodset ein viktig storgard i nasjonal samanheng (sjå og objekt A8 og L23).

Bygningsmiljøet i dette historiske området er i dag ei blanding av ein gildehall frå 1295, gamle landbruksbygg, tyske officerbungalower og bustadshus i sveitserstil på dei flate tomtene på nedsida av Finnesvegen. På oppsida av vegen finn ein mykje typehus bygd rett etter krigen, i stor grad av jernbanefolk. Her finst òg nyare arkitektteikna hus som er inspirerte av Finnesloftet. Området er omkransa av jordbruksareal som sauebeite, eplegard og grønnsaksproduksjon på Finnegarden.

Figur 8.4: *Finnesloftet med omkringliggande bygningar.*
Foto: Reidar J. Myklbust

V3 Gullfjordungen

I Ullestadvegen og Lekvebakken i aust er bygningane kjenneteikna av store, særprega villaer i sveitserstil, dragestil og jugendstil. Lenger mot vest er bygningsmiljøet i hovudsak lågmælte førkrigshus på rekkje og rad langsmed Gullfjordungsvegen og jernbanelinja. Området er kjenneteikna av velhaldne trehus i frodige hagar og er i stor grad Vangen sitt andlet mot reisande på jernbane og veg.

Figur 8.5: *Åsly. Velhalde trehus i frodige hagar er kjenneteikn på Gullfjordungvegen. Foto: Reidar J. Mykletun*

V4 Ringheimsvegen/Rognsbakken

Dette området fell ganske godt saman med det første kommunale bustadfeltet på Voss. Det vart vedteke i 1917, og dei første tomtene vart skilde ut i 1919. I samband med denne utbygginga vart vegane Ringheimvegen, Sivlevegen, Lundarvegen og Teigabrekko bygt.

Rognsbakken ligg i traseen til den gamle postvegen og er i dag ein viktig gang- og sykkelveg gjennom området, frå Vangen, opp forbi sjukehuset og vidare austover. Dei fleste husa i området er bygd i klassisk 1920-talsstil og fortettinga har stort sett vore varsam eplehageutbygging.

Figur 8.6: *Ringheimsvegen/Rognsbakken har enno mykje av sin opprinnlege stil frå 1920-åra. Foto: Thor Trå*

V5 Hagebyen

Byggjefeltet, som ligg under matrikkelgarden Rogne, er kalla Hagebyen og vart bygd i tida 1941 til 1943 grunna husnaud etter bombeåtaka på Vangen i april 1940. Husa kom som byggjesett og var ei gåve frå Sverige. Det kom 30 slike «svenskehus» og byggjefeltet kallast difor gjerne Svenskebyen. Det kom òg fem hus av ein litt annan type, frå Buskerud, og som difor vart kalla *Buskerudhus*. Til saman fekk byggjefeltet såleis 35 hus, som vart ordna etter tre parallelle gater, Rognshagen, Lunden og Stegen. Dei fleste av attreisingshusa har vorte oppgraderte i nyare tid, men storleiken og forma er framleis nokså intakt på ein del av dei.

Figur 8.7: *Husa i Hagebyen kom som byggjesett, og var ein gåve frå Sverige etter bombeåtaka under andre verdskrig. Foto: Thor Trå*

***Figur 8.**7: Frå oppføring av svenskehus. Foto: Voss herad*

9. Bygningar og Bygningsmiljø

Bygningar er ei kjelde til historie og gjev kunnskap om handverk, teknikkar og bu- og driftsformer. Dei skapar òg identitet, og gjev eit område særpreg gjennom kulturmiljø og byggjeskikk. I kulturmiljøplanen har me teke med eit utval bygningar og bygningsmiljø.

Fram til Vossebanen opna i 1883 var Voss eit tradisjonsbunde jordbrukssamfunn. Dette avspegla seg òg i byggeskikken som, med unntak for embetsmannsbustadar, var prega av folkearkitektur.

Det kan sjå ut som om overgangen frå eldre til nyare byggeskikk og utforming av bustadhusa gjekk forholdsvis fort i Granvin. Kvifor det gjekk så fort i Granvin, som var – og framleis er – dominert av landbruket, er usikkert. Truleg er det en kombinasjon av brytningstid og at Granvin brått vart opna for omverda på nye måtar gjennom reiseliv, krigen og jernbana. Oppløysninga av klyngetuna på 1800-tallet, omtrent samtidig med inntoget av reiselivet, har truleg òg bidrege.

Frå tida etter utskiftingane er sveitserstilen dominerande, men ein finn òg andre stilartar i byggeskikken i Vossabygdene og i Granvin, særleg innan grensene til den gamle bygningskommunen. Mest tydeleg er nok Jugendstilen (ca. 1890–1920). Medan Jugendstilen tek utgangspunkt i europeisk arkitektur, vaks det i same tidsrommet fram ein nasjonal byggeskikk. På Voss var særleg Magnus Dagestad ein eksponent for denne stilen. Han teikna bustadhus og ungdomshus med typiske kjenneteikn for stilen; kubbeforma bygningskropp, høgreist saltak med svært bratt takvinkel, småruta vindauge og rik utforming av døromrammingane og med breie hjørnekasser.

I mellomkrigstida vaks ein ny stilretning fram. Funksjonalismen la vekt på enkel og funksjonell byggeskikk. Stilen påverka utviklinga av arkitekturen frå omkring 1925 og i mange tiår framover. På Voss er det særleg i offentlege bygg at stilen er representert.

På Voss, som mange andre stader i landet, var det mange huslause etter bombeåtaka i april 1940 og bustadnauda kravde rask gjenreising. Ein enkel, funksjonell arkitektur var difor naudsynt under og like etter krigen. Gjenreisingshusa vart teikna som enkle, funksjonelle bustader, bygd over same lest over heile landet, men tilpassa lokal byggjeskikk.

9.1. Utvalde kulturmiljø

Nr.	Kulturmiljø	Omsynssone
B1	Tettstaden Evanger	**
B2	Bolstadøyri	H570_20
B3	Eide	**
B4	Grovendalhuset	**
B5	Kapellangarden, Ullestadvegen Vossavangen	H570_17
B6	Lærumshuset/Vangsly, Vossavangen	**
B7	Kapteinsgarden på Storegraven, gard	
B8	Skrivargarden, embetsmannsbygning	
B9	Gjerdåker, røykstove, Tvildevegen 221	
B10	Prestegarden, Evanger	H570_21
B11	Nordre Kyte, byggefelt	
B12	Kyte bad	
B13	Nesjahuset, Kvanndal	
B14	Trudvang, Ungdomshus	H570_22
B15	Solheim, ungdomshus	H570_23
B16	Nain på Vangen, bedehus	**
B17	Voss ungdomshall	**
B18	Tintrabakken, Kunstnarheim	H570_24
B19	Rosereiret, Kunstnarheim	H570_25
B20	Slottet på Horvei	H570_26
B21	Sævelid, kunstnarheim	H570_27
B22	Bergslitræet, kunstnarheim	H570_28

** = Gjeldande reguleringsplan



Figur 9.1: *Oversiktskart som viser lokaliseringen av bygningar og bygningsmiljø som er spesielt omtalt i Kulturmiljøplanen.*

Freding. Bygningar frå mellomalderen, det vil seia før 1537, er automatisk freda. I tillegg kan ståande bygningar frå perioden 1537-1650 erklærast automatisk freda ved tidfesting frå fagpersonell. Vedtak om freding av nyare byggverk vert fatta av Riksantikvaren med heimel i kulturminnelova. Ofte er det fylkeskommunane som tek initiativ til og førebur fredingssaker. Både Riksantikvaren og Fylkeskommunen kan freda ein bygning mellombels.

Istandsettingsarbeid og endringar på freda bygningar krev dispensasjon frå kulturminnelova.

Meldepliktige bygningar (bygningar eldre enn 1850). Det er lovfesta i kulturminnelova §25 at ei vurdering av verneverdien må gjerast før søknad om endring eller riving kan godkjennast.

Vern skjer ved å ta i bruk «omsynssone» og særlege føresegner, heimla i plan- og bygningsloven. Dette vert utført av kommunen.

SEFRAK (Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Norge) er eit landsdekkande register over eldre bygningar. Registreringa vart gjennomført som feltarbeid i åra 1975-1995. Bygningane vart kartfesta, målt og fotografert. Bygningane i registeret er i utgangspunktet ikkje tillagt spesielle restriksjonar. Registreringa fungerer meir som eit varsko om at kommunen bør ta ei vurdering av verneverdien før det eventuelt vert gjeve lov til å endra, flytta eller riva bygningen.

B1 Tettstaden Evanger

Evanger (av gamalnorsk áivangr, «vang»/«voll», der ein kan lata hestane få gå på beite) er staden der elva frå Vangsvatnet, Vosso, munnar ut i Evangervatnet. Her tek Teigdalen opp mot nord, mot Eksingedalen, og her er det kort overgang til Bergsdalen mot sør.

Evanger har røter som kyrkjestad heilt frå 1300-talet. Evanger, som Bolstadøyri (objekt B2), var frå gamalt skysskiftestasjon og gjestgjevarstad, men fekk ein ny funksjon då jernbanen vart anlagt. Då jernbanesambandet kom i 1883, voks det på Evanger fram eit handverkssentrum med skomakarar og skreddarar som laga sko og klede for ein større marknad enn heimbygda. Evangerskoen, ein beksaumsko, vart seld også i England. Skreddaren her laga uniformer for stasjonspersonalet på jernbanestasjonen i Bergen. Evanger og Teigdalen har også lang tradisjon i produksjon av spekepølse. Eldhusrøykt fårepølse frå Evanger har vorte ei merkevare.

I 1923 brann Evanger sentrum ned til grunnen. Berre kyrkja og skulehuset stod att. I 1924 og 1925 vart Evanger atterreist, og den harmoniske trearkitekturen vi møter her i dag, syner ein vestnorsk tettstad frå 1920-åra. Trehusa representerer eit flott samanhengande kulturmiljø. Arkitekturen er tidstypisk, husa står tett langs regulerte gateløp, og den er godt vedlikehalde. Evanger heradshus (heradstyresal og kommunekontor) er restaurert. Evanger sentrum er vurdert som eit særleg verneverdig miljø og er verna gjennom regulering til spesialområde vern. I dag er Evanger ein levande liten landsby.

Figur 9.2: *Tettstaden Evanger utgjer eit flott kulturmiljø. Foto: Anja Ø. Ryen*

B2 Bolstadøyri

Tettstaden på Bolstadøyri fekk si form kring midten av 1800-talet, men her har det frå gammalt av vore ein møtestad; ein tingstad og handelsstad. Gjestgjevarstaden går attende til andre halvdel av 1600-talet, og i førre hundreår var Bolstadøyri ein av dei største landhandlarstadene i Nordhordland.

Figur 9.3: *Bolstadøyri utgjer eit flott bygningsmiljø frå midt på 1800-talet. Bebyggelsen er prega av empirestil. Foto: Anja Ø. Ryen*

Både vesser og vassvøringar møttest på Øyri når dei skulle på byferd. Tradisjonen fortel at dei skipa «bylag» eller «båtlag» og leigde seg ei ostraskute eller vossaskute. Denne lasta dei med smør og ost og andre varer. Med lagleg vêr kunne eit slikt bylag ro til Bergen på 2-3 dagar, i motvind kunne reisa ta ei heil veke.

Ved fjorden på Bolstadøyri ligg framleis den gamle postbryggja. Det er planar om å byggja opp att eit sjøhus som stod like ved, for ta i bruk att tradisjonen med sjøferdsla til og frå vossabygdene.

Både Bolstadøyri og Evanger (objekt B1) vaks fram som tettstader grunna samferdsle. Bolstadøyri har vore knutepunkt for transportskifte frå landeveg til sjøveg mange hundre år attende i tid. Då jernbanen kom, endra Bolstad seg frå å vera ein skysskiftestad til ein stasjonsstad. Busetnaden i sentrum er prega av 1800-tals-hus, og med fleire innslag av bondeempire.

På Bolstadøyri ligg mange enkeltobjekt av høg verdi som dannar eit historisk miljø med element frå tida som skysstasjon og som stasjonsstad. Bolstadøyri gjestgjevarhus er omtala i objekt R5. Bolstadøyri er vurdert som eit særleg verneverdig miljø. Ein bør vera varsam med vidare bustadfortetting eller fasadeendringar.

Empirestil (ca. 1810-1840)

Empirestil er ein stilretning som oppstod i Frankrike under keisar Napoleon, og vert difor òg kalla keisarstil. Han var i bruk der frå omkring 1800 til 1820. I Norge hadde stilen storheitstida si frå omkring 1810 til 1840.

Stilen er altså klassisistisk, det vil seia at han byggjer på arven frå antikken. Eit kjenneteikn for stilen er at han er enkel og naturleg, med rolege stramme former. Fasadane var sparsamt utsmykka, og prega av tyngde. Interiøra hadde ofte stoffdraperi og veggmåleri. Byggverka skulle ha ein tydeleg karakter knytt til formåla deira. Betydelege empire-bygg i Norge er mellom anna slottet i Oslo. I likskap med alle andre importerte stilartar, vart òg empire-stilen i Norge «omsett» til tre som materiale.

B3 Eide

Eide var administrasjonssenter i tidlegare Granvin herad. Eide ligg i botnen av Granvinsfjorden, ein nordgåande arm av Hardangerfjorden.

Eide har frå gamalt vore utførselshamn for varer frå Vossabygda. Staden har lange skyssskaffartradisjonar. Det som i dag er Jaunsens gjestgjevarstad vart bygd mellom 1759 og 1785 (objekt R1). På Eide låg tidlegare fleire hotell og gjestgjeveri. Gjennom tettstaden renn ei god lakseelv, og her vart det etablert sag og trelasthandel. Etter at det i 1870 vart opna ubrote vegsamband til Voss, og særleg etter opninga av Vossabanen i 1883, kom mye av turiststraumen mellom Bergen og Hardanger over Eide. Eide er framleis eit trafikknutepunkt.

Eide har eit flott og samanhengande kulturmiljø med ei rekkje historiske bygningar.

Figur 9.4: *Ved Eide var det dampskiputløp. Foto: Knud Knudsen, 1877*

B4 Grovendalhuset

J.S. Fleischer vart utnemnt til sorenskrivar i Hardanger og Voss i 1733. Han kjøpte Grovendal (Evangervegen 23) i 1760, og flytte til Voss nokre år etter. Seinare overtok fleischerfamilien eigedommen der hotellet (objekt R4) vart bygd.

Eigedommen Grovendal har to bustadhus. Hovudbygningen er frå tredje kvartal av 1700-talet, medan «Vetlebygningen» er oppført i 1855. Husa utgjer eit tilnærma autentisk bygningsmiljø trass i påverknad av både veg og jernbane. Denne påverknaden reduserer opplevinga noko, men kulturmiljøet har likevel lokal kunnskaps- og bruksverdi, samtidig som enkeltbygningane har stor alders- og enkeltverdi.

Figur 9.5: *Hovedbygningen på Grovendal. Foto: Asplan Viak*

B5 Kapellangarden, Ullestadvegen Vossavangen

Sidan 1906 har Kapellansgarden på Voss, vore den faste bustaden for dei som til ei kvar tid har hatt embetet som residerande kapellanen i Voss prestegjeld. 1. september 2015 var det slutt på buplikta for prestar, og på denne dagen flytta residerande kapellan Ivar Molde med familie ut frå Ullestadvegen 10. At familien Molde flytta ut på denne dagen var meir som ein slump, for Molde var uansett vorte pensjonist og budd på å flytta.

Figur 9.6: *Kapellangarden. Foto: Opplysningsvesenets fond*

Historia om institusjonen Kapellansgarden går heilt attende til 1742, då Voss kapellani vart oppretta. Det huset som altså vart den siste av kapellansgardane, stod ferdig i 1906. Dette vart sett opp som erstatning for den gamle kapellangarden som NSB kjøpte for å gje plass til utviding av stasjonsområde. Kapellansgarden med sine tre stover, kontor og store uteplass var ein aktiv møteplass for omreisande og lokale. Presten tok imot soknebarn på kontoret og huset var både arbeidsplass, samlingsplass for lag og organisasjonar og det var sundagsskule og konfirmantundervising, i tillegg til at den også var bustad for kapellanen med sin familie. I desse dagar blir det arbeidd med å etablera nytt liv i kapellangarden, slik at garden igjen skal verta ein samlingsplass for kunnskap og oppleving.

B6 Lærumhuset/Vangsly, Vossavangen

Lærumhuset, eller "Vangsly", er eit landemerke og noko av det siste som er att av det gamle Vangen. Det er ein villa i rikt dekorert sveitserstil, bygd i 1891 av Lars Kindem, lokalhistorikar og forretningsmann på Voss. Han selde eigedomen til Birger Lærum senior, seinare distriktslege på Voss og fylkeslege i Hordaland, og her har den same familien budd sidan 1910.

Eigedomen ligg tilbaketrekt, like ved Vangskyrkja, i ein hage som i tillegg til hovudhuset har eit hønsehus og ein stall. Med åra har det samla seg mykje gamalt legeutstyr og køyretøysamling på eigedomen, sidan det har vore legar i seks generasjonar i slekta. Huset har opphavleg innreiing og er eit godt døme på korleis praktiserande legar budde og levde i eldre tider. Av den grunn er det no søkt om freding av eigedomen, også fordi hovudhuset er eit godt døme på stasjonsby-arkitektur frå slutten av 1800- talet. I 1995 fekk huset tildelt Fortidsminneforeningen sitt diplom for pietetsfull rehabilitering.

Figur 9.7: *Lærumshuset/Vangsly. Foto: Anja Ø. Ryen*

B7 Storegraven, gard

Garden Storegraven ligg sentralt ved Granvinsvatnet. Tidlegare var garden prestegard. Han ligg like ved den viktige ferdsleåra mellom Hardanger og Voss, der vegen tek over til Ulvik. Storegraven var eit sentrum i Granvin i eldre tid, her var og både kyrkje og skule.

Figur 9.8: *Garden Storegraven ved Granvinsvatnet. Foto: Svein Ulvund, 2008*

Namnet på garden var før reformasjonen Gronvin, og han gav namnet til bygda, som då heitte Gronvinjar Sokn. Det er usikkert om det då budde prest her fast. I omveltingane etter reformasjonen var det berre prest i hovudkyrkja i Kinsarvik. I 1608 vert Graven, som garden og bygda då heiter, eige prestegjeld att. Presten budde då på garden til 1665, då flytta han til Ulvik. I skattematrikkelen frå 1666 var Store Graven det offisielle namnet på garden.

Etter at presten flytta til Ulvik, hadde han inntekta av garden på Storegraven. Med ved kongeleg resolusjon i 1732 vart det bestemt at presteenkjene, når det var nokon, skulle bu her og ha inntekta av halve garden, samstundes som resten tilfall presten.

I 1779 vart Gerhard Kahrs personleg kappelan til sokneprest Paul Schnabel, og busette seg på presten sin del av Storegraven. Kahrs sette opp huset som i dag går under namnet Klokkarstovo. Huset var privat, men det vart sett opp på enkjesetet sin grunn. Det var truleg ikkje heilt juridisk korrekt, og det tok tid før det vart skrive inn i dei rettslege protokollane.

I 1791 vart ved ein ny kongeleg resolusjon presteembetet fråteke sin del av Storegraven, og han vart omgjort til sjefsgard for Nordre Hardangerske kompani. Men på det tidspunktet var det paktarkontrakter på heile den nye Kapteinsgarden. Difor kunne ikkje kapteinen flytta dit.

Granvin bygdemuseum vart skipa i 1918. «Klokkarstova», som den gamle hovudbygningen på offisersgarden vart heitande på 1800-talet, er ekstra spesiell, mykje på grunn av lang og variert historie. Ho har og vore nytta som skulestove.

B8 Skrivargarden, embetsmannsbygning

Like ved garden på Storegraven (objekt B7), ligg Skrivargarden, i retning mot Voss. Her var det fyrste postopnariet i bygda.

B9 Gjerdåker, røykstove, Tvildevegen 221

Brynjel Andersson Gjerdåker (1761–1838) var gardbrukar og eidsvollsmann frå Voss. Han overtok farsgarden, bruk 2 på Gjerdåker i 1794. Då det skulle veljast to utsendingar frå Voss til riksforsamlinga på Eidsvoll i 1814, vart sokneprest Georg Burchard Jersin peika ut som den eine. Han ville ha med ein bonde, og foreslo Gjerdåker. Gjerdåker var lite aktiv under forhandlingane, og røysta heile tida med sjølvstendepartiet. Han fekk danebrogsordenen, og i 1823 fekk han òg Medaljen for borgerdåd, utdelt av kong Carl Johan. Av dei 112 utsendingane på Eidsvoll var berre 37 bønder, og dei fleste av desse var storbønder. Gjerdåker kom ikkje frå ein storgard, han var den einaste eidsvollsmannen som kom frå ei røykstove i eit rekkjetun.

For meir om røykstover, sjå s. 48

Figur 9.9: *Brynjulv Gjerdåker, eidsvollsmann. Foto: Svein Ulvund*

B10 Prestegarden, Evanger

Evanger vart eige prestegjeld i 1892 og året etter byrja bygginga av prestegarden. Evanger prestegard består i dag av fire bygningar: Hovudhuset, paktarbustaden, vedhus og stabbur. Låvebygningen vart riven i 1960, men eigarane planlegg å byggja han opp på ny slik at tunet vert komplett. Bygningane i tunet vart oppført i åra 1893–1894.

Figur 9.10: *Hovedhuset på prestegarden i Evanger i sveitserstil. Foto: Anne Arneberg*

Generelt er bygningane i tunet i stor grad autentiske og i relativt god stand. Paktarbustaden vart sett i stand/rehabilitert først. Hovudbygningen er ein storfelt bygning i sveitserstil, også den i god stand til å vera snart 130 år. Bygningen ber preg av å ha vore godt vedlikehalden gjennom åra, og tidlegare «oppgraderingar» syner seg å vera reversible inngrep med t.d. ny panel utanpå dei originale tapetane.

Ein held no på med eit omfattande arbeid, der tilbakeføring med opphavlege dører, vindauge, listverk og originale overflater er i fokus. Det er lagt ut ein blogg på nettet der ein kan følgje progresjonen i prosjektet.

Evanger prestegard står fram som ein god representant for rehabilitering / restaurering der eigarane pietetsfullt tek vare på originale bygningselement, eller får laga kopiar av desse, i tillegg til at bygningen vil oppfylla dagens krav til komfort. Samstundes står heile tunet fram som ein godt bevart prestegard med høg grad av autentisitet og høg verneverdi, både lokal og regional (Vestland fylkeskommune 2020).

Sveitserstilen (ca 1840-1935)
Oppsto i Tyskland med en begeistring for sydtyske og sveitsiske alpehus. Stilen brer om seg med innføring av ny byggeteknikk og maskinell produksjon av lister og paneler på sagbruk, og ble den mest utbredte av de gamle stilperiodene. Den er rik på detaljer og samspill mellom dekorative og konstruktive elementer.

B11 Nordre Kyte, byggefelt

På Nordre Kyte vart det lagt til rette for eit byggefelt for skiferarbeidarar.

Mange av arbeidarane i skiferbrota kom frå andre bygder. Nokre leigde seg inn privat, medan andre bygde seg hus i nærleiken av brota. Like nedanfor det store Nordheimsbrotet vart Kytesgrendi bygd opp av skiferarbeidarar på utskilde små tomter dei fyrste tiåra av 1900-talet og fram mot 1950. Dei fleste tomtene er utan jord, men med plass til eit hus og ein liten hageflekk. På Nordheim var butikk med bakeri. Kyte bad (objekt B12) vart anlagt i tilknyting til byggefeltet.

Kytesgenda står i dag fram som eit særskilt minne etter skiferdrifta, og vert vurdert som særleg verneverdig. Å registrera og dokumentera denne busettinga bør vera ei prioritert oppgåve i næraste framtid. Heradet bør sjå til at det ikkje skjer bustadfortetting eller fasadeendringar i grenda.

B12 Kyte bad

Det gamle badet på Kyte er ein kulturinstitusjon, og ligg i teknytning til byggefeltet på Nordre Kyte (objekt B11). I over 80 år har grendafolket samlast for å bada her, og mannfolka på Kyte held tradisjonen ved like. Framleis gjerast det på gamlemåten, med vedfyring og badstueomn. Berre då det var krig, var det stopp i drifta.

Kyte bad vart bygt i 1936-37 for arbeidarar frå Hedleberget (objekt T11) som trong å vaska av seg Hedleberg-støvet. Det var få som hadde innlagt vatn på den tida. Badstua ser i dag ut slik som da den ble bygd (Gjerme og Ivar N. Lie 2015).

Figur 9.11: *Kyte bad. Foto: Anne Arneberg*

Folkebad

Folkebada var vanlege i Norge frå andre halvdel av 1800-talet, og vart etablerte for å styrka folkehelsa. Folk flest hadde ikkje baderom heime, og det vart etter kvart kjent kor viktig reinslegheit var for god helse.

B13 Nesjahuset/Havnenæsset, Kvanndal

Husmannsplassen ligg på eit lite nes ved fergekaia i Kvanndal, rett nedafor stupbratte heng og midt imot Oksen. Plassen vart kjøpt frå Torgils Torbjørnson på bruk 2 den 24. juli i 1872 av Lars Larsson Bu (1824-1898) frå bruk 1 på Bu. Lars hadde allereie budd i Kvanndal sidan 1856 då han vart gift med Jorond Torgilsdotter Djønno (1831-1914). I skøyte av 1872 er det lista opp fem punkt over teigar, mark, åker og andel i støl som ny eigar skal overta.

Bygningen, som er ei røykstove samanbygd med ei grindbygd løe ståande på mura kjellar, ser ut som ein typisk bygning reist på ein husmannsplass. Sjølve stova er eldre enn 1856, som er årstalet Lars kom til Kvanndal, og stova har tidlegare stått ein anna plass. Truleg er det ei 1700-talsstove, eller eldre. Laftet har ei lita kinning og nokon stokkar er over 40 cm breie. Veggene er mørke etter sot og der har heilt klart vore ope eldstad opphavleg i stova.

Figur 9.12: *Nesjahuset i Kvanndal. Foto: Christopher Hals Gylseth*

B14 Trudvang, Ungdomshus

Trudvang er eigd av Granvin ungdomslag. Laget vart grunnlagt 10. desember 1893, og haldt dei første åra til i Heradshuset på Eide. På 1920-talet melde kravet om større plass seg, og i 1921 vart det valt ei nemnd som skulle sjå etter ei passande tomt. I 1927 vart det valt ei byggenemnd, og det første denne gjorde var å skaffa lovnader om gratisarbeid frå innbyggarar i grendene. Til saman vart det gitt tilsegn på nærare 700 dagsverk, medan andre gav sin del gjennom materiale eller pengetilskot.

Figur 9.13: *Trudvang ungdomshus. Foto: Svein Ulvund*

Arkitekt Alvsåker fekk i oppdrag å laga teikningar for huset, og på eit møte i ungdomslaget 12. januar 1930 vart det vedtatt å setja i gang med bygginga. Det starta våren 1930 og i desember 1931 vart huset tatt i bruk. Vigselstalen vart halden av fungerande sokneprest Nils Eide.

Huset kosta 40 000 kroner, og laget måtte låna 8 000 kroner. Granvin ungdomslag har stått for vedlikehaldet av huset sidan.

Huset har sidan det stod ferdig i 1931 vore ein sentral samlingsstad for innbyggjarar i Granvin. Ungdomslaget har mellom anna drive lagsarbeid, fest, dans, kino, leikarring og skodespel. Huset vert brukt i samband med 17. mai-feiring og andre store hendingar.

Det var difor naturleg for heradsstyret i Granvin herad å velja Trudvang til tusenårsstaden til kommunen.

Forsamlingshus (ungdomshus, bedehus)
I siste helvta av 1800-talet vart det skipa mange lag og foreiningar. Det var lag med religiøse føremål, ungdomslag, mållag og losjer. Det første lagshuset som vart bygd i Voss var *"Ungdomshallen"* i 1897. Den rikaste lagstida var i tidsrommet 1921 til 1938, då mange ungdomslag fekk eigne hus. Magnus Dagestad teikna mange ungdomshus, og var ein person som engasjerte seg sterkt i lagshusrørsla.

B15 Solheim, ungdomshus

Solheim, ungdomshuset i Bjørgumkrinsen, vart teikna av Magnus Dagestad og bygd i 1921. I 2021 er huset restaurert og framstår som eit godt døme på eit av Dagestads ungdomshus.

Figur 9.14: *Ungdomshuset Solheim. Foto: Svein Ulvund*

B16 Nain bedehus, Vossavangen

Nain bedehus er ein åttekanta bygning frå 1888. Huset har plass til over 700 menneske. Elektrisk lys og vatn vart innlagt i 1908. Nain vart brukt som kyrkje då Vangskyrkja vart restaurert i åra 1950-53. Til tross for mange endringar i fasade og interiør er bygningen vurdert som særleg verneverdig med si særprega form og med si historie som midlertidig kyrkje.

Figur 9.15: *Nain bedehus på Vangen. Foto: Anja Ø. Ryen*

B17 Voss ungdomshall, Vossavangen

Det frilynte ungdomslaget De unges forbod vart skipa i 1890. I 1899 vart namnet endra til Voss Ungdomslag. Laget fekk i 1897 bygd dette forsamlingshuset i drakestil, med Knut Kvale som byggmeister. Magnus Dagestad forma og skar den innvendige ornamentikken i den store salen, medan rosemålaren Helena Bu Dagestad stod for dei måla dekorasjonane. Gjennom åra har det vore fleire utvidingar og ombyggingar, sist den svært vellukka utvendige restaureringa i 2004-05, då eksteriøret vart ført attende så langt råd var. Inne i den store salen ser me m.a. kunstverk av brørne Knud og Brynjulf Bergslien, av brorsonen deira Nils Bergslien og av Lars Osa. Fram til 1957 var dette kinosalen på Vangen (Helleve red., 2021).

Figur 9.16: *Voss ungdomshall. Foto: Anja Ø. Ryen*

B18 Tintrabakken, Kunstnarheim

Tintrabakken var opphavleg husmannsplass under garden Gjernes, og ligg heilt ned mot elva Vosso. På eigedomen budde det på 1800-talet to brør som gjekk under namnet Tintrane, og difor vart huset kalla Tintrabakken. Mest kjend var Ivar Vossabakken, og som spelemann gjekk han gjerne under namnet «Tintoren». Namnet Tintoren kan koma av å tenna, tina, tindra og greista.

Figur 9.17: *Tintrabakken sett fra nordvest i 2013. Foto: Ingebrigt Nesheim*

Kunstnarparet Helena Bu Dagestad (1867-1947) og Magnus Dagestad (1865-1957) kjøpte eigedomen Tintrabakken og flytta dit i 1902. Då kom dei frå Bergen, der Magnus hadde drive med treskjerarverkstad i Skostredet, medan Helena livnærde seg som rosemålar og tok dekorasjonsoppdrag. Magnus slo seg snart opp som ein kjend treskjerar og vart ein viktig eksponent for den såkalla dragestilen. Han var med på utstillingar og vann prisar i både inn- og utland. Etter at dei kom til Voss, tok dei til med serieproduksjon av utskorne, dekormåla møblar som vart selde til privatfolk og gjennom Husfliden i Kristiania (Oslo) og Bergen.

Kjernen i huset er oppført i lafta tømmer. Etter at Helena og Magnus Dagestad kjøpte eigedomen i 1902, vart huset bygt om og på i ein stil med element frå historisme og dragestil. Resultatet vart ein bygning med fleire samansette små volum – typisk for Magnus Dagestad sin måte å byggja på. Huset er oppført på tørrmurar med varierande kvalitet.

Allereie medan dei budde på Tintrabakken, vart Magnus eit samlingspunkt for kunstnarar. Mellom anna kom spelemennene Sjur Helgeland, Ola Mosafinn og Anders Kjerland jamleg på vitjing og budde der. Såleis knyter det seg mange morosame soger til denne heimen.

B19 Rosereiret, Kunstnarheim

Etter at Helena og Magnus var gått konkurs i tida omkring 1. verdskrig og måtte selja Tintrabakken, sette Magnus i gang å byggja seg eit nytt og større hus lengre oppe i bakken ovanfor Kunsthandverksskulen. Denne heimen fekk namnet Rosereiret. Her budde han resten av livet.

Figur 9.18: *Magnus Dagestad foran Dagestadmuseet frå 1950. Foto: Voss folkemuseum*

Bygningane ligg på ei hylle i den nordvendte skråninga mellom Vosso og moreneflaten i sør. Eigedomen vender seg mot Vosso og mot Prestegardsmoen.

Rosereiret er i dag bustad for Dagestad sine etterkommarar.

Magnus Dagestad (1865-1957)
Magnus Dagestad var ein kunsthandverkar frå Voss. Magnus Dagestad var også spelemann og skribent, og han teikna hus og møblar. Dagestad var ein miljøskapar for kunstnarar i Vossadistriktet, og han hadde ei stor kontaktflate både til biletkunstnarar, folkemusikarar og forfattarar.

Som ung var Dagestad elev hos den kjente treskjæreren Lars Kinsarvik. Denne henta inspirasjon frå den gamle norrøne ornamentikken, som også Dagestad vart opptatt av. På ei utstilling i Paris i 1889 fekk han bronsemedalje for møblar og treskurd. Han stilte òg ut arbeida sine på verdsutstillinga i Chicago.

Dagestad og hustrua hans, brukskunstnaren Helena Dagestad, bygde eigen verkstad på Voss. I 1920 grunnla han Norsk kunsthandverksskule, og var leiar for skulen inntil 1935.

Dagestad vart sterkt påverka av den nasjonale reisingstida frå 1880-åra, og ikkje minst Lars Kinsarviks arbeid med å atterreisa det særmerkt norske i bygdekunsten. Han utvikla sin eigen variant av drakestilen, med dekorering særleg i grøne og brune fargenyansar av Helena.

Magnus Dagestad teikna òg mange ungdomshus, truleg 15-16 stk. i tidsrommet 1914 – 1920. Alle ligg på Vestlandet med unntak av Nordvang (1927) i Vats i Ål kommune.

Drakestilen (ca 1860-1915)
Stilen oppstod i Norge. Drakestilen var resultatet av dei første bevisste bestrebelsene for å skapa ein nasjonal norsk trearkitektur. Inspirasjonen kom særleg frå stavkyrkjer og ornamentikken deira.

B20 Slottet på Horvei, Kunstnarheim

Knut Horvei (1893-1984) var gardbrukar og forfattar og ein allsidig personlegdom. Han vaks opp på ein av Horvei-gardane mellom Evanger og Bolstadøyri. I vaksen alder overtok han garden etter foreldra.

Heilt frå ungdomstida hadde han interessert seg for skriving. Han fekk aldri formell utdanning, men lærde mykje gjennom lesing og samvær med litterære miljø. Han var også påverka av den frilynde ungdomsrørsla og var ei rekkje år formann i Bolstadøyri Ungdomslag. Samværet med lyrikaren Olav Nygard frå Modalen var viktig for han.

Figur 9.20: *Slottet på Horvei. Foto: Svein Ulvund*

«Slottet» ligg høgt og flott som eit eventyrslott, og vart bygd i 1929. Det er teikna av Magnus Dagestad og oppsett av elevar og lærarar frå Norsk Kunsthandverksskule på Voss. Ornamentikken vart teikna av Jørgen Kildahl etter Dagestad sine skisser, og Styrkår Hirth. Nokre andre dåverande elevar stod for utskjeringane på alt inventaret. Møblane er også i typisk drakestil etter Dagestad. Knut Horvei sjølv avgjorde fargesetjinga både ut- og innvendes, - bondeblått, oker og bonderaudt, i tillegg til tjørebrunt på veggane utvendes.

Det er bygd i Dagestads typiske drakestil og rikt dekorert både på eksteriør og i interiør. Utvendes er det tjøra, men innvendes har det lyse tømmerveggar og utskjeringar kring alle dører. Både dører, vindaugslister og troppehandtak er pryda med drakehovud og norrøne mønster.

Sjølv om Horvei aldri budde der sjølv, brukte han det til å samla vener til årlege «blot» og som gildestove for nabolaget. Sonesonen, Einar Horvei og huslyd flytta inn der i 1985 og er dei første fastbuande i «Slottet». Dei har gjennomført ei varsam modernisering slik at det høver betre å bu der, men elles er all innreiing intakt.

B21 Sævelid, kunstnarheim

Biletkunstnar Lars Osa (1860-1959) fekk her kjøpa ein tuft på seks mål av Ragnvald Sæve, og saman med sine gode ven Magnus Dagestad sette dei i gang med å teikna det som seinare vart heimen hans, Sævelid. Namnet kjem ikkje av den kjende slåtten med same namn, men «namnet er vent, som sjølve bustaden, og det gav seg mest sjølv: det var Sæve si li» forklarte Osa sjølv. Familien flutte inn i huset i 1918. Seinare vart det også bygt eit uthus der Lars og Hermine ei tid hadde nokre geiter, og der det var plass til ein liten verkstad der Lars arbeidde rammer til bileta sine.

I 1970 gjorde sonen, felespelar Sigbjørn Bernhoft Osa (1910-1990) enkelte endringar på huset før han busette seg der med familien. I dag er det skodespelar Liv Bernhoft Osa (1957-) som eig huset, og nyttar det til feriebustad og konsertlokale.

Figur 9.21: *Sævelid. Foto: Ukjend*

B22 Bergslitræet, kunstnarheim

Bergslitræet var ein husmannsplass under Voss prestegard. Korporal Lars Bergeson Bergslien (1786-1873) rydda dette plasset rundt 1825 og sette opp hus her. Han var far til dei kjende kunstnarbrørne Knud og Brynjulf Bergslien, som ar fødde og vaks opp her. Rundt 1860 var det gamle huset til nedfalls, og sønene sette då opp nytt hus til faren, eit staseleg borgarhus i halvanna høgd, med ark og utvendige dekorasjonar, ein heller uvanleg byggestil på Voss på den tida.

Seinare hadde huset ulike eigarar. Det vart påbygd, og det vart nytta som bustad heilt fram til år 2000. Då vart det kjøpt av Voss kommune. Planen deira var å riva huset, men då ulike instansar kom med fråsegner om huset sin høge nasjonal verdi, fekk ei aksjonsgruppe redda det. Stiftinga Bergsliminne vart skipa og er no eigar av huset. Huset er sidan rehabilitert og er ope kvar helg i sommarmånadane.

Brynjulf Bergslien (1830-1898)

Bilethoggaren Brynjulf Bergslien fekk tidleg opplæring som gravør og stempelskjerar. I 1857 fekk han i oppdrag å laga ein serie med nye myntstempel, og til kongekroninga i 1860 laga han den offisielle kroningsmedaljen. Myntserien og medaljen vart i 1861 lagde ned i grunnsteinen til den nye Stortingsbygningen. Han har og utforma Medaljen for lang og tro teneste, som vert delt ut også i notid. Med kunstnarstipend fullførde han utdanninga ved Kunstakademiet i København. I 1868 vann han konkurransen om ei ryttarstatue av kong Karl Johan, og denne vart avduka på Slottsplassen i 1875. I atelieret sitt underviste han kunststudentar, m.a. Gustav Vigeland. Brynjulf Bergslien blei riddar av St. Olavs Orden (1875).



Figur 9.22:
Bynjulf Bergslien.
Foto: Johannes Petter Lindergaard, Oslo museum

Figur 9.23:
Knud Bergslien.
Teikning av H.C. Olsen

Knud Bergslien (1827-1908)

Kunstmålaren Knud Bergslien var nest etter Adolph Tidemand den fremste skildraren av norsk folkeliv på 1800-talet. Han vart utdanna ved kunstakademiet i Antwerpen, og budde mange år i Dusseldorf. Frå 1869 dreiv han Bergsliens malerskole i Kristiania (Oslo), der han underviste ein heil generasjon norske kunstmålarar. Bergsliens Malerskole hadde eigen kvinneklasse der m.a. Harriet Backer var ein av elevane. Samstundes var Bergslien mykje nytta som portrettmålar. Med sine folkelivsskildringar og historiske måleri, då særleg nasjonalsymbola Birkebeinerne på Ski over Fjeldet med Kongssønnen Håkon Håkonsson og Kong Sverre i Snestorm i Vossafjeldene, var Knud Bergslien ein sentral nasjonsbyggjar, ein av dei mange kunstmålarane som var med på å fremja den norske nasjonalkjensla. Bergslien fekk også oppdraget å måla kruningsbiletet av Kong Oscar II i Nidarosdomen i 1873. Originalen heng no i Speilsalen på Det Kongelege Slott i Oslo.

Figur 9.24: *Ein kunstnarheim. På husmannsplassen Bergslitræet ved Vosso vaks Bergslienbrørrne opp. Foto: Anja Ø. Ryen*

10. Skular og offentleg verksemd

Frå skulelova kom i 1739 vart undervisninga halde i omgangsskule, utan fast skulehus. Den første skulen på Voss vart skipa i 1747. I 1827 kom ei ny lov som kravde ein fast skule ved kvar hovudkyrkje. På Vangen vart ulike leigde lokale nytta, mellom anna stovehuset til Bjarne Mølster. Stova, som framleis står på Mølstertunet, husa allmogeskulen mellom 1845 og 1852. Det var først i dei næraste åra etter 1860 at det vart bygd nye skulehus. Etter at Vangen vaks fram som tettstad på slutten av 1800-talet, vart fleire vidaregåande skular etablerte på Voss, mellom anna landsgymnas, kunsthandverkskule, folkehøgskule og jordbruksskule. Vossavangen vart ein skulestad.

Figur 10.1: *Landsgymnaset på Voss var det fyrste offentlege landsgymnas som opna, i 1916. I våre dagar er skulen utvida med moderne bygningar inntil den gamle (til venstre i biletet). Foto: Voss gymnas*

Kyrkjene er berarar av viktige deler av vår kulturhistorie. Kyrkjene og kyrkjebakkar har sidan kristendommen kom til Norge, vore den viktigaste møtestaden, både sosialt og religiøst. Både for gudstenesta, og for store hendingar i folks liv. Kyrkjene hadde òg ei viktig administrativ rolle for statsapparatet. Store hendingar både for den einskilde og for samfunnet, fann stad nettopp her.

Fram til opninga av Vossebanen var Vangen eit jordbrukssamfunn med overvekt av gardar og husmannsplassar i tillegg til nokre få geistlege. Frå midten av 1800-talet utvikla Vangen seg til å verta ein tettstad særleg knytt til handelsverksemd. Handelsverksemd og offentleg verksemd vart hovudsakleg etablert på sjølve Vangen, medan bustadhus for det meste vart sett opp på Rogne, Lekve og Ullestad.

10.1. Utvalde kulturmiljø

Nr.	Kulturmiljø	Omsynssone
O1	Urdland skule	H570_29
O2	Hauge skule	H570_30
O3	Nolta-stova, Kvanndal	
O4	Mjølfjell gamle skule	H570_31
O5	Reime skule	H570_32
O6	Voss offentlege Landsgymnas	**
O7	Voss folkehøgskule	H570_33
O8	Kunsthandtverksskulen	H570_24
O9	Vangskyrkja	H730_29
O10	Lensmannssteinen ved Vangskyrkja	H730_29
O11	Lensmannsteinen ved Opheim	H570_34
O12	Lensmannssteinen ved Evanger	H730_30
O13	Jakobskyrkja	
O14	Skiple kyrkjegard, Raundalen	H570_35
O15	Granvin kyrkje	H730_31
O16	Bolstadøyri bedehus	H570_36
O17	Evanger bedehus	**
O18	Kurhallen Bjørkeli	H570_37
O19	Militærlasarettet Bømoen	H570_38
O20	Voss kino	**

** = Gjeldande reguleringsplan



Figur 10.2: *Oversiktskart som viser lokaliseringa av skular og offentleg verksemd som er spesielt omtalt i Kulturmiljøplanen.*

O1 Urdland skule

Skulestad skule (no Urdland skule), oppført mellom 1861 og 1865, er blant dei eldste skulane som vart bygd etter den nye skulelova av 1860. Skulen vart flytta til Urdland i 1902. Han er no eigd av Voss folkemuseum, men utan formelt vern.

Figur 10.3: *Urdland skule. Foto: Kjell Herheim*

Skular

Fastskulelova av 1860 bestemde at alle krinsar med meir enn 30 barn skulle ha fast skulehus. Skulestova vart bygd i tråd med forslag og modellar til skular som vart lagt fram i lova. Samtidig har skulen særtrekk som er typiske for regionen, og viser korleis lokal byggeskikk og statlege føringar vart foreint i desse tidlege skulebygga.

Dei første skulebygningane var bygde etter eit standardmål i ei høgd med gang, skulestove og kammers for læraren.

O2 Hauge skule

Hauge skule er eit godt døme på typisk andregenerasjons skulehus, bygd mot slutten av 1800-talet.

Figur 10.4: *Hauge skule. Foto: Svein Ulvund*

O3 Nolta-stova, Kvanndal

Husmannsstove flytt frå Løflot og sett opp i Kvanndal i 1866. Har òg vore nytta som skulestove.

O4 Mjølfjell gamle skule

Då jernbana kom, oppstod ei rekkje nye tettstader og samfunn. Saman med desse kom også nye skular. Ein av desse var Mjølfjell skule. Han var i drift fram til 1965, og er i dag nytta som grendahus.

Figur 10.5: *Mjølfjell gamle skule. Foto: Svein Ulvund*

O5 Reime skule

Reime skule var ein folkeskule i Raundalen i Voss kommune. Skulehuset sto opphaveleg på Bakketun, men vart i 1893 flytta til Reime, der skulen før hadde hatt tilhald i eit leigd hus. Reime skule hadde ei grunnflate på 48 kvadratmeter. Det var bygd i to høgder, men andre høgda vart ikkje teke i bruk før vinteren 1939/40.

Skulen vart lagt ned i 1965, i samband med skulesentraliseringa på Voss. Alle skulebarna frå Raundalen, mellom anna frå Mjølfjell og Reime, vart samla på den nye sentralskulen på Urdland. Skulehuset på Reime vart overdrege til bygdefolket på Reime, til bruk som grendehus. Også tidlegare hadde laga i grenda nytta skulen som møtelokale og forsamlingshus.

O6 Voss offentlege Landsgymnas

Voss offentlege landsgymnas var det første offentlege landsgymnaset i Norge, og starta drifta i 1916 med Peder Blix som rektor. I 1919 fekk skulen eigen bygning, ein 3-høgda murbygning i jugendstil med mansardtak. Det er gjort nokre endringar i eksteriør og interiør, mellom anna vart ein del vindauge skifta på 1960-talet. I 2018 vart bygget rehabilitert, og ein ny skulebygning vart bygd saman med jugendbygningen (sjå figur 10.1). Bygningen husar i dag Voss gymnas.

Fram til 1931 var Voss landsgymnas det største landsgymnaset i landet. Størsteparten av elevane ved Voss landsgymnas kom frå Hordaland. Dei femti åra landsgymnaset var i drift, tok rundt 2900 elevar examen artium, 26 % av dei var kvinner.

Skulen er vurdert som særleg verneverdig.

Figur 10.6: *Voss offentlege landsgymnas i jugendstil.*

O7 Voss folkehøgskule

Voss Folkehøgskule er ein frilynt folkehøgskule og har i dag rundt 100 elevar. Skulen har sidan starten i 1895 teke imot elevar frå heile landet med ulik bakgrunn. Her er eit variert tilbod med åtte ulike linjer, pluss mange valfag. Her finn du kreativitet, friluft, idrett, historie, samfunn og ekstremsport samla på ein stad.

Figur 10.7: *Voss folkehøgskule. Foto: Voss folkehøgskule.*

Hausten 1902 flytta Voss folkehøgskule inn i gardshusa på Seim, etter å ha halde til i lånte lokale på Vangen sidan skulen starta i 1895. Nye bygningar vart reiste i 1912, 1913 og 1922. Nokre av dei eldste gardsbygningane står framleis, men først og fremst er miljøet prega av bygningane frå dei første tiåra av 1900-talet. Arkitekturen er tydeleg prega av nasjonalromantiske strømmingar og stilretninga "Det nye Norge". I nokre knappe tiår mot slutten av 1800-talet var Seim embetsmannsgard. Futegarden, den opphavlege hovudbygningen på tunet, er bevart som del av huset som i dag er prega av Magnus Dagestad si ombygging og tilpassing i tidleg mellomkrigstid.

O8 Kunsthandverkskulen

Magnus Dagestad (sjå kap. 9) og Hordaland Ungdomslag grunnla Norsk Kunsthandverkskule i 1920. Etableringa skjedde med løyve frå Departementet. Målet var å fremja den nasjonale stilen i norsk prydkunst og husbunad. Magnus Dagestad teikna bygninga, og han var styrar ved skulen fram til 1935. Ein fin og dekorert skulebygning vart sett opp, og står der enno.

Dagestad gjekk av med pensjon i 1935. Etter han vart kunsthandverkar og formgjevaren Jørgen Kildahl (1898-1972) rektor. Han dreiv skulen fram til 1965, då Sven Valevatn (1916-2005) overtok. Valevatn var ein kjend treskjerar, og kona hans Kirsten har vore viktig for saum- og vevtradisjonen i grenda og på Voss elles.

Etter kvart gjekk skulen inn i yrkesskulesystemet. I dag er han nedlagt.

Figur 10.8: *Kunsthandverkskulen. Foto: Anja Ø. Ryen*

Kyrkjer og kyrkjegardar
All vigsla eigedom (jord og bygningar) er underlagd særleg vern gjennom Kyrkjelova og Kyrkjegardslova. Vangskyrkja frå slutten av 1200-talet omkransa av kyrkjegarden, er automatisk freda. Granvin kyrkje er vedtaksfreda. Kyrkjene i Evanger, Raundalen og Oppheim er listeførde.

Alle kyrkjer bygd mellom 1650 og 1850 er listeførde. I tillegg er ei rekkje kyrkjer bygd etter 1850 òg listeførte, med bakgrunn i arkitektonisk/kunstnarisk verdi, representativitet, autentisitet, plassering og interiør. At ei kyrkje er listeført, inneber at den er definert som verneverdig og har nasjonal verdi. Det betyr at dei skal behandlast med like stor respekt som freda kyrkjer.

Forvaltning av kyrkjer
Listeførte kyrkjer skal behandlast i medhald av kyrkjerundskrivet frå Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet og Miljødepartementet.

Ved endringar i og ved listeførte kyrkjer, skal saka sendast til Riksantikvaren for uttale. Det vil seia at Riksantikvaren skal gje faglege råd om endringar og istandsettings- og vedlikehaldstiltak, men det er biskopen som fattar endeleg vedtak etter kyrkjelova.

Nye tiltak i listeførte kyrkjer sitt nærområde (innanfor 60-meterssona i område med spreidd busetjing) skal behandlast av fylkeskommunen. Ved varsel om oppstart av arealplanar, ved offentleg ettersyn og i byggesaker, skal fylkeskommunen vurdera planen sin verknad på kyrkja og kyrkja sine omgjevnadar med omsyn til kulturminneinteresser.

Vanleg vedlikehald og mindre reparasjonar kan utførast utan søknad. Eit unntak frå dette er tiltak på kyrkjekunst. Er det tvil om arbeidet vil røra ved antikvariske interesser, skal Riksantikvaren kontaktast.

O9 Vangskyrkja

Voss kyrkje, eller Vangskyrkja, er ei steinkyrkje frå mellomalderen, vanlegvis datert til 1277 med bakgrunn i Magnus Lagabøtes brev til vessene der han takkar for at dei byggjer kyrkje i stein og ikkje i tre. Det går fram av brevet at far hans, Håkon IV (den gode), hadde gjeve dei det rådet at dei skulle byggja ei steinkyrkje. Bygginga har vore godt i gang då Magnus skreiv brevet, men kan ikkje har vore fullført, ettersom det også går fram at dei kan få bruk for meir hjelp til oppføringa. Kyrkja er ei langkyrkje med eit smalare, nesten kvadratisk kor. På nordsida av koret er eit sakristi. Veggene i kyrkja er i gotisk murverk, innvendig pusset, men upusset utvendig.

Kyrkja gjennomgjekk ei kraftig restaurering i 1870-åra. Då vart mellom anna delar av interiøret overmåla og dei fleste av vindauga utvida. Vindauga fekk tilbake den opphavlege forma si med ein istandsetting som vart sluttført etter andre verdskrigen. Då vart òg det andre interiøret tilbakeført til eit etterreformatorisk uttrykk med interiør fargar.

Figur 10.9: *Vangskyrkja.*
Foto: Anja Ø. Ryen

Det einaste som er igjen av det opphavlege mellomalderinventaret er eit tilpassa og ombygd sengotisk altarskåp der Predellaen og sjølve korpus i midtfeltet er bevart. Midtfeltet er tilsett vengjer og toppfelt og er utstyrt med måleri og skulpturell ornamentikk, alt frå barokken. Prekestolen er i renessansestil, antakeleg frå før 1650. Kyrkja har òg ein dåpsengel som heng i koret, og som kom til kyrkja i 1820.

O10 Lensmannssteinen ved Vangskyrkja

Lensmannssteinen er ei steinblokk som ligg utanfor hovudinngangen til Vangskyrkja. Han er om lag 35 cm høg over asfalten, og har ei kvadratisk form på vel 60 x 60 cm. Steinen er flat på toppen, avrunda av slitasje i kantane, og har nokre djupe sprekker. Det er uvisst kor langt attende i tid steinen har vore brukt til talarstol ved kunngjeringar for lensmann og andre representantar for styresmaktene. Det finst att tre slike steinar i Voss herad. Dei andre to ligg ved Opheim kyrkje (objekt O11) og ved Evanger kyrkje (objekt O12).

Steinen vart freda av Riksantikvaren i 2009.

Figur 10.10 *Lensmannssteinen utenfor Vangskyrkja.*
Foto: Anja Ø. Ryen

O11 Lensmannssteinen ved Opheim

Lensmannsteinen ved kyrkja ved Opheim er flytt innanfor kyrkjegardsmuren.

O12 Lensmannssteinen Evanger

Også i Evanger ligg ein lensmannsstein utanfor kyrkjeporten. Her ropte lensmannen ut offentlege kunngjeringar til frammøtte ved kyrkjebakken.

Figur 10.11: *Lensmannssteinen utanfor Evanger kyrkje nede til høgre i biletet.*
Foto: Anja Ø. Ryen.

O13 Jakobskyrkja

I fjellet ovanfor Vinje og Oppheim ligg ei grotte med glugg over inngangen. Grotta ligg på 800 meter høgd, med utsikt over Oppheim.

Segnet seier at i fjellhòla budde det ein huldreklokkar som heitte Jakob. Om dette segnet heng saman med verkelegheita er lite truleg. Kanskje var den verkelege Jakobskyrkja den gamle stavkyrkja som stod på Vinje. Men at Jakobskyrkja er ei fin hòle, og at ho har vore brukt i mange tusen år, kan det herska liten tvil om. Liten tvil kan det også vera om at dette er ein naturformasjon som lett gjev religiøse tankar.

I området rundt Jakobskyrkja har det vore menneskeleg aktivitet i meir enn 5000 år. Jakt var ein viktig aktivitet i fjellpartiet bak Jakobskyrkja. Mellom Oppheim, Vinje og Myrkdalen finn ein mange spor etter bogestille (sjå objekt A12) for reinsdyrjakt. Det har vore jakt på bjørn som har set namn etter seg i landskapet. Forbi Jakobskyrkja er det ein snarveg opp til Bjørnfjellet. Vest for Jakobskyrkja ligg Bjørnetone, og der var det enkelt å jakta bjørn når han var på veg opp i fjellet.

Jakobskyrkja ligg på austsida av Helgaberget, som er ei forlenging av Bjørnfjellet. Helgaberget er frittliggjande på tre sider, og er synleg heilt frå Voss. Namnet finn ein mange stader i samband med kultplassar, og ein kan nemna Helgaberget i Etne, og på Island finn ein Helgafjell.

Figur 10.12: *Utsikt frå Jakobskyrkja.*
Foto: Martin Kyte

O14 Skiple Kyrkjegard, Raundalen

Frå ytst i Raundalen er det over fire mil til kyrkja på Vangen, og rundt 1800 vart det difor innvigd kyrkjegard på Vetla-Skiple. Det vert sagt at det i dei 120 åra fram til ny raundalskyrkje vart bygd på Øyefloten, vart gravlagd så mange som 571 menneske på dette målet med jord. Blant anna sju rallarar som døydde under arbeidet med bygginga av Bergensbanen.

Skiple kyrkjegard ligg bortgøymd og vakker tett attmed elva Skiplo. Han er ikkje lenger synleg frå bilvegen, men det er mogleg å skimta han om ein reiser med toget. I dag er gravplassen nedlagd, men kvart år i juni er det dugnad og gudsteneste her. Og kvar jolaftan tek ein nabo på seg hovudlykta og går bort og ringer jola inn klokka fem.

Figur 10.13: *Skiple kyrkjegard. Foto: Svein Ulvund*

O15 Granvin kyrkje

Granvinfjorden er ein av dei fjordarmane som skjer seg nordaust frå indre del av Hardangerfjorden. Som mange andre stader på Vestlandet har det danna seg ein morene i fjordbotnen som skil fjorden frå eit vatn innanfor, og på denne morenen har staden Granvin vakse fram. Kyrkja i Granvin ligg på eit nes som stikk ut på austsida av Granvinvatnet. Første gongen kjeldene nemner Granvin sokn er i 1306. Mellomalderkyrkja i Granvin var ei stavkyrkje som etterkvart fekk tømra utvidingar. Etter at kyrkja vart seld til private eigarar i 1723, vart ho rive, og dei nye eigarane, Kristoffer Aamundsen Ødven og Sivert Gundersen, bygde ny tømmerkyrkje på same staden i 1726. Denne kyrkja vart ombygd i 1853. Kyrkja var i privat eige til ho vart kjøpt attende av kyrkjelyden i 1857.

Figur 10.14: *Granvin kyrkje. Foto: Svein Ulvund*

Utvendes ber kyrkja i dag preg av restaureringar i 1853 og 1911, med klassiserande listverk, inngangsparti og vindauge. Veggene er kledde utvendes med liggjande bord, dels breie, eldre, dels nyare, særleg i nedre del. Nede er veggane avslutta med vatnbord med staff, fas og rett side over pussa grunnmur. Indre og ytre hjørne er markerte med innkassingar av glatte bord.

Granvin kyrkje er vedtaksfreda etter kulturminnelova. Kyrkja er frå 1726, men kyrkjestaden har røter tilbake til mellomalderen og er i dag eit historisk og visuelt fastpunkt som formidlar fortidas kommunikasjonsveger.

O16 Bolstadøyri bedehus

Kyrkjelyden på Bolstad og dei kringliggjande bygdelaga soknar til Evanger kyrkje, og dei døde vart tidlegare gravlagde i Evanger. Evangervatnet, som var kyrkjeveg før det kom bilveg mellom Bolstad og Evanger, var ofte vanskeleg framkommeleg vinterstid. I januar 1864 vart det difor oppretta eigen gravstad i Teigen på Bolstadøyri.

Bolstadøyri bedehus vart oppført 1889 på Øyri og vigsla som bedehus av prost Hansteen 7. desember same året. Huset hadde, og har, inngang i aust og alter i vest. I 1922 vart det laga småsal og eit lite kjøkken. Gravplassen ved bedehuset vart opparbeidd, og i 1926 vart bedehuset vigsla til kyrkjeleg bruk.

Figur 10.15: *Bolstadøyri bedehus. Foto: Anja Ø. Ryen.*

O17 Evanger bedehus

I 1923 var det brann på Evanger (objekt B1), og alle bygg i sentrum av tettstaden brann ned til grunnen. Etter brannen vart sentrum bygd opp att på få år etter ein reguleringsplan.

Evanger bedehus vart første gong bygd i 1889, nokre få år etter at Vossebanen vart ferdig, og befolkninga på Evanger vaks. Det første bedehuset brann ned i 1923 og eit nytt bedehus vart bygd opp att i 1924, saman med dei andre husa i sentrum. Stilen var i hovudsak sveitserstil og jugendstil med lokale tilpassingar. Bedehuset er i to høgder, med ein stor sal i andre høgda. Vindauga har ei lokal utforming som høver i eit bedehus. På taket ligg skiferheller frå brotet på Voss, og er frakta med Vossebanen som har stopp på Evanger. (Eriksen 2021). I 1986 vart deler av sentrum regulert til formål vern.

Bedehuset fungerer i dag som fleirbrukshus, mellom anna som øvingslokale for musikklaget og som festlokale ved store og små hendingar i bygda.

Figur 10.16: *Evanger bedehus. Foto: Anne Lise Brask Eriksen*

O18 Kurhallen Bjørkeli

Fram til Voss sjukehus vart bygd på 1960-talet hadde sjukestovene skiftande lokalisering. Under krigen og etter krigen var det sjukestove på Seim og i nokre av husa i Hagebyen. Første sjukehus som vart bygd til dette føremålet, var Bjørkeli, eit spesialsjukehus for tuberkuløse.

Figur 10.17: *Bjørkeli 1931. Frå venstre oversyster og styrarinne Ranveig Skjeldal, Birker Lærum sr. og Birger Lærum jr. – dåværande medisinarstudent.*
Foto: Dr. Lærums medisinske samlingar

I Norge auka tuberkulosen dramatisk i samband med industrialiseringa. Då flytta folk til byar og tettbygde strok, der dei budde trongt i dårlege bustader, og mange svalt. Omkring 1900 var tuberkulosen ein dominerande dødsårsak, særleg mellom barn og unge, og tok livet av fleire enn kreft gjer i dag. Det førte til at pleieheimar og sanatorium vart bygd over heile landet. På Voss vart Bjørkeli pleieheim oppretta i 1904 av distriktslege Halvor Gjestland, som sjølv miste to barn av sjukdomen. Frå 1940-åra utvikla Bjørkeli seg til eit sanatorium med aktiv behandling, og etter andre verdskrig vart fleire og fleire pasientar kurerte med antibiotika og andre typar behandling. Ei eiga arbeidstrenings-

avdeling vart innvigd i 1958 for å hjelpa pasientar attende til arbeidslivet etter opptil fleire år på sjukehus (Lærum 2016).

I 1970 var tuberkulosen overvunnen. Medan sanatoriet tidlegare hadde vore ein sjølveigd institusjon, overtok Hordaland krins av Norske Kvinners Sanitetsforeining (NKS) no eigarskapen. Eit nybygg vart sett opp, og frå 1973 var Bjørkeli omdanna til ein sjukeheim for aldersdemente. Sidan vart det omdanna til eit distriktspsykiatriske senter, og frå 2015 står Bjørkeli fram som ein moderne, ålmenn psykiatrisk institusjon (Lærum 2016).

Sjukehuset består i dag av ein hovudbygning, som i dag er psykiatrisk sjukehus, og kurhall. Kurhallen er delvis restaurert.

O19 Militærlasarettet Bømoen

Like nord for forlegningleiren på Bømoen ligg den gamle sjukestova frå 1919, bygd etter typeteikning i nordisk nybarokk stil, saman med eit uthus. Like nedanfor sjukestova ligg to lafta ammunisjonshus kledd med metallplater.

Figur 10.18: *Sykestua på Bømoen. Foto: Opus*

O20 Voss kino

I same bygningskompleks som Voss tinghus, ligg Voss kino. Voss kino, vart som Tinghuset, teikna av Leiv Tvilde, og stod ferdig i 1957. Kinosalen hadde opphaveleg 525 sitteplassar, men et vart seinare redusert til 432. Dette var kinolokale fram til 2011, og salen var gjennom åra også mykje nytta som konsertlokale, til teater- og revyframsyningar, til møte, konferansar og til ulike andre tilstellingar. Frå 2018 har det vore innvendig rehabiliterings- og renovasjonsarbeid. Målet var tilbakeføring til opphavleg utsjånad så lang råd er og oppgradering til moderne teater – og konsertsal. Utvendig er det ikkje gjort andre endringar enn generelt vedlikehald. I gavlen mot Uttrågata er det eit relieff i fajanse utført av Ståle Kyllingstad, montert i 1957.

På plassen framfor Tinghuset står det eit minnesmerke over diktaren Per Sivle (sjå objekt V4).



Figur 10.19: *Voss kino. Foto: Svein Ulvund og Lucie Sediva*

Bankvesenet på Voss

Den økonomiske og tekniske utviklinga frå 1830-åra gjorde samfunnslivet meir variert både i by og bygd. Ei side av utviklinga var at pengeomsetninga var i takt med stigande produksjon, kjøp og sal av varer, og det vart bruk for bankar. På Voss var behovet for ein bank stort på grunn av den store omsetninga av gardsbruk som auka i takt med utvandringa til Amerika, og Voss Sparebank vart etablert i 1843. Dei første åra heldt dei til i den gamle tingstova på Vangen, frå 1856 i Formannskapsbygningen og i åra 1860-1866 i eit privathus. I 1867 kjøpte banken det gamle arrestlokalet, som vart utvida i 1873.

I 1932 flytta Voss Sparebank inn i ny forretningsgard i Vangsgata. Dette var ein av dei få bygningane som ikkje vart øydelagt under bombinga i 1940. Bygninga har høg bevaringsgrad i eksteriøret med m.a. intakte dører, sjølv om det er kome til eit nyare tilbygg i bakkant.

I bladet «Hordaland» vart det 21. januar 1899 lyst ut innbyding til aksjeteikning til ein ny bank som skulle skipast for Voss og omland. Innbydarane viste til den monalege auken i forretningslivet i bygdene her, som gjorde ein forretningsbank naudsynt. Innbydarane var 47 forretningsmenn og bønder. Banken vart skipa dette året og fekk namnet «Voss Vexel- og Landmandsbank».

Vekselbanken har halde til i fleire lokalar, og etter frigjeringa i 1945 starta banken arbeider med nytt bygg.

I denne tida var byggjevarer rasjonerte, og atterreisinga tok tid, men i 1950 kunne banken flytta inn i eige hus. Bankbygget er vanskeleg å plassera arkitekturhistorisk men det har fått form av ein nyklassisistisk monumentalarkitektur. Banken er sentralt plassert og er vorte eit landemerke på Vangen.
Bankane er framleis lokalt eigde og er sentrale samfunnsaktørar på Voss. Dei er viktige samarbeidspartnarar både for utviklings av næringsliv og for kultur- og idrett.

Figur 10.20: *Voss sparebank. Foto: Svein Ulvund 2008*

11. Tekniske og industrielle kulturminne

Menneske har i alle tider utnytta naturressursane. Gjennom historia har det kome nye tekniske nyvinningar, som har letta det fysiske arbeidet og gjort nye produksjonsmåtar moglege. Desse tekniske og industrielle kulturminna har sett mange spor etter seg i landskapet. Mange installasjonar var avhengige av å ligga nær ei naturleg kraftkjelde som vatn og fossefall.

Den gjennomgripande industrialiseringa skjedde frå midt på 1800-talet, og førte med seg store omveltingar i samfunnet. Nye industristader oppstod og vart gjerne bygd på før ubygde stader. Nye økonomiske, sosiale, kulturelle og politiske strukturar vart danna.

Det meste av småindustrien i Voss herad vaks fram frå gardsdrift og utvikla seg til sjølvstendige bedrifter. I nyare tid kan me sjå gjennom både skriftlege kjelder, stadnamn og einskilde stader gjennom bevarte bygg, at folk anten spesialiserte seg eller hadde ulike tilleggsnæringar.

Voss er kanskje mest kjend for kjøtindustri og trelast/trevareverkstader. Teigdalen framhevar seg på både område, og held framleis tradisjonen med kjøtindustri i hevd. På Vangen var det to skiprodusentar, Ivar A. Lydvo og Bynjulv Dolve. Tekstilindustrien var òg relativt omfattande med shoddyfabrikkar samt hårduksveveri og ullvarefabrikk på Vangen. I Folkedal produserte dei ei tid ljåar, og generelt i Granvin var tønnebandproduksjon viktig i ein periode.

Svært få kulturminne er att etter småindustrien, og dersom bygningane står, er det sjeldan at interiøret framleis er intakt. På Brekkhus er det verkstad for leiketøy og rokkeproduksjon. I Folkedal står eit hus som vart brukt til ljåproduksjon.

Riksantikvaren definerer tekniske og industrielle kulturminne slik:
Tekniske og industrielle kulturminne er spor etter industriell kultur som er av historisk, teknologisk, sosial, arkitektonisk eller vitskapleg verdi. Tekniske og industrielle kulturminne omfattar bygningar og produksjonsliner med maskineri, transport og annan infrastruktur, så vel som stader brukt til sosiale aktivitetar som bustad, religiøse byggverk, skular, rekreasjons- og grøntanlegg.

11.1. Utvalde kulturmiljø

Nr.	Kulturmiljø	Omsynssone
T1	Rekve mylna	H730_32
T2	Voss mylna	**
T3	Mugås, gardsmylne	
T4	Stalheimsfossen, kraftverk	
T5	Sivlefossen, kraftverk	
T6	Hodnaberg, kraftstasjon	
T7	Tømmerflåte, Bolstad	
T8	Liasaga, Palmafossen	H570_39
T9	Terskelen i Vangsvatnet	H570_40
T10	Ljåsmie i Folkedal	H570_41
T11	Hedleberget, skiferdrift Kyte	
T12	Mønsberget, skiferdrift	
T13	Skantesaks, ei oppfinning frå Voss	
T14	Tønnebandproduksjon, Granvin	
T15	Jarnvinneanlegg, Svorto	H730_33
T16	Jarnvinneanlegg, Brileset	H730_34
T17	Kljåsteinsberget (Klauvberget), Klebersteinsbrot	H730_35
T18	Sølvgruve, Tvildemoen	
T19	Rokk – og leketøysproduksjon, Brekkhus i Teigdalen	
T20	Ridande Vossabrydlaup, treskjering	
T21	Vossavinsjen, ei oppfinning frå Voss	
T22	Vossakasso, ei oppfinning frå Voss	

** = Gjeldande reguleringsplan



Figur 11.1: *Oversiktskart som viser lokaliseringa av dei utvalde kulturmiljøa for tekniske og industrielle kulturminne i kulturmiljøplanen.*

T1 Rekve mylna

Langs sideelvane kunne gardskvernene ligge på rekkje og rad. Svært få av desse er bevart. Me kjenner eit fåtal gardskverner og bygdemylner som framleis står. Sidan så få av desse tidlegare så vanlege anlegga er bevart, er det viktig å ta vare på dei som er att. Av desse er Rekvemylne vedtaksfreda etter kulturminnelova i 1978, og er skildra som eitt av dei mest interessante tekniske kulturminna me har av denne typen.

Figur 11.2: *Rekvemylne. Foto: Svein Nord*

Rekvemylne vart bygd i 1800-åra. Ho ligg ved elva Dyrvo, litt før ho renn ut i Vangsvatnet, to km aust for Bulken. Den freda møllebygningen er ein trebygning i fire høgder, med ei kjerne av lafta tømmer som er omgjeven av ei rekkje ulike tilbygg i panelt bindingsverk. På vestsida ligg bygningen heilt inntil fjellsida, i aust står han i elvebreidda, på eit mura fundament med rom til kvernkallane. Vassrenner av tre førte vatnet til mylna og utvendes var det i tillegg eit vasshjul som dreiv vadmålsstampa. Innvendes er møllemaskineriet bevart intakt. I første høgda ligg mølle og kvern, i andre er det verkstad, og på loftet er eit lite husvære.

Rekvemylne er ei av dei siste vassdrivne bygdemøllene som var i drift på Vestlandet. Heilt til byrjinga av 1980-åra var Knut Hernes enno i full sving med leigemaling av korn for vossebøndene. Inne ved kverna i første høgda kunne du møta den gamle mylnaren, kvit av mjølgòv, mellom kornsekker og mjølsekker. Hundre tonn for året mol han på det meste. I mange år var det kontrakt med Statens kornforretning om leigemaling.

Knut Hernes bygde også opp att den gamle vadmålsstampa, som var driven av eit eige vasshjul. Stampa stod tidlegare lengre opp i elva, og der stod det også ei oppgangssag. Etter ein stor flaum i 1906 vart stampa flytt ned til mylna i fossen. Alt på 1700-talet ser vi at dei reformvennlege embetsmennene i Det Nyttige Selskab premierte ein sjølveigarbonde frå Voss, Lars Giljarhus, for eit anlegg med kombinert sag, kvern og valkemølle (vadmålsstampe) driven av eitt vassfall: eit føredøme på god ressursutnytting (grind.no).

Elvas og vatnets kulturmiljø

Vatnet – fjorden, innsjøane, elvane og bekkane – har alltid vore ein viktig del av Voss herad si historie. Her føregjekk ferdsel, og herifrå vart det henta opp mat. Frå elvar og bekkar vart krafta utnytta til kverner, mylner, vassdrevne slipesteinar og sager. Etter kvart kom kraftverk. Elvane var òg utgangspunkt for reiseliv.

T2 Voss mylna

Voss mylne (Strandavegen 23) vart oppført i 1900 i to etasjar, og vart seinare utvida til fire etasjar. Opphavleg var det både meieri, mylne, sagbruk og bustad her. Alt vart drive med vasskraft frå ei felles demning.

Voss mylne ved elva verkar relativt intakt i eksteriør, og bygningen er i brukbar stand. Ei stifting har teke over bygningen og driv med restaurering. Det er igjen aktivitet her. Særs viktig er Mylne, både som bevaringsobjekt og som landemerke, bygningen bør sikrast openheit og plass mot sør; hoer sårbar for innbygging. Karakter av frittliggjande småhusbusetnad bør haldast oppe.



Figur 11.3: *Voss mylna frå då ho var ei lita beinmylne. Sagbruket lengst til venstre.*

Mylna ligg i eit lite miljø med spreidd eldre trehusbusetnad langs eit eldre vegfar. Elverommet med holmen i elva utgjer ein viktig del av kulturmiljøet med stor bruksverdi. Mylne har eit autentisk preg der verdien knyter seg til den tidlege industrihistoria på Voss, og bruk av elva som kraftkjelde. Nyare bustadbusetnad, parkeringsareal og dessutan utviding og oppgradering av Tvildesvegen pregar opplevingsverdien av området i negativ retning. Dette er eit område med stor tidsdjupne der einskildhus har aldersverdi og stor kunnskapsverdi i seg sjølv (asplan viak 2018).

T3 Mugåskverna, Evanger

Mugåskverna ligg ved Mugåselva ved Evanger. Kverna vart bygd i 1881 av ein snikkar kalla «Styvesgjedlen». Eigaren den gong var Brynjulf N. Mugås.

Truleg var det kvern også før denne tid. Kverna var i drift til to-tre år etter andre verdskrig. Ho vart ferdig restaurert i 1991. Dette var eit samarbeid mellom grunneigar, Evanger skule, Voss kommune og museet. Arbeidet vart leia av Knut Øvstedal. Elevane ved Evanger skule fekk ta del i arbeidet, og dei nyttar tidvis kverna som ein del av undervisninga.

Ved Mugåselva var eit heilt vasskraftsamfunn, med både oppgangs- og sirkelsag, slipestein og kvern. Slipesteinen stod ved slåket til kverna. Den dag i dag står det rester etter murane til sagene. Oppgangssaga stod på venstre side av kverna. Ein kan ennå sjå restar etter slåket. Sirkelsaga stod på kverna si høgre side, litt lengre opp. Ho vart flytta inn på garden Mugås, bnr.2, i 1957, då med elektrisk drift.

Figur 11.4: *Mugåskverna. Foto: Svein Ulvund*

Elektriske kraftverk

Dei fyrste elektriske kraftverka i Voss var private føretak. Stalheim Hotel var det fyrste selskapet på Vestlandet som bygde elektrisk kraftverk for ljos, i 1891/92. Fleire seinare (1933) vart kraftverket som framleis står ved Sivlefossen, bygd. Eit elektrisitetsverk på Møn vart bygd i 1911 i samband med skiferdrifta. Utover på 1910- og 1920-talet kom fleire grendakraftverk og private kraftverk til, nytta både av bustader og industri. Palmafossen Kraftstasjon stod ferdig i 1919. I tillegg er det fleire private kraftverk som kan vera verneverdige kulturminne. Nokre er framleis i drift (Kleivafossen på Mjølfjell og Vinjadalen på Vossestrand), medan andre er nedlagde (Møen, Bøfossen i Raundalen, Skiple, Vinjo, Tysso og Århus). Eit døme frå dei store vassdragsutbyggingane er røyrgata og kraftstasjonen på Hodnaberg ved Hamlagrøvatnet, som vart sett i drift i 1953. Her vart og sett opp permanente bustader for dei som arbeidde på kraftverket.

T4 Stalheimsfossen, kraftverk

Stalheimsfossen er ein av dei to store fossane med fall ved Stalheimskleiva. I det djupe gjelet dannar fossen eit 126 meter høgt fall.

Det er noko tvil om når det første kraftverket ved Stalheim vart bygt, men mest truleg var det i 1892. Det var direktøren på Stalheim Hotel, Albert Patterson, som då bygde eit mindre kraftverk som forsynte hotellet med elektrisk ljos. Dette var eit av det fyrste på Vestlandet, kanskje det fyrste. Kraftverket vart bygt i Stalheimselva, like ovanfor Stalheimsfossen, og vart i 1894 ombygt slik at det òg kunne levera straum for motordrift.

Synet av fossen kan i dag nytast frå Stalheimskleiva. Fossen er på UNESCO si Verdsarvliste som del av Vestnorsk fjordlandskap (kap. 13).

T5 Sivlefossen, kraftverk

På den andre sida av Stalheimskleiva (objekt S4) ligg Sivlefossen (142 meter høg). Sivlefossen er ein del av Brekkedalselva, som er ei sideelv til Nærøyelva. Sivlefossen sitt totale fall er 240 meter, kor omlag 50 meter er loddrett.

Figur 11.5: *Sivlefossen sett frå Stalheimskleiva. Bildet er tatt omkring 1880–90. Foto: Axel Lindahl*

I 1933 bygde direktør Tønneberg nytt kraftverk i Brekkedalselva, og det vart plassert mellom brua over til Sivle og Sivlefossen. Kraftverket vart no utbygt med to aggregat på til saman 70 kW og utnytta ei fallhøgd på 90 meter.

Sivlefossen er godt synleg frå den tredje svingen på Stalheimskleiva rekna nedanfrå. Fossen er på UNESCO si Verdsarvliste som del av Vestnorsk fjordlandskap.

Sivlefossen har fått ein eigen slått kalla opp etter seg. I Spelemannsbladet (5/1982) fortel Olav Fletre om Sjur Helgeland og denne slåtten. Slåtten bar namnet «Fossegrimen» fram til Per Sivle døydde, men for å gjera ære på den avlidne, valde Sjur Helgeland, som var Per Sivle sin tremenning, å kalle opp slåtten etter han. Sjur Helgeland fortalde sjølv korleis slåtten vart til: *«Det var samla mange spelemenn på Lærdalsøyri og det vart mykje speling i fleire dagar. Mykje vaking var det og, so eg heldt på å misse svevnen. Då forstod eg at dette bar gale i veg, og so tok eg det eg hadde, reiste på bryggja og tok fyrste båt til Gudvangen. Derifrå gjekk eg. Dette var ein fin vårdag med sol og alt det yrande liv som fylgjer med slike dagar. Då eg var komen mitt opp i Stalheimskleivi kjende eg at no fekk eg sova. Eg gjekk då ut frå vegen inn i den fine bjørkeskogen og der innved Sivlefossen la eg meg ned og sov både lenge og vel. Når eg då vakna att og fekk fram fela, so hadde eg slåtten».* Slåtten og historia om korleis ho vart til, er immateriell kulturarv, som er knytt opp til det fysiske kulturmiljøet Sivlefossen. I kap. 4 er immateriell kulturarv djupare omtala.

T6 Hodnaberg, kraftstasjon

Kraftverket ved Hodnaberg starta produksjonen i 1953. Det ligg ved Hamlagrøvatnet, og får vatn frå regulert magasin i Torfinnsvatnet. Torfinnsvatnet er demma opp med ein mindre betongdam. Derifrå går eit 831 meter langt turbinrør langs fjellsida ned til kraftstasjonen. Ein del av stasjonen er sprengt inn i fjellet. Kraftverksbygninga er katedralinspirert, og særeigen.

Vatnet i Torfinnsvatnet renner normalt ut i Vosso, men vert gjennom reguleringa leia til Bergsdalsvassdraget. Kraftverket er eigd av Voss Energi, og drift og regulering er i samarbeid med BKK.

Figur 11.6: *Rørgate frå Torfinnsvatnet. I enden ligg den katedralinspirerte kraftstasjonsbygningen Hodnaberg. Foto: Kjell Hernes*

T7 Tømmerflåte, Bolstad

Tømmerflåtar vart nytta då dei frakta tømmer frå Bolstad til Bergen. I Bolstad ligg ein rekonstruksjon av ei slik flåte.

Dei eldste oppgangssagene på Voss var i bruk i andre halvdel av 1600-talet. Sagene vart ført opp etter kongelege forordningar, og i svært avgrensa tal for ikkje å snauhogga skogen. Då det vart fri tømmerhogst i eigen skog i 1860, vart det sett opp mange sager rundt i bygdelaga. Frå denne tida byrja ein og å nytta sirkelsager. Tømmeret vart sendt til Bergen sjøvegen om Granvin eller fløtt nedover Strandaelvi og Raundalselvi til Vangsvatnet og vidare forbi Osen til Bolstadfjorden. Her vart det henda over til kjøparane, bygningsstrilar som sjølv transporterte tømmeret vidare. I denne transporten vart tømmerflåtane nytta. Vossebanen gjorde slutt på tømmerfløytinga mellom Vangsvatnet og fjorden (Gjerdåker 1990:309).

T8 Liasaga, Palmafossen

Området rundt Palmafossen er eit område med kulturhistoriske kvalitetar med eksemplar på småindustri som baserte seg på vasskraft. På sørsida av elva, rett nedanfor dammen, ligg Gjerde Bruk L/L sin gamle oppgangssag, Liasaga. Denne er framleis intakt.

Figur 11.7: *Palmafossen med vadet i bakgrunnen og saga til høgre. Foto: Arne Hofseth*

Ei oppgangssag er ei vassdriven sag med eit rett sagblad som bevegar seg rett opp og ned. Sagbladet er spent fast i ei ramme som er kopla til eit vasshjul med ein veivaksel. Eit anna namn på oppgangssaga er *vassag*. Oppgangssagene var i bruk i Norge frå 1500-talet og la grunnlaget for norsk trelastindustri.



Figur 11.8: *Mye av maskineriet inne i Liasaga står enno på plass. Foto: Sigbjørn Rognebakke*

T9 Terskelen

Terskelen i utløpet av Vangsvatnet er eit vassdragsteknisk anlegg som er eit av Norges vassdrags og energidirektorat (NVE) sine utvalde kulturminne.

Utløpet av Vangsvatnet går gjennom ein svært trang, 700 m lang fjellkløft. Ved stor flaum vil elva raskt få høg vasstand på grunn av dette utløpet. Her er det bygd ein stor terskel av sprengt stein. Terskelen er utforma slik at laks kan passera.

Allerede i 1854 vart det planlagt å senka Vangsvatnet for å hindra flaum over jordbrukslandskap og bustadar. Planen gjekk ut på å senka vatnet 1,7 m ved sprengning og opprenskning i utløpselva. Dette arbeidet vart utført i 1865-1866, og i 1892 vart det satt opp vasstandsmerke og utført vassføringsmålingar ved Bulken. Dette er dermed den stasjonen som har lengst samanhengande vasstandsmålingar i Norge. Ein storflaum i 1918 reiste på ny spørsmålet om senkning av Vangsvatnet, og prosjektet vart utreda i fleire omgangar. Arbeidet vart utført i perioden 1991-1993.

Figur 11.9: *Terskelen i Vangsvatnet 1997. Foto: Arne Hamarsland, NVE*

T10 Ljåsmie i Folkedal

I Folkedal vart det mellom anna smidd ljåar for sal i stort omfang. Folkedalsljåen hadde i mange år eit godt omdøme. Rett ovanfor riksvegen gjennom Folkedal ligg eit langt teglsteinshus på innsida av elva. Her vart det drive ljåproduksjon fram til midten av 1950-talet. Huset skal vera bygt rundt hundreårskiftet. Det var tre smihamrar drive av reimverk, som fekk krafta frå ein turbin på oppsida av huset. Denne vart driven av vatn frå elva.

Dei siste åra var det tre smedar som produserte ljåar i denne smia. Brørne Håvard O. Folkedal (f. 1897) og Oddmund O. Medhus (f. 1901). Desse både produserte og selde ljåar i kompaniskap. I tillegg dreiv Andreas J. Medhus (f. 1888) ein smihammar for seg sjølv i same huset. Huset var òg plassert på hans grunn. Desse tre var likevel ikkje dei første ljåsmedane i Folkedal. Både far til Håvard og Oddmund, Oddmund O Brekke (f. 1860), og far til Andreas, Johannes O. Hamre (f. 1855), var kjende ljåsmedar i si tid. Det er truleg desse to som opphavleg bygde smia der ho ligg no.

Figur 11.10: *Ljåsmie i Folkedal. Foto:digitalmuseum.no*

Skiferindustrien

Skikken med å nytta skifer til taktekking tok fyrst av etter 1830, sjølv om det finst eksempel på tak med skifer i frå før dette. Omkring 1850 var det ein vekstperiode med mykje nybygging og endring av stover frå røykstove til lemstove. I tillegg kom nye driftsformer i jordbruket og ein aukande pengeøkonomi. Dette var nok årsaka til at skifertekking vart så utbreidd på denne tida. Glansperioden for skiferdrifta var mellom 1880 og 1940. Dei eldste industrielt produserte hellene vart laga til store rektangulære heller som vart lagde i raster på taket, rasteheller. I 1860-åra tok ein til å laga kvadratiske ruteheller, og i 1865 byrja dei å produsera lappheller, som framleis er den typiske vossahellen (Helleve 1995).

Det har vore kommersiell utvinning i tre hovudområde; ved Lønavatnet frå Flatekvål til Lønø, frå og med Utkvitno gjennom Nedkvitne og Norheim til Lemme og Kyte, og sør for Raundalselva frå Skjerve mot Bjørke, Møn, Veisene, Fenno, Håtveit og Istadmyrane. I dette tredje hovudområdet var det og kortvarig drift på Helgaset kring 1920 (Helleve 1995).

For å få transportert hellene frå brota vart det bygd togbaner for helletransport frå Norheimsberget til Lønavatnet i 1886 og frå Norheim til jernbanestasjonen på Kløve, då Bergensbanen vart opna i 1908. Banene hadde fleire sidespor, slik at hellene frå dei ulike benkane vart sendt inn på hovudbanen. På jernbanestasjonene på Kløve og Ygre vart det sett opp lasteperrongar. Togbane frå Flatekvål opp til produksjonsplassane på Klondyke, heis på Istadmyrane og løypestrenger frå fleire av brota til hovudvegane var og med på å effektivisera drifta.

Utanom såra etter drift i fjellsidene, er det i dag få synlege spor att etter den omfattande skiferdrifta. Det står ei hytte på Klondyke som skiferarbeidarane budde i, dessutan står det framleis att nokre delar etter togbanen frå Flatekvål til Klondyke. På Ygre stasjon står framleis lasteperrongen til skifer intakt. I Norheimsbrotet står framleis nokre skantehytter, dvs. enkle hytter, der ein drivar skanter lappheller med skantesaks på same måte som det har vore gjort i nesten 150 år.

T11 Hedleberget, skiferdrift Kyte

Hedleberget på Kyte var i byrjinga av 1900-talet den største arbeidsstaden i Voss herad. I skiferindustrien på Voss arbeidde det på det meste 400 mann, vel halvparten av dei arbeidde i brota i Kytesgrenda. Dette var ei viktig inntekt for grunneigarar i området, og avgjerande for utviklinga av lokalsamfunnet. I dag er det ein arbeidskar att som tek ut skifer og tilverkar takstein.

I Hedleberget har dei i dag restaurert gamle bygningar, og på utescena i Kvammabenken vert det arrangert konsertar. Frå Voss Bryggeri på Kyte er det laga ein flott kultursti opp i skiferbrotet.

Figur 11.11: *Skantehytte på Norheim, med skiferveggen som reiser seg bak.*
Foto: Anja Ø. Ryen

T12 Mønsberget, skiferdrift

helleberget på Møen har det vore skiferdrift sidan slutten av 1800-talet. Det var Anders K. Møen (1862–1936) som byrja å ta ut skiferen. Han bygde køyreveg frå berget til hovudvegen og sprengte tunellar inn til skiferberget. Då hellebergsdrifta var på sitt største i 1911, vart det produsert 250 000 skifer i året og rundt 100 mann var i arbeid.

I dag er det Knut A. Møen, fjerde generasjon Møen, som driftar helleberget.

T13 Skantesaks, ei oppfinning frå Voss

Forenkla transport då Vossebanen opna, skapte saman med skantesaksa, grunnlag for kommersiell skiferdrift. Med skantesaksa, oppfunne av den lokale drivaren Arne Rene i 1884, kunne produktiviteten minst tidoblast, frå omlag 50 lappheller kvar dag til 500–600 kvar dag.

Figur 11.12: *Bruk av skantesaks. Jan Olav Grevle, ein av dei som framleis beherskar faget, forklarar.*
Foto: Anja Ø. Ryen

T14 Kljåsteinsberget (Klauvberget), Klebersteinsbrot

I Kljåsteinsberget (Klauvberget) finst spor etter klebersteinsgryter som ein antar er frå vikingtid til mellomalder. Dette brotet kan vera kjelda til klebersteinen i Vangskyrkja (objekt O9).

Langt til fjells, og kanskje langt frå samtidig busetnad, dreiv nokon storstilt framstilling av klebersteinskar i før-romersk jernalder (500 f.Kr–0). Kleberstein er ein mjuk bergart som kan skjerast og formast med kniv. Kleberstein er også svært varmebestandig og egnar seg difor godt til det han vart mest brukt til; kokekar og støypeformer. I bronsealderen (1700–500 f.Kr.) vart kleberstein nytta til å laga støypeformer. Både i yngre bronsealder (1100–500 f.Kr.) og i før-romersk jernalder (500 f.Kr.–0) laga ein kar som truleg vart nytta til matlaging.

Figur 11.13: *Kleber har spesielle eigenskapar. Steinen er tung og mjuk og har evna til å halda på varme. Desse eigenskapane har vore utnytta på ulik måte; til å telja til fiskesøkke, til vevlodd, til gryter og til steinheller. Bildet viser eit spinnhjul funne i Voss.*
Foto: Ann-Mari Olsen / Universitetsmuseet i Bergen, Fotobasen

Jarnframstilling

Ein del myrar i fjellstroka kring Evanger, Voss og Vossestrand inneheld malm, som er ein føretsetnad for jarnframstilling. Spora etter framstillinga finn ein att som kolgroper, haugar med slagg (slagghaugar) og som lause slaggklumpar, eller "*kròker*" som ein kallar det i Vossebygdane. I tillegg til slagg kan og stadnamn indikere jarnframstilling. "*Kròke*" er alt nemd. Vidare kan stadnamn med nemningane *–jønn, -jenn, -raud, -blester*, og *–grue* ha å gjere med jarnframstilling. Førhistorisk og historisk jarnframstilling vert vanlegvis skild i tre teknologiske fasar som vert datert til dei fire første hundre-åra etter vår tidsrekning, frå yngre jarnalder (vikingtid) til tidleg mellomalder og ei kort fase mellom 1666 og midten av 1700-talet (Gustafson 1983:45ff). Vossestrand er eit nykkelområde for alle tre fasane. Også i Granvin finn me spor etter jarnvinneanlegg

T15 Jarnvinneanlegg, Svorto

Opp til stølen Svorto, om lag halvvegs mellom Finne og stølen, vart det i 1996 påvist slagg i ei skjering av eit køyrespor. I kanten av eit avgrensa område i ei myr vart det funne både slagg og trekolgroper. Spora er datert til eldre jernalder, og er automatisk freda etter kulturminnelova.

T16 Jarnvinneanlegg, Brileset

Slaggklumpar frå ein slagghaug i nærleiken av Brileset er datert til romersk jernalder (200–250 e.Kr). Same staden er det òg funne klumpar som viser prov på å vera framstilt med teknologi ein seinare fase. Framstillinga i den siste fasen ser ut til å avgrensa seg til Vossestrand, men systematiske analysar av slagg frå heile heradet kan endra dette biletet. I alle høve er det klårt at Vossestrand har hatt ei særstilling innan jernframstilling i vossabygdene. Truleg har bygda hatt god tilgjenge til malmhaldige myrar, slik at jernframstilling har vore ein viktig utmarksressurs for folk i bygda.

T17 Sølvgruve, Tvildemoen

I Vosseboki har Lars Kindem skrive om sølvgruva på Tvilde, som var i drift på 1700-talet: *På Vossatinget 1771 er opplyst at Kristen Halldorson frå Sogn, som gjekk og bad seg, var funnen drepen ved elvi der blyverket hadde vore. Blygruva var tett med og full av vatn, heiter det. Blygruva er omtala nokre andre gonger og i tingboki frå 1700-talet. Tradisjonen fortel at blyet åt kyrkjetaket skulde vera funne ovanfor Båbruæ. Denne blygruva må visst vera den gamle sylvgruva ved Raundalselvi på Tvilde sin eigedom, for ein veit ikkje um noko gruve andre stader ikring Båbruæ. I 1860-åri var to engelskmenn her, fekk reinska upp gruva og tømt henne. Det synte seg då at ho går rett ned ikring 8 meter, svingar so og går på skrå i sørvestleg retning burt under elvi til umlag midt under henne. Det var då funne ei trebytte med årstal frå 1760-åri, som tyder på at gruva har vore i arbeid då. Dersom blyet til kyrkjetaket er kome derifrå, må der og ha vore arbeidt lenge fyre 1700-talet*. (Vossaboki band III).

Figur 11.14: *Sølvgruva på Tvildemoen. Foto: Svein Ulvund*

Gruva på Tvildemoen er altså omtala både som sølvgruve og blygruve, og det er litt uklårt kva ein faktisk har henta ut herfrå. Det har vore teke ut mutingsbrev fleire gonger, m.a i 1888 av «Hr. Overretssagfører Chr. Michelsen af Bergen» og furer Ola Hardeland, Tvildemoen, muta på ny i 1917 under namnet «Tvilde skjerp». Olav Tvilde fortel at den siste som skal ha drive i gruva var Erik Fagnastøl kring 1915–18. Men dei fann ikkje stort. I brev frå Norges Geologiske Undersøkelse vart det sagt at «Forekomsten synes etter de innsendte prøver å dømme å føre ganske lite blyglans, magnetkis og svovelkis i kvarts».

Småindustri

Det meste av småindustrien var opphavleg gardsdrift som vaks og utvikla seg til sjølvstendige bedrifter. Voss herad er kanskje mest kjend for kjøtindustri og trelast/trevareverkstader. Teigdalen framhevar seg på begge område og held framleis tradisjonen med kjøtindustri i hevd.

På Vangen var to skiprodusentar, Lydva og Dolven. Tekstilindustrien var og relativt omfattande med shoddyfabrikkar samt hårduksveveri og ullvarefabrikk på Vangen.

Svært få kulturminne er att etter småindustrien, og dersom bygningane står er det sjeldan at interiøret framleis er intakt. Me kjenner til at ein trevareverkstad på Tyssen har eit, i alle fall delvis, intakt interiør og eksteriør. På Brekkhus er det frameis verkstad for leiketøy og rokkproduksjon.

T18 Tønnebandproduksjon, Granvin

F olk dreiv med mange ulike tilleggsnæringar for å auka innteninga. Ei stund var folk i Granvin særskilt engasjert i bøkkernæringa (produksjon av tretønner/bidne). Omfanget av dette er det forska lite på i Hardanger, men både i Nesheimlia, Holve, Spildo og Seim var det hatleskog (hassel). I skogen vart det tatt ut småtre, som vart nyttta som band til tønnene.

Figur 11.15: *Tønnebandproduksjon og spinning på Djønne. Ferdige «banda buntar» i bakgrunnen. Buntform i framgrunnen. Fotografert i 1910 eller 1911.*

Foto: Wallevik, Anders P. (1874 - 1965), digitalmuseum.no

T19 Rokk – og leketøysproduksjon, Brekkhus i Teigdalen

Øvst i den tronge, ti kilometer lange Teigdalen frå Evangervatnet, ligg gardane Århus og Brekkhus. På Brekkhus vaks det frå 1830-åra og framover, fram eit heilt handverkarmiljø. Mest vidgjeten er rokkedreiarverksemda, og vidt ikring i landet har det vorte spunne mykje på rokkar frå Brekkhus.



Figur 11.16: *Brekkhus i Teigdalen utvikla seg til eit handverkarsentrum*
Foto: Anja Ø. Ryen

Etter 1880-åra byrja mennene her også å laga leiketøy i tre, gyngestolar, sagmenn o.a., og dei vart selde i butikkar mellom anna i Bergen og Oslo. På det meste arbeidde åtte mann i verkstaden på Brekkhus, og arbeidet heldt fram til 1950-åra. Gulleik Brekkhus vaks opp her, den kjende treskjeraren som har forma «Ridande Vossabrudlaup» (objekt T20).

T20 Ridande Vossabrydlaup, treskjering

Gulleik Helgeson Brekkhus vart fødd 11. februar 1863 på garden Brekkhus i Teigdalen. Gulleik var ein dyktig treskjerar. Då Nils Berglien sitt monument over eit ridande vossabrudlaup vart reist på Lindehaugen, kom Gulleik på at han skulle laga eit vossabrudlaup han òg. Han skar då ut meistarstykket «Ridande Vossabrudlaup» med 20 hestar. Det var brud, brudgom, kjøgemeister, spelemann og bryllaupsgjester på hesteryggen. Voss Folkemuseum kjøpte dette arbeidet, og det har fått ein sentral plass i samlingane på Mølster.

Figur 11.17: *Gulleik Helgeson Brekkhus skar ut «ridande Vossabrydlaup» i tre.*
Foto: Kjell Herheim/Voss folkemuseum

I 1928 skar han ut eit nytt ridande vossabryllaup, som han fekk gullmedalje for på Bergensutstillinga i 1928. Dette kjøpte Stalheim Hotel. Berre brudeparet vart redda ut av den store brannen i 1959, og står i dag på museet på Stalheim.

T21 Vossakasso, ei oppfinning frå Voss

Vossakasso er ei stor kasse som vert montert bak på ein traktor. Han kan nyttast i staden for tilhengar ved fôrhausting i bratt åkerlandskap, der ein tilhengar lett kan velta.

Vossakasso vart funne opp av gardbrukar Anders Rong frå Bordalen. Ho vart vidareutvikla i samarbeid med Landbruksteknisk institutt og Hordaland Mekaniske Verkstad.

Figur 11.18: *Vossakasso. Foto: traktor.no*

T22 Vossavinsjen, ei oppfinning frå Voss

Vossavinsjen vart funne opp på første halvdel av 1940-talet, då som ein eintromla utgåve. Han vart skissert av Georg Hana under 2. verdskrig, og konstruert ved hjelp av Hordaland mekaniske verkstad (HMV). Utviklinga førte etter kvart til ein to-tromla utgåve.

Vossavinsjen vart konstruert for å nyttast innan jordbruket på brattlendte gardar. Denne vinsjen vart nytta både til pløying og for å trekkja høylass opp bratte bakkar og inn på låven.

«Vossavinsj» vart etter kvart eit omgrep som vart nytta på mange ulike fabrikat av denne typen vinsjar med stasjonærmotor.

Figur 11.19: *To-tromlet vinsj bygd på ei ramme. I følgje Even Riise har vinsjen vore driven av ein stasjonær luftavkjølt Volkswagenmotor via ein drivaksel med remskive. Vinsjen har merkeplate frå produsenten. Foto: Norsk vegmuseum*

12. Reiseliv og friluftsliv

Frå langt tilbake i tid har det lege mange skysstasjonar og gjestgjevarstader langsmed dei gamle hovudferdslesårene, som Postvegen, Kongevegen og fjorden. Grunnlaget for denne næringa var ferdsel i yrkessamanheng, både for embetsmenn og bønder. Kommersiell turisme byrja først å veksa fram på 1800-talet. Etter at mange vegar vart utbetra og jernbanesamband opna frå siste halvdel av 1800-talet, fekk næringa raskt svære dimensjonar og mange av dei gamle skysstasjonane vart gjort om til hotell.

I Voss kom det tre store jarnbaneanlegg. Vossebanen opna i 1883, Bergensbanen i 1909 og Hardangerbana i 1935. Det er framleis jarnbanedrift på Vossabanen/Bergensbanen, medan Hardangerbana vart nedlagt i 1988. Jernbanen har hatt enormt mykje å seia for turisme og anna næring i bygda.

Frå midten av 1800-talet gjorde moderne transportmidlar som jarnbane og motorbåt gardsturisme til ei viktig attåtnæring. I første halvdelen av 1900-talet vart difor mange stølar leigd ut til byfolk. På Grønestad, i vestenden av Hamlagrøvatnet, ligg framleis eit hus som vart nytta som pensjonat.

Granvin har ei lang og stolt reiselivshistorie, og er ein viktig del av norsk reiseliv. Folk såg tidleg moglegheitene som låg her. Grovt sett kan reiselivet delast inn i to bølgjer, eller vekstperiodar. Den første kom med den nasjonalromantiske bølgja på slutten av 1800-talet og varte fram til første verdskrig. Med verdskrigen kollapsa meir eller mindre næringa i Granvin, før ho tok seg opp att fram til andre verdskrig. Etter krigen vart ikkje reiselivet heilt det same, sjølv om det framleis spelar ei viss rolle og er ein viktig del av identiteten til Granvin. Fleire stader er det òg bevart skyssprotokollar som gjev innblikk i kva folk som vitja områda rundt Granvin. Mest kjent er kanskje skyss/hotellprotokollane frå Jaunsens Gjestgjevarstad, kor blant anna Kong Oscar II overnatta (i skyssboka står det «kongen vår» bak namnetrekket for å understreka kven det var snakk om).

Noko av grunnen til framveksten av turismen – utover naturmangfald og lokal kultur- og byggeskikk –er truleg Granvin si plassering som knutepunkt for vidare reiser inn i indre Hardanger. Kjende kunstnarar, som Thomas Fernley, Fritz Thaulow, Hans Gude og Adolph Tidemand held til i Granvin i kortare eller lengre periodar.

12.1. Utvalde kulturmiljø

Nr.	Kulturmiljø	Hensynssone
R1	Jaunsen gjestgjevarstad, Granvin	H570_42
R2	Stalheim hotell	
R3	Framnes kurstad	H570_43
R4	Fleischer's hotell, Vossavangen	**
R5	Gjestgjevarbygningen på Bolstadøyri	**
R6	Den gamle Hangursretauranten	
R7	Laksefiske i Bolstadelva	
R8	Hansokasso Hamlagrø	
R9	Turisme i stølsområda	

** = Gjeldande reguleringsplan



Figur 12.1: *Oversiktskart som viser lokaliseringa av dei ulvalde kulturmiljø for reiseliv og turisme i kulturmiljøplanen.*

R1 Jaunsen gjestgjevarstad, Granvin

I mellomalderen var bøndene pålagde skyssplikt. Bispane hadde krav på 18 hestar når dei reiste ikring på visitasferder, og kongen kunne krevja friskyss.

Mellom dei krav som den norske adelen stilte ved dei dansk-norske kongevala, var å få med i handfestingane at dei skulle ha friskyss på same måte som den danske. Både adel og embetsmenn fekk etter dette eit lettvint høve til å skriva ut friskyss, både for seg sjølv og for slekt og vener. I 1632 heiter det at *«Graven undertiden er i besværing med førendskab af dennem som drager op og ned ad Voss».*

Skyssplikta vart nok ofte oppfatta som ei plikt, og då forordninga om skysstellet kom i 1648, vart det tilsett skysskaffarar som skulle tilseia dei skyspliktige bøndene i området. Slik «Tilsigelsesskifte» vart det på Eide, og mange stader vart skysstasjonen også pålagd å halda gjestgjevari.

På Eide kunne det sjeldan verta spørsmål om anna enn båtskyss før vegen langs vatnet vart opna i 1870, og dampskipstrafikken hadde gjort båtskyss meir avleggs. Den første gjestgjevaren vi kjenner på Eide, var Mads Rasmussen, som budde her i 1674.

Gjestgjevarstadene var ikkje berre knutepunkt i ferdselssystemet, dei var òg sentralt plassert i lokalsamfunnet og vart naturlege møtestader for folk. Difor vart òg rettsforhandlingar, tingmøte og andre offentlege samkome gjerne lagt til det viktigaste gjestgjevarstaden i bygda.

Med året 1861 tek turisttrafikken i Hardanger til for alvor. Særleg etter at det i 1870 vart laga vegsamband mellom Eide og Voss, tok sommartrafikken seg veldig opp. I 1883 vart Vossabana opna, og dermed kom òg turiststraumen Bergen – Voss – Hardanger over Granvin. Gjestgjevarstader vart fleire stader omgjort til hotell. Ved sidan av Jaunsens gjestgjevarstad, var det fleire hotell og overnattingsstadar på Eidet. Mellom anna låg Mælands turisthotell her. Bygget brann ned i 1984. Haukanes hotell låg òg her.

Severin Jaunsen overtok eiegedomane til Jaunsen ved skøyte i 1885, og samstundes vart han òg både postopnar og dampskipsekspeditør. Den gamle gjestgjevarstaden vart no Jaunsens Hotel.

Jaunsen vart opphavleg bygd som gjestgjevarstad og skysstasjon, og er samansett av tre ulike bygg datert til 1726 og 1759–1785. Gjestgjevarstaden fekk òg ein viktig rolle i det nye reiselivet. Det har tidlegare vore diskutert om bygget bør fredast. Gjestgjevarstaden har uansett stor lokal verneverdi.

Figur 12.1: *Jaunsen gjestgjevarstad. Foto: Anja Ø. Ryen*

R2 Stalheim hotell

Den vakre utsikta utover Nærøydalen frå Stalheim Hotel har gjennom nesten 200 år vore eit av høgdepunkta i vestlandsturen for svært mange turistar. Hotellet er tradisjonsrikt og spektakulært plassert, på toppen av Stalheimskleiva med utsikt over Nørøydalen og Jordalsnuten. Nærøydalen og Nærøyfjorden er på UNESCO verdsarvliste.

Stattholder Hannibald Schested oppretta i 1647 postruta frå Oslo over Filefjell til Lærdal og Gudvangen, opp til Stalheim og vidare til Voss og Bergen. Ansvaret for framføringa av posten vart lagt på postbonden. I passande avstand til kvarandre låg det postgardar der bonden vart pålagt å føra posten fram til neste postgard. Stalheim var heilt frå starten ein slik postgard. Desse postgardane vart snart ein naturleg stoppestad for dei få reisande som fanst,; her kunne dei få mat og drikka og dessutan kvila etter ei strevsam ferd.

Figur 12.3: *Stalheim Hotel. Foto: visit norway*

Trafikken langs Postvegen, som også vart kalla «Den Bergenske Kongevei», auka utover på 1700-talet, og ca. 1750 var det trafikkgrunnlag nok til å opna skysstasjonen på Stalheim. Frå tidleg på 1800-talet og fram til i dag har ei lang rekke malarar, kjente og ukjente, funne inspirasjon til bileta sine i den ville og dramatiske naturen på Stalheim. Dei to første målarane me veit fann motiva sine her, var danskane Johannes Flintoe og Carl Lehman, som besøkte Stalheim i høvesvis 1814 og 1824. Mest kjent av alle Stalheimsbileta er nok bergensaren J.C. Dahl sitt monumentale «Fraa Stalheim» (1842), som no heng i Nasjonalmuseet i Oslo.

Det første hotellet på Stalheim vart opna i 1885, og hadde allereie i 1895 plass til vel 150 gjester. Den høge standarden til hotellet og den fantastiske utsikta frå Stalheim vart snart berømt langt utanfor landegrensene. Blant mange andre besøkte ein av vestlandsfjordenes mest kjente turistar, Keiser Wilhelm II, Stalheim fleire gongar. I samband med eit keisarbesøk midt på 1890-talet vart det reist ein minnestein «Til Minde om Keiser Wilhelm II besøg på Stalheim» på eit av dei finaste utsiktspunkta på Stalheim. Dette utsiktspunktet fekk naturlegvis namnet Wilhelmshøi.

Grunna brannar er dagens hotell det fjerde i rekkja.

R3 Framnes kurstad, Opheim

Eigedommen «Lomanesset vart skild ut frå garden Sundsvål i 1883; og skøytt i 1887. Dette skjedde på eit tidspunkt då vegen var flytta frå dalsida og ned i dalbotnen via Framnes og Vinjadalen. Eigedommen låg såleis inntil den nye vegtraseen. Dette er nok bakgrunnen for at Torvald Myhre, fødd på Askøy i 1864, kjøpte den utskilde eigedommen og bygde Framnes hotell rundt 1890. Framnes Hotell var bygd i dåtida sin prangande sveitserstil; og kunne ta imot 40 gjester. I samtidige kvalitetsvurderingar for overnattngsstadar får Framnes positiv omtale «Utmærket Hotel i vakker Beliggenhed og særdeles vel skikket for et længere Ophold». Folketeljinga i år 1900 syner at i alt ti personar (eiger-familien og tenarskap) budde fast på denne hotell-eigedommen.

Driftsvilkåra for Framnes Hotel endra seg etter kvart på to omkvede. Frå rundt 1910 og utetter overtok automobilen turistskyssinga. Dette gav høve til lengre reiseetappar, og trongen for ei hotell mellom Vangen og Stalheim minka. Så braut første verdskrig ut i 1914, og førde naturleg nok til bråstopp i tilgangen på utenlandske turistar.

På denne bakgrunn ser me at hotelleigar Torvald Myhre alt i 120 sel Framnes Hotel til Giertsens Legat. Den nye eigaren tok anlegget i bruk som kurheim for alkoholikarar.

I dag er bygget tomt og i sterkt forfall, men bør i prinsippet kunne reddast.

Figur 12.4: *Postkort av Framnes frå 1908.*

R4 Fleischer's hotell, Vossavangen

Historiske Fleischer's Hotel har lege ved Vangsvatnet sidan 1864. Dagens hotellbygning stod ferdig i 1889, og er ein stor bygning i sveitserstil. Men historia går lenger tilbake. Stamfaren til familien, Johan Seckman Fleischer slo seg ned på Voss allereie i 1760. Han er oldefar til grunnleggaren til hotellet, Fredrik Fleischer, og tipp-tipp-tipp-tipp- oldefar til dagens vertskap.

Grunnleggaren av Fleischer's Hotel, Fredrik Lyth Ørum Fleischer, selde i 1864 Vangskyrkja til Voss kommune. Kyrkja hadde vore i eiget til Fleischer-slekta sidan 1752, men då var tida inne for å starta hotelldrift. Hotellet vart raskt populært og har gjennom tidene hatt besøk av både kongar, keisarar og adelsmenn.

Fredrik Fleischer dreiv hotellet saman med kona si Magdalene. Deretter overtok deira to søner, Johan og Theodor, drifta. Hotellet vart selt i 1917, men kjøpt tilbake av Theodors son, Fredrik, i 1928.

Hotellet vart utvida i 1888 etter teikningar av arkitekt Peter Andreas Blix. Berre 13 dagar etter nyåpningen brann hotellet, men vart bygd opp igjen i 1889 og no med tårn i sveitserstil, spir og balkongar.

Hotellet var beslaglagt av tyske okkupasjonsmyndar under andre verdskrigen.

Figur 12.5: *Fleischers hotell. Foto: Svein Ulvund*

R5 Gjestgjevarbygningen på Bolstadøyri

Gjestgjevarbygningen på Bolstadøyri i dag er frå 1830-åra, eit symmetrisk empirehus med valmtak. Den eldste delen skal vera frå 1663. På slutten av 1600-talet slo Nils P. Hjermand seg ned her som gjestgjevar. Han var borgar i Bergen, men hadde ikkje kongeleg bevilling. I 1702 fekk Henrik Weinwick bevilling til å driva som gjestgjevar både på Vossavangen og på Bolstadøyri. Den gamle tingstova ligg like ved gjestgjevarbygningen.

Figur 12.6: *Gjestgjevarbygningen på Bolstadøyri. Foto: Svein Nord*

R6 Den gamle Hangursretauranten

Ideen til Hangursbanen oppstod i 1958, som et tiltak for å trekka fleire turistar til Voss. Banen vart bygd i 1963 av Hordaland Mekaniske Verksted og sveitsiske medarbeidere frå selskapet Von Roll. Før dette hadde ein prosjektgruppe frå Voss delteke på eit internasjonalt togbanemøte i Roma og vore på synfaring til ulike togbaner i Austerrike og Italia. Banen vart teke i bruk 21. desember 1963 og var i drift i 51 år.

Figur 12.7: *Den gamle Hangursrestauranten. Foto: Svein Ulvund*

Hangursbane var ein svevebane som gjekk frå bunnstasjonen ved Hangursvegen og opp 562 høgdemeter i retning fjelltoppen Hanguren. Det var to kabinar på banen, «Dinglo» (rød) og «Danglo» (blå). Kabinane gjekk på kvar si side, men på same vaiar. Når den eine var oppe, var den andre nede. Namna fekk dei fordi dei nettopp dingla mye når dei kjørde over dei to mastene og når det var vind.

Hangursbanen gjekk sin siste tur søndag 30. august 2015 og vart i 2019 erstatta av Voss Gondol, ei større og lengre bane frå Voss stasjon heilt opp på Hangurtoppen (820 moh.) der det er restaurant, friluftsområde og skianlegg. Den gamle Hangursrestauranten er i dag omgjort til overnattingstilbod (mellom anna i hengekøye) med storslagen utsikt.

R7 Laksefiske i Bolstadelva

Bolstadelva går mellom Evangervatnet og Bolstadfjorden, og er 3,5 km. Elva er kjend som ei særs god lakseelv, og har vore gjenstand for fisketurisme sidan 1800-talet.

Bolstadelva, som er den nedste biten av Vossavassdraget, hadde i 200 år eit legendarisk fiske og trekte til seg reisande frå nær og fjern. Vossalaksen er kjend som verdas største, og ikkje utan grunn. Dei første laksane i fangstboken i Bolstadelva i 1966 hadde en svimlande gjennomsnittsvekt på 19,2kg.... Elven vart stengd for laksefiske i 1992 etter at bestanden kollapsa.

Figur 12.7: *På tampen av hølen Keilo finn me to kulturminne: ei steinbryggje er lagd ut, og to planter av arten hyll er planta ved breidda. Båe er teikn på at dette er ein god fiskeplass. Foto Karl Ystanes.*

R8 Hansokasso Hamlagrø

På Hamlagrø står eit litt uvanleg landemerke. Det er eit sledehus som blant turgåare går under namnet Hansakasso. Hansokassene er kjelkehus for oppbevaring av skikjelkar som hjelpekorpsa i Bergen og Hordaland fekk i gåve frå Hansa Bryggeri. Husa vart sett opp på forskjellige strategiske stader der utfarten var stor.

Ideen til sledehusa kom etter ei bestemt hending der ein mann vart liggande lenge med skadd rygg, før det kom folk og utstyr til å frakta han ned frå fjellet. Det vart laga eit kjelkehus som kunne stå for vêr og vind, og der utstyret alltid var i god stand og klar til bruk. Kjelkehuset er i metall, med god utlufting, samtidig som det er vasstett og tilnærma vedlikehaldsfritt.

Figur 12.8: *Hansokasso. Foto: Hansa bryggeri*

R9 Turisme i stølsområda

Avtalefesta fritid for arbeidstakarane og betra kommunikasjon danna grunnlaget for ein til dels storstilt turisme i nokre av stølsområda i første halvdelen 1900-talet. Kring Hamlagrøvatnet vart dette ei stor verksemd. På Hodnaberg vart det bygd hotell i 1902, omtrent samstundes vart Hamlagrø hotell på Søre Hamlagrø sett opp og pensjonat på Grønestad på Nore Hamlagrø. I tillegg var det vanleg at budeiene tok i mot overnattingsgjestar og fleire sel vart bygd romsleg, med mange rom for å kunne ta imot feriegjestar.

13. Vestnorsk fjordlandskap Verdsarv

Vestnorsk fjordlandskap vart i 2005 innskrive på UNESCO si verdsarvliste.

Verdsarven Vestnorsk fjordlandskap omfattar Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Dei to spektakulære fjordområda ligg 120 km frå kvarandre, og er eksempel på klassiske fjordlandskap i geologisk tyding. Dei viser utviklinga av landskapet frå siste istid og fram til i dag. Begge områda er døme på unge, aktive isbrelandskap.

Spor i landskapet viser at fjordområda har vore brukt av menneske sidan isen trekte seg tilbake for 10 000 år sidan. På små flater langs fjordane ligg gardsbruk, og på berghyllene over fjorden ligg fjellgardar. Dei fleste av dei er no fråflytta. Gardane ligg på stader som gir vern for snø- og steinras. Busettinga viser at det har vore drive eit nøysamt jordbruk tilpassa ein farefull, men samstundes rik natur. Fleire av dalane i fjellet har stølar. Områda er lite påverka av menneske. Utanfor tettbygde stader er det få synlege tekniske inngrep som til dømes kraftleidningar mellom brear, snaufjell og fjord. Geirangerfjorden og Nærøyfjorden er difor dei største urørte fjordlandskapa i Norge.

Samla har områda kvalitetar som gjer at dei er oppførte på UNESCO si liste over verdas kultur- og naturarv, etter å ha oppfylt to av dei naturfaglege kriteria i konvensjonen. I grunngjevinga for innskrivinga uttala komiteen: Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vera typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerkjer seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Områda syner alle element av landformar knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda (norgesverdensarv.no).

Dei norske verdsarvsområda skal utviklast som fyrtårn for den beste praksisen innan natur- og kulturmiljøforvalting når det gjeld tilstand, forvalting og formell beskyttelse. Målet er at forvaltning av verdsarven skal ligge i front for korleis klimaomsyn vert del av bevaringsarbeidet (Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning, 2021 – 2030).

Nærøyfjorden

Nærøyfjordområdet har stor variasjon i landskapstypar frå nakent høgfjell kring Fresvikbreen til lune viker med varmekjær lauvskog nede ved fjorden. Den 17 km lange Nærøyfjorden er berre 250 m brei på det smalaste og omkransa av fjell som når opp i 1760 moh. Hengande dalar, fossefall, skarpe gjel og store rasfelt er dramatiske innslag i dei stupbratte fjellsidene. Høgfjellsområda har rolege former og er restar etter det gamle slettelandet slik det låg før isen tok til å grava ut dei mektige dalgangane. Den storfelte rasskråninga som strekkjer seg frå fjellet Bleia og ned til botnen av Sognefjorden syner at fjordlandskapet framleis er i utvikling. I dette dramatiske landskapet veks den sjeldne urvalmua. På rassikre stader kring fjordane ligg fleire mindre grender der jordbruket er viktigaste næringsveg. (kulturhistorisk leksikon)

Ein del av Nærøyfjordområdet ligg i Voss herad, og omfattar delar av eit landskapsvernområde nordaust i heradet. Innanfor området ligg blant anna bygda Stalheim og Stalheimskleiva (objekt S4 og V1).

13.1. Utvalde kulturmiljø

Nr.	Kulturmiljø	Omsynssone
V1	Grenda Stalheim og Stalheimskleiva	
V2	Vegen mellom Voss og Nærøydalen med Stalheimskleiva	
V3	Stalheim Hotel	
V4	Diktaren Per Sivle	
V5	Turveg til Nåli	



Figur 13.1: *Oversiktskart som viser verdsarvområdet Nærøyfjorden, som strekk seg inn i Voss herad i nordaust.*

V1 Grenda Stalheim og Stalheimskleiva

Gardane Stalheim, Brekke, Sivle, Stalheimsøy og Sivlesøy i Voss herad dannar grenda Stalheim. Bygda er inngangsporten til Nærøydalen og området som femnar Verdsarv Nærøyfjorden. Namnet Stalheim kjem truleg av den bratte Stalheimskleiva (objekt S4), og tyder «garden ved Stadall» av verbet *standa, stå*.

Figur 13.2: *Bilete tatt frå Jordalsnuten mot Stalheimskleiva før hogsten. Me ser grenda Stalheim, Stalheimskleiva og Stalheim Hotel. Garden Sivle skimtar me lengst til høgre. Foto: S. Ulvund 2011*

V2 Vegen mellom Voss og Nærøydalen med Stalheimskleiva

I heftet «Hotel Stalheim og Nærødalen», truleg skrive på byrjinga av 1900-talet, skildrar Professor Dr. Yngvar Nielsen vegen mellom Voss og Stalheim som ein geitesti: *Det var en af disse Veie, i Anledning af hvilke det oftere er sagt, at Gjeden maa ha været Norges første Veimester. Af den Grund søgte den Reisende ikkje saa gjerne hen til Veien over Voss og Stalheim naar de frå Bergen skulde reise til det østlige Norge.*

Stalheimskleiva (bygd mellom 1842 og 1849) er tredje generasjon veg opp Stalheimsberget. Spora etter postvegen mellom Christiania og Bergen (anlagt på 1600-tallet) og den utbetra køyrevegen Den Bergenske Kongeveg (anlagt på 1700-talet) finns fortsett att. Då vegen i Stalheimskleiva vart bygd i 1840-åra, representerte han det fremste av vegbygging i Norge. Stalheimskleiva står i overgangen til eit nytt vegbyggingsprinsipp, såkalla chaussé. Vegen er eit referanseverk innan vegbygging, og vart omtala som eit «Kjempeværk i Veibygningskunsten». Det vart hevda at ingen andre land i Europa kunne visa til en veg lik denne, heller ikkje dei sveitsiske alpevegane. Historia til Stalheimskleiva knyt seg også til krigshistoria med fleire kulturminne frå krigens dagar.

Stalheimskleiva er eit freda kulturminne, og del av vegvesenet sin Nasjonale verneplan «Vegvalg», objekt 165. Etter ei geoteknisk vurdering av dei høge vegmurane, er vegen nå stengt for biltrafikk, og det er starta eit omfattande rehabiliteringsarbeid i Stalheimskleiva. Fleire av dei høge murane som med tida er dekt til med massar for å tåla biltrafikk, har vorte avdekka. Stalheimskleiva skal for framtida betre formidlast med kulturminneskilt og leggjast til rette for mjuke trafikantar.
(sjå og objekt S4)

V3 Stalheim hotell

Alt frå mellomalderen veit me at Stalheim fungerte som skysstasjon og gjestgjevarstad. Den store trafikken langs postvegen danna grunnlaget for skysstasjonen. I 1885 flytta Johann Andersen hotelldrifta si frå Vossavangen og opna eit hotell med 15 små rom. Hotellet vart utvida fleire gonger, og alt i 1895 hadde hotellet plass til 150 gjestar. Hotellet vart kjend i både inn- og utland for den gode standarden og den framifrå utsikta. Blant dei berømte gjestane i pionerfasen finn me Keiser Wilhelm II. Eitt av utsiktspunkta ved hotellet, Wilhelmshøi, ber namn etter keisaren. Her er det reist ein minnestein med innskrifta «Til Minde om Keiser Wilhelm II besøg på Stalheim». Dagens hotell er det fjerde i rekkja av hotell på Stalheim (sjå også objekt R2).

V4 Diktaren Per Sivle

Den kjende diktaren Per Sivle vart fødd i 1857 i Flåm, og vaks for det meste opp på Brekke, nabogarden til Sivle. Per sitt livsløp var prega av tragiske hendingar, som då mor hans døydde då han to og eit halvt år gamal. Sidan faren var fehandlar og mykje på reisefot, vart Per sett vekk til slektningar. Då han var seks år kom han til Brekke der han fekk ein god oppvekst. Den tragiske lagnaden heldt fram med sjukdom, øydelagde augo, hovudverk, og tungsinn som gjekk ut over diktinga. Eit lyspunkt i livet var kona Wenche von der Lippe Nilsen frå Bergen, og dottera dei fekk i 1888. Berre 47 år gamal, den 6. september 1904, tok Per likevel sitt eige liv.

Figur 13.3: *Diktaren Per Sivle.*

Diktinga hans er velkjend blant fleire generasjonar nordmenn, der dei mest kjende verka er «Vossastubbane», songen «Den fyrste songen» og forteljinga «Berre ein hund». I dikta skildra han ofte dei svake i samfunnet og hendingar frå miljøet i grenda der han vaks opp. *(www.naroyfjorden.no/verdsarv)*

V5 Turveg til Nåli

Ein fin tur frå Stalheim går til husmannsplassen Nåli (objekt L5), som høyrer til under garden Sivle. Plassen ligg på ei hylle langs den gamle ferdslevegen mellom Stalheim og Jordalen. Turen til Nåli frå Stalheim tek ca. 1 time, i dramatisk og storslått landskap. Turvegen er sikra og utbetra og er eit spanande turmål både for ålmenta og turistar.

Nåli, stien til Nåli, kraftverka i Stalheimsfossen og Sivlesfossen ligg i Nærøyfjorden landskapsvernområdet.

Figur 13.4: *Stien til Nåli går i fjellveggen på Sivlesnipa.*
Foto og illustrasjon: S. Ulvund 2008.

14. Forsvar og krigsminne

Krigsminne
Krigsminne er fysiske eller immaterielle minne etter krig og okkupasjon.

Krigsminne frå andre verdskrig kan vera bygg, anlegg, landskap eller andre fysiske spor som er knytt til hendingar i landet under krigen – frå krigshandlingar eller dagleglivet. Eksempel på dette kan vera kystfort, motstandshytter, fangeleirar og fluktruter (riksantikaren.no).

Etterlevingar som kan vekkja vonde assosiasjonar er òg kulturminne. Spørsmålet kan ofte vera om me tør minnast det ubehagelege. Det vert i dag ei stadig større semje om at me òg bør konfronterast med hendingar i fortida som ikkje er berre gode. Ein lærer ingenting av ei plettfri historie. Fleire og fleire museum lagar utstillingar som er meint å engasjera og utfordra, framfor å belæra *(Komissar 2005)*. Slik får me moglegheit til å læra av fortida. Som eksempel har Tyskland bevart ca. 100 leirar frå 2. verdskrig som minnesmerke og museum. I Norge har krigshistoriske kulturminne hittil vore ei lite påakta side av kulturminnevernet.

Krigshandlingane våren 1940, og dei neste fem åra med okkupasjon, var dramatiske og har sett sitt preg på Voss herad. Både i form av fysiske spor, men ikkje minst gjennom minne og historier.

Voss har mest alltid hatt ei viktig militærstrategisk rolle. Leidangen i mellomalderen hadde naustskipnad i Horvikji ved fjorden lengst vest i kommunen. Ekserserplassen på Vangen vart teken i bruk i 1718. Ingen bygningar frå ekserserplassen er bevart. Seinare vart eksersisplassen flytt til Tvildemoen, i tillegg til at ein ny vart oppretta på Bømoen. Til tider har det vore stor aktivitet på plassane, og både 1. verdskrig og 2. verdskrig har etterlete seg kulturminne. Utanom eksersisplassane er det særleg byggeverksemda til tyskarane under 2. verdskrig som har sett spor i landskapet. I tillegg finn ein minnesmerke og bruer som er oppført i samband med militær aktivitet.

Den tyske krigsmaskina hadde store planar for Hardanger. Dette omfatta òg Granvin, og det vart bygd forsvarsverk i form av bunkerar, tunellar og skytestillingar. I Espelandsdalen vart det òg starta bygging av fangeleir for russiske krigsfangar.

14.1. Utvalde kulturmiljø

Nr.	Kulturmiljø	Omsynssone
F1	Naustskipnad, Horvikji	
F2	Veteranbautaen	
F3	Magasinbygningen på Tvildemoen	H570_44
F4	Gudbrandsdalssteinen (minnestein), Tvildemoen	
F5	Ekserserplass, Bømoen	
F6	Tyske stillingar, Eide	H570_45
F7	Hitlertenner, Eide	
F8	Stillingar, Skjervet	
F9	Bunkers Mølster	H570_46
F10	Bunkers, Lorelei Stalheim	H570_47
F11	Lebensborn-heim, Kinderheim Stalheim	
F12	Espelandsdalen, påbegynt fangeleir	
F13	Minnebauta, Ystås – senter for motstandsbevegelsen	H730_14
F14	Bombespiss, Voss tinghus	



Figur 14.1: *Oversiktskart som viser lokaliseringen av utvalgte kulturminner og kulturmiljø tilknytta forsvar og krig.*

F1 Naustskipnad, Horvikji

Voss har mest alltid hatt ei viktig militærstrategisk rolle. Leidangen i mellomalderen hadde naustskipnad i Horvikji ved fjorden lengst vest i kommunen.

F2 Veteranbautaen

Veteranbautaen står på Vossavangen, og vart reist til minne om vossingane som var med i Napoleonskrigen frå 1807 til 1814. Bautaen er reist for frivillige gåver, og vart avduka 17. mai 1905.

Figur 14.2: *Veteranbautaen, Vossavangen.*
Foto: Anja Ø. Ryen

F3 Magasinbygningen på Tvildemoen

Ekserserplassen på Tvildemoen vart oppretta på leigd grunn i 1882/83. Etter at leigekontrakten vart oppheva på slutten av 1990-talet, er her i dag private, kommunale og nokre få militære eigarinteresser. Av dei få militære bygningane som framleis står, er det særleg dei i nedre leir som er vurdert som bevaringsverdige.

Magasinbygningen vart reist etter løyving frå Stortinget i 1882. Som eldste bygning på Tvildemoen står han i ei særstilling. Bygget er i dag verna som spesialområde kulturminne i reguleringsplan.

Figur 14.3: *Magasinbygningen på Tvildemoen. Foto: Anja Ø. Ryen*

F4 Gudbrandsdalssteinen (minnestein), Tvildemoen

Under nøytralitetsvakta under første verdskrigen var det særleg folksamt på Tvildemoen. Nøytralitetsvakt er militært nærvær for å sikra at nøytrale territorium ikkje vert invaderte eller nytta til fordel for eit anna land, og dessutan hindra at fiendar kjem i strid på nøytrale territorium.

Ei av avdelingane som låg på Tvildemoen, var Gudbrandsdalen bataljon. Som eit minne om denne tida reiste gudbrandsdølane ein bauta med slik innskrift: ”Gudbrandsdalen bataljon reiste steinen vinterdagen 1915”.

F5 Ekserserplass, Bømoen

I samband med at Bergensbanen skulle byggjast, vart det i 1898 av strategiske årsaker vedteke å flytta eksersisplassen frå Vik i Sogn til Voss. Ekserserplassen vart oppretta på Bømoen. Bømoen er vurdert som eit heilskapleg miljø, der ein bør ta vare på den opphavelege leirstrukturen, bygningane frå den eldste perioden i leiren si historie, og bygningane og anlegga som tyske okkupantar bygde under krigen.

Bygningsmassen er stor med totalt 94 inventarnummer, bygde mellom 1899 og 1975. Forsvaret har sin eigen verneplan for Bømoen. I verneplanen er det gjort framlegg om vern, klasse 1, for 28 inventarnummer. Verneklasse 1 omfattar anlegg som er fredingsverdige. Planen skil mellom bygningar med verneverdig interiør og eksteriør og bygningar med verneverdig eksteriør. Fylkeskonservatoren i Hordaland har seinare (2001) vurdert eit vognskur frå 1911 til å ha tilsvarande verneverdi.

I tillegg er hangarbygget bygd av tyske okkupantar under 2. verdskrig vurdert som eit verneverdig kulturminne saman med landevernsbataljonen sitt magasin som vart nytta som fangeleir for russiske krigsfangar under 2. verdskrig. Flyhangaren er ein viktig del av Bømoen sin kulturhistoriske og visuelle identitet. Fangeleiren vart på folkemunne kalla ”russarleiren”. Bygningen er i fleire høgder og med intakt interiør og eksteriør. I taket på loftet finn ein framleis russiske inskripsjonar.

Det vart og bygd seks soldatbarakker på Bømoen under 2. verdskrig. I dag står berre ein av desse att. Barakken som no går under namnet ”vestre messa” vart bygde som offisersbarakke. Bygget er ikkje intakt, men her kan framleis vera ein original kjerne. Bunkerrestar frå 2. verdskrig må òg sjåast i samanheng med kulturmiljøet på Bømoen.

Figur 14.4: *Indre leir, foto mot sør. Befalsbrakker fra 1901 til venstre, befalsbrakke (gul bygning) og stabsbrakke (kvit bygning) til høgre, begge frå 1911. Foto: Opus Bergen.*

Tyske bygg og forsvarsverk 1940–1945
Under 2. verdskrig sette den tyske okkupasjonsmakta opp ein betydeleg bygningsmasse utanfor Bømoen; soldatbarakker, lagerbarakker, hestestallar, verkstadsbygg osv. Det vart laga bunkerar, kanonstillingar, skyttargraver osv. Det meste vart fjerna dei første tiåra etter 1945.

Men her er framleis att bortimot intakte barakker og forsvarsverk. Bunkerar og restar etter desse finn ein på Hellesnes, Stalheim, Bømoen, Himle og Mølster. Skyttargraver som vart sett opp på Eggjarhaugen, Ringheim og på Mølster, eksisterer ikkje i dag. Av bygningsmasse kan nemnast at det i Skulestadmoen framleis står ein stall og smie. I øvre Liahagen står ein intakt garasje. I tillegg kjem ei rekkje bygg som vart demonterte og seld etter krigen.

Noko vart sett opp på nytt, til dømes ein bilverkstad på Vangen som vart flytt til Hodnaberg kraftanlegg. Mesteparten vart nytta som materiale til nybygg.

Minna etter den tyske okkupasjonen er *representative* og har stor *historisk kjeldeverdi*. Ein del av objekta er framleis intakte og dermed *autentiske*. Det er difor svært viktig å ta vare på nokre av desse kulturminna for ettertida.

F6 Tyske stillingar, Eide

Som alle fjordender med moglegheiter for fiendtleg landgang, vart Granvin/Eide bygd ut med forsvarsverk som minefelt, ulike typar sparringar og støttepunkt med ulike våpen. Dei fleste av krigsminna er no fjerna grunna utbygging, men deler av støttepunktet, som tyskarane ifølje tidsvitne kalla Kleine Gibraltar, er framleis til stades. Namnet er naturleg, for krigsminnet vert lokalisert over ei klippe langs noverande riksveg Hardangervegen, med fullt oversyn og skotfelt over siste del av innseglinga til Granvin/Eide hamn.

Krigsminnet består av ei ca. 270 meter lang løpegrav, som mot den vestlege enden er delt i to armar. Løpegrava er stadvis mannshøg og hovudsakleg bygd i tørrmurt naturstein, men løpegrava sin ende mot nordvest er bygd i betong. I bakkant av løpegrava er det sprengt ut tre mindre fjellanlegg, truleg for dekningsformål. I løpegrava vart det lokalisert fleire skyte- og bombekastarstillingar, m.a. med maskingeværstillingar i kvar av dei tre endene. Ved løpegrava sin nordaustre ende finst ein turveg, og på staden ved namn Nalten er det sett opp eit skilt merka ”Skyttergrav”. Krigsminnet er i dag stadvis overgrodd.



Figur 14.5: *På Lidar-scanning av området er skyttergrava godt synleg over Hardangervegen i retning aust–vest. Kart frå askeladden.ra.no*

F7 Hitlertenner, Eide

På Eide plasserte tyskarane såkalla «Hitler-tenner» på stranda med minefelt for å hindra alliert landgang i Granvin. Desse betongtennene vart ståande til ut på 1960-talet.

Figur 14.6: *Postkort frå Granvin 1950. Me ser Hitlertennene står langs fjorden.*

F8 Stillingar, Skjervet

Det opne partiet mellom øvre og nedre tunnel på Hardangerbanen fungerte som hovudkvarter til dei norske styrkane under kampane i aprildagane 1940. Her ligg ein del gamle, halvråtne jernbanesviller i kvadratiske mønster, noko som kan vera ein indikasjon på at dei kan ha vore brukte til skjul/dekning under kampane (kulturminnesok.no). Ved inngangen til nedre tunnel i Skjervet er det lokalisert ein feltmessig skytestilling som målar ca. 2 x 3 meter, bygd i tørrmurt naturstein som har falle delvis saman, til liks med betongplata som utgjer taket. Det er ikkje klart om han er norsk – eller tyskbygd.



Figur 14.7: *Tysk soldater ved Skjervefossen 1940. Foto: Hardanger og Voss museum.*

F9 Bunkers Mølster

Ved Mølstertunet (objekt L1) ligg ein bunker frå andre verdskrig. Denne er relativt intakt, men er etterkvart i dårleg stand. Han er lett tilgjengeleg og bør takast vare på som del av Voss folkemuseum, mellom anna ved å leggja til rette kulturminnet for publikum.

Figur 14.8: *Bunker rett nedanfor Mølstertunet. Foto: Gaute Sandvik*

F10 Bunkers, Lorelei Stalheim

Dei første dagane etter krigsutbrotet 9. april 1940 var Gudvangen eit viktig trafikknutepunkt i Sogn og Fjordane. Frå denne bygda var det vegsamband til Voss, difor gjekk straumen av mobiliserte mannskap med båt inn til Gudvangen og derfrå landevegen vidare til Voss. Fylkesbåtane sørga for transport frå bygdene ved Sognefjorden, og spesielt frå Vadheim der mange av soldatane frå Fjordane møtte fram. I dei siste dagane av april 1940 vart Gudvangen igjen eit viktig knutepunkt, men denne gongen for det norske tilbaketoget frå vosseavsnittet.

Etter at dei norske styrkane i Sør-Norge kapitulerte 1. mai 1940, stasjonerte tyskarane store troppestyrkar på Voss. Bygda var eit strategisk viktig knutepunkt på Bergensbana, med sidespor til Granvin ved Hardangerfjorden, og bilveg til Gudvangen ved Sognefjorden.

Då tyskarane så Stalheim berre få dagar etter invasjonen 9. april 1940, visste dei at dei hadde funne sitt norske Ørnerede. Herifrå hadde dei utsyn over heile Nærøydalen i retning Gudvangen. Dei okkuperte hotellet og bygde bunkerar på eigedommen, og derfrå kontrollerte dei heile dalføret. Desse bunkerane er framleis intakte, og ned til bunkeren «Lorelei» går det i dag ei trapp frå hotellhagen.

Figur 14.9: *Frå innsida til ein av bunkerane med plass til maskingevær og god utsikt til Nærøyfjorden. Foto: Kjell-Ragnar Berge*

F11 Lebensborn-heim, Kinderheim Stalheim

Lebensborn-programmet vart oppretta den 12. desember 1935 i Tyskland. Programmet var ein del av SS, og formålet var å gje omsorg og hjelp til vordane mødrer av den ariske rasen. Omtrent 6 av 10 var ugifte aleinemødrer, og programmet lét mødrene flytta til heimane for å føda utan sosialt stigma. Programmet hadde òg eit adopsjonsprogram og barneheim for dei som ikkje ønskte å ta vare på barnet etter fødselen.

Under okkupasjonen av Norge såg tyskarane på dette velferdstilbodet som sterkt naudsynt, sidan stadig fleire norske kvinner vart gravide med tyske soldatar. Dessutan var det knytt stort stigma rundt det å få barn med ein tysk soldat. Det første Lebensborn-heimen utanfor Tyskland vart opna i Norge, *Heim Hurdalsverk*. Etterkvart vart det opna ni slike heimar totalt i Norge.

Figur 14.10: *På Stalheim Hotel fanst den nest største Lebensborn-heimen i Norge under 2. verdskrigen. Dette biletet vart teke i 1938, fem år før barneheimen vart stifta her. Foto: Harstads Forlag*

I starten av andre verdskrigen vart hotellet på Stalheim brukt som rekreasjonsstad for høgare tyske offiserar. I 1943 vart hotellet gjort om til ein Lebensborn-heim med plass til 100 barn og mødrene deira. Dette var ein fødeheim som skulle bidra til ein trygg oppvekst for ariske barn. Barneheimen fekk namnet *Kinderheim Stalheim*. For at barna skulle trivast, vart spisesalen mellom anna dekorert med motiv frå dei tyske brørne Grimms eventyr.

I fredsdagane i mai 1945 overtok det nystifta laget Voss Røde Kors ansvaret for heimen. Det vart arrangert sams barnedåp for borna som ikkje var døypt enno. Hotelldirektør Kåre Tønneberg stod som fadder for alle dåpsborna, og sidan vart dei sende via Holms Hotell på Geilo til samlesentral på Godthåb, men både dei og mødrene gjekk ein uviss lagnad i møte.

Lebensborn i Norge

Lebensborn hadde fleire heimar i Norge, og mange av heimane er i dag kjente hotell eller konferansesenter.

- Dr. Holms Hotell på Geilo, oppretta i 1942 med 60 mødreplasser og 20 barneplassar.
- Godthaab i Bærum, oppretta i 1942, 165 barneplassar, utvida i oktober 1943 til 250 plassar.
- Hurdalsverk i Hurdal, oppretta i 1942 med 40 mødreplasser og 80 barneplassar.
- Klekken på Klækken Hotell ved Hønefoss, oppretta i 1942.
- Hop i Nesttun ved Bergen, oppretta i 1943 med 20 mødreplasser og 6 barneplassar.
- Stalheim turisthotell, oppretta i 1943 med 100 barneplassar.
- Stadtheim Oslo, oppretta i 1943 med 20 mødreplasser og 6 barneplassar.
- Stadtheim Trondheim, oppretta i 1943 med 30 møteplassar og 10 barneplassar.
- Heim Os på Moldegaard i Os ved Bergen, oppretta i 1943 med 80 barneplassar.

Ein trur at det under andre verdskrig vart fødd mellom 10 000 og 12 000 barn med norske mødrer og tyske fedrar. Til saman hadde Lebensborn registrert ca. 8 000 slike barn. Alle heimane hadde tysk personale i leiande stillingar, men ifølgje forskar Kåre Olsen jobba det òg nordmenn i vaskeriet eller på kjøkkenet på heimane. *(Kåre Olsen og Store Norske leksikon)*

Alexander Paulovitsj Savtsjenko
I kjølvatnet til krig finst mange små og store historier. Dette er historia og det tragiske endeliket til russaren Alexander Paulovitsj Savtsjenko. Historia skildrar skjebnen til eit menneske, og situasjonar og frykt som tvinger fram avgjersler.

Mot slutten av andre verdskrig klarte russaren Savtsjenko å rømma frå tysk fangetransport og gøyma seg i fjella rundt Granvin. Etter kvart kom han i kontakt med lokale folk. Truleg var han utdanna tømrar eller noko liknande. Mens han for frå støl til støl, hende det at han vølte litt på husa. Arbeidet skal ha vore fint utført.

Etter kvart fekk han truleg problem med nervane av den konstante frykta for å verta teken av tyskarane. Oppførselen vart meir og meir irrasjonell. Han truga òg folk som hadde hjelpt han med mat og overnatting om at han ville avsløra dei, om han ikkje fekk meir mat, tobakk og drikke. Dette gjorde òg folk i heimefronten nervøse, då dette sette dei i fare. Etter å ha vurdert ulike alternativ, vart det avgjort at dei måtte ta livet av Savtsjenko. Han vart lurt med på tur i ein robåt, ute på vatnet vart han skoten og senka i sjøen.

F12 Espelandsdalen, påbegynt fangeleir

I Espelandsdalen vart det starta bygging av fangeleir for russiske krigsfangar. Leiren vart aldri ferdig. I dag er alle fysiske spor etter leiren vekke.

F13 Minnebauta, Ystås – senter for motstandsbevegelsen

Under andre verdskrig vart klyngetunet Ystås (objekt L2) eit senter for motstandsrørsla, knytt til heimefronten. I 1945 oppstod trefningar med tyskarane og NS-folk frå Bergen i området, kor motstandsmannen Torstein Kjerland mista livet. Andre vart etter kvart arresterte og utsett for harde avhøyr med bruk av tortur.
Etter krigen vart det reist ein bautastein som minne om motstandskampen og hendingane på Ystås. På bautaen finst følgjande inskripsjon:

«Stort arbeid ned er lagt til landsens fred og makt frå tid til tid det kosta tusen år i kav frå vår til vår i strid så tung og sår før me vart fri.
Under krigen 1940–1945 heldt ei motstandsgruppe til på Ystås-gardane.
Under åtak på gruppa, av norske nazistar 29. mars 1945 mista Torstein Kjerland, fødd 1921, livet.
Bygdefolket sette steinen 50 år etter 29. Mars 1995.»

Figur 14.11: *Minnebauta på Ystås. Foto: Anja Ø. Ryen*

F14 Bombespiss, Voss tinghus

Tyskarane visste at Voss var eit sentralt område for mobiliseringa av militære styrkar. Difor vart tettstaden Vangen bomba. Bombinga varte i tre dagar, frå 23. –25. april 1940. 83 hus vert øydelagt. Dette var ein type bombing som ikkje primært var retta mot militære mål, men hadde til føremål å setja skrekk i folk og å øydeleggja infrastrukturen.

Gjennom bombinga vart mesteparten av husa på Vangen lagt i ruinar, og likeins fleire hus i omgjevnadene. Det var heldigvis minimalt med tap av menneskeliv, då folk hadde rømt bustadene på førehand. Det vart nytta både spreng- og brannbomber, som gjorde maksimalt med skade då dei aller fleste av husa var laga av tre. Brannvesenet kunne gjera lite for å minska skadane, mellom anna fordi dei mista vasstrykket i leidningane frå Vangsvatnet.

Den siste dagen var flyåtaka retta meir mot dei norske militære styrkane som var drivne på retrett oppover Vossestrand og Raundalen. Til saman ti nordmenn døde i løpet av desse tre dagane.

Utanfor Voss tinghus ligg i dag ein original bombespiss som minnesmerke etter åtaka i 1940.

Figur 14.12: *Utenfor Voss tinghus ligg ein original bombespiss.*
Foto: S. Ulvund

Figur 14.13: *Bombinga av Vossavangen 23.–25. april 1940. Kun nokre få bygningar vart ståande att.*

15. Temakart med alle kulturminne, kulturmiljø og landskap som er omhandla i kulturmiljøplanen



16. Føresegner og retningslinjer

16.1. Generelle føresegner (PBL § 11-9)

1. **Kulturmiljø i saksbehandling og planprosessar.**
   Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som er prioritert i kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø i Voss, skal handterast med medvit i sakshandsaming og planprosessar i heradet.

2. **Kulturmiljø tilknytt verdsarven Vestnorske fjordlandskap**
   Omsynssoner som ligg innanfor verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, skal behandlast særskilt aktsamt.

3. **Kulturmiljø tilknytt verdsarven Vestnorske fjordlandskap**
   Omsynssoner for kulturmiljø (pbl 2008) og spesialområde for bevaring (pbl 1985), som ligg innanfor gjeldande reguleringsplanar, er gjeldande.

4. **Krav til dokumentasjon i søknader som rører kulturmiljø**
   Ved søknad om nye tiltak innanfor omsynssonene, skal det leggast ved dokumentasjon/teikningar av korleis nye tiltak skal tilpassast eksisterande kulturminne/ -miljø/ -landskap. Dokumentasjonen skal visa både nær- og fjernverknad. Nye byggetiltak skal forhalda seg til eksisterande busetnadsstruktur. Her vil ei vurdering av spesielt byggehøgde og volum vera viktig. Regional kulturminneforvaltning skal givast høve til å uttala seg før vedtak.

5. **Skilting og reklame på og ved kulturmiljø**
   Tekniske innretningar i kulturmiljø, her under òg skilt og reklame, skal givast ei diskret utforming, og ha ei plassering, materialbruk og fargeval som harmonerer med karakteren og tradisjonen til området. Slike innretningar kan ikkje setjast opp utan at kommunen på førehand har gitt samtykke. Særleg skjemmande tiltak av denne arten er ikkje tillate.

16.2. Retningslinjer

6. **Forhold til overordna lovar, forskrifter og gjeldande planar.**
   Automatiske- og vedtaksfreda kulturminne skal ivaretakast iht. Kulturminnelova. I område der det finst eksisterande reguleringsplanar som omhandlar kulturminne, er reguleringsplanane gjeldande. Innanfor nasjonalparkar, landskapsvernområde, er fastsette føresegner og retningslinjer tilknytt dei ulike områda gjeldande.

7. **Kulturlandskap.**
   Bygge- og anleggstiltak skal ikkje bryta åsprofilar, landskapssilhuettar og horisontlinjer. Karakteristiske trekk i kulturlandskapet, som topografi, vegfar, bruer, landskapsrom, vegetasjon, steingjerde o.l. skal så lang som mogleg verta ivareteke.

8. **Samferdsel.**
   For dei omsynssonene som omfattar/rører eksisterande veganlegg, er det tillate normal drift, bruk og vedlikehald.

9. **Universell utforming.**
   Der det er naturleg og formålstenleg bør prinsippa for universell utforming (UU) leggast til grunn for planlegging/oppgradering av bygg/konstruksjonar og uteanlegg. UU-måla må avvegast i forhold til natur/terreng og kulturminnevern. I tillegg det som er mest formålstenleg og økonomisk forsvarleg.

10. **Rapporten for kulturminneplanen er utdjupande for forvaltning og vurdering.**
    Grunngiving og meir konkret for korleis dei ulike objekta er vurderte, og kva som er viktig, er skildra e i rapporten frå kulturminneplanen.

Plankart med omsynssoner etter PBL § 11-8 fylgjer planen som vedlegg.

17. Handlingsprogram

	Tiltak	Tema	Ansvar	Gj.føringsår
1	Etablera gode rutinar for handsaming av saker som vedkjem kulturmiljø på tvers av kommunalområda.	Generelt	Voss herad ved kommunalområde teknisk og kultur	2022
2	Bidra til ei god forvalting og formidling at kulturmiljø som skaper forståing for og stoltheit av den lokale kulturarven.	Generelt		Ikkje tidfesta
3	Bidra til etablering av bygningsvernsenter/bygningsvernkonsulent som kan fungera som fagleg rådgjevar for innbyggjarane på Voss, og for Voss herad.	Bygningar og bygningsmiljø	Vestland fylkeskommune	2022
4	Heradet må ha ei aktiv rolle inn mot eigar av kulturminne og -landskap, og tilby rettleiing både i høve kulturminneforvaltinga og ulike finansieringsmoglegheiter.	Generelt	Voss herad, kultur	Ikkje tidfesta
5	Utarbeida formingsrettleiar for dei fire bustadområda på Vangen som er lagt inn i planen.	Bygningar og bygningsmiljø	Voss herad, med bistand frå arkitekt	2023
6	Oppdatera oppføringar i Askeladden	Bygningar og bygningsmiljø	Voss herad, kultur og landbruk	2022-
7	Utgreia moglegheita for etablering av digital formidling og vandringsAPP.	Generelt	Voss herad	2022/23
8	Samarbeida med skulane på Voss om lokale undervisningsopplegg knytt til kulturmiljø.	Generelt	Voss herad, kultur og oppvekst	2022
9	Kartlegging av eldre loft på Voss	Bygningar	Voss herad, i samarbeid med museet og frivillige	2024
10	Utarbeida plan for folkemusikk med særleg vekt på hardingfela i samarbeid med folkemusikkmiljøet på Voss.	Immateriell	Voss herad, Hardingfela.no, Ole Bull akademiet og Hardanger og Voss museum.	2023
11	Informasjonsbrosjyre om det verneverdige bygningsmiljøet på Evanger.	Bygningar og bygningsmiljø	Voss herad	2022
12	Ha fokus på vedlikehald av kulturlandskapet m.a. ved aktiv beiting og vedlikehald av innmarksbeite, (særskilt i sentrumsnære område). Utarbeida informasjon om tilskotsordningar og produksjon av skjøtselsplanar og oppfølging av desse.	Landbruk	Voss herad, landbruksavdeling	2022
13	Auka medvitet om- og informasjon/vilkår knytt til bakkeplanering/massehandtering og heilskap i landskapet.	Landbruk	Voss herad, landbruksavdeling	Ikkje tidfesta
14	Sikra god forvaltning av stølsområda i heradet og bruk av utmarksbeita. Vurdera tiltak for framhald av stølsdrift som driftsform.	Landbruk	Voss herad, landbruksavdeling	Ikkje tidfesta
12	Rullera handlingsplan	Alt	Voss herad, politisk handsaming	2024

18. LITTERATURLISTE

Asplan Viak (2018): DIVE-analyse for Vossavangen

Borgo, Helge (2006): Steinkvelvbruane på Teigdalsvegen, frå fjell til fjord.

Daugstad, Karoline (2006): Kvinners rolle i seterbruket før og nå. Notat nr 6/06, Norsk senter for bygdeforskning.

Fossane i Nærøydalen - Kulturhistorisk leksikon (fylkesarkivet.no)

Gald, Reidulf (2006) Byggeskikk og tunskipnad. Verneverdige bygningar på gardsbruk.

Gjerdåker, Johannes (2001): Stølar i Vossafjell. Voss Bygdeboknemd

Hardanger. Hardanger historielag årbok 2021. 113 årgang.

Helleve, Eirik m.fl (red.) (2021): Vandringar på Vangen. Ein kulturhistorisk vandreførar for Vossavangen og områda rundt. Bodoni forlag

Hjørnevik, Knut (2007): Postvegen gjennom bygda og litt meir. Frå fjell til fjord

Johansen, Anders, Losnedahl, Kari Gaarder og Ågotnes, Hans-Jakob (red.). (2002): *Tingenes tale, innspill til museologi.* Bergens Museums skrifter nr. 12, Universitet i Bergen.

Jacobsen, Harald og Jørn-R Follum (1997): Kulturminner og skogbruk. Skogbrukets kulturinstitutt.

Jernbaneverket (2015): Liste over fredete, vernede og verneverdige baner, miljøer og objekter i jernbanen.

Kirkeregisteret.no: www.niku.no

Knagenhjelm, Trude Knutzen: Fossane i Nærøydalen

Komissar, Mariann (2002): Kurositet, kunst eller artefakt?
Kommunedelplan for kulturminne i Voss 2004-2007, Voss kommune

Kommunedelplan for kulturminne 2000-2012. Ullensvang herad

Kulturminneplan, Granvin herad

Lindstøl, Tallak (1914**):** Stortinget og Statsraadet 1814-1914.

Lyngstad, Liv (2014): Skjøtselplan for Stalheim Landskapspark. NLR Hordaland

Lærum, Ole Didrik (2016) Bjørkeli: Frå pleieheim for tuberkuløse til psykiatrisk sjukehus. Gamalt frå Voss 2016.

NVE, heimeside: Terskel i utløpet av Vangsvatnet - NVE

Olsen, Svein Magne, Bruer og bybygging i Rogaland.

Voss kommune (2016): Minnesmerke i Voss kommune

www.askeladden.ra.no

www.digitalmuseum.no

www.naroyfjorden.no/verdsarv

www.grind.no

www.kulturminnesok.no

www.snl.no; store norske leksikon

Riksantikvaren: Veileder. Kulturminner i kommunen. Kulturminneplaner.

Rognebakke, Sigbjørn. Voss sogelag

Rye, Noralf (1977): Sogebok for Granvin, Ulvik og Eidfjord, Bind I, red. Olav Kolltveit. Granvin, Ulvik og Eidfjord Bygdeboknemnd

Seim,Torbjørn (2015): Stølane i Granvin.

Seim, Torbjørn (2015): Gamle hus og husmannsplassar i Granvin

Stiftinga for Bergliminne (2014): Kunstnarheimar på Voss

Stubseid, Gunnar: «Sigbjørn Bernhoft Osa. Spelemannen. Slåttane. Sogene. Samtida»